

## **Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL), område Lærdal, Sogn og Fjordane**

### **Del 3: Lokalitetar**



**Leif Hauge og Ingvild Austad  
HVL 2019**



Leif Hauge og Ingvild Austad

Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL),  
område Lærdal, Sogn og Fjordane

Del 3: Lokalitetar

Leif Hauge og Ingvild Austad,  
Høgskulen på Vestlandet,  
Institutt for miljø og naturvitskap,  
Campus Sogndal, Røyrgata 6, NO-6851 Sogndal.  
ingvild.austad@hvl.no og leif.hauge@hvl.no



## Føreord

Sogn og Fjordane er eit fylke der natur- og kulturtilhøva har medverka til å oppretthalde tradisjonelle driftsformer i jordbruket. Samstundes er det eit fylke som er særleg rikt på verdfulle bygningsmiljø og einskildbygningar. I fylket finst det framleis eldre kulturlandskap med spesielle verdiar knytte til seg. Nokre avspeglar landbruks- og kulturhistorie, andre er verdifulle leveområde for planter og dyr. Kulturlandskapet er og ettertrakta opplevings- og turområde velegna til friluftsliv. I tillegg er kulturlandskapsområde som avspeglar autentisk kulturhistorie ofte attraktive reiselivsmål.

I juni 2018 vart «midtre Lærdal» utpeika som «nasjonalt utvald kulturlandskap i jordbruket» (UKL). Namnet er seinare justert til UKL Lærdal. Denne ordninga er ei oppfølging av nasjonale mål om å ivareta variasjonen innan det tradisjonelle kulturlandskapet. Satsinga er basert på frivillige avtalar mellom staten og grunneigarane. Totalt er det no 46 slike UKL område i landet. Fleire kulturmarker (slåttemarker, naturbeitemarker og haustingsskog) i Lærdal er klassifiserte med verdien A (svært høg verdi) og er ein del av ordninga «Utvalde naturtypar». I følge Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet, skal dei utvalde kulturlandskapa vere «kulturlandskapsmykke». Områda er sikra midlar som kjem gardbrukarane og andre som medverkar til å ta vare på kulturlandskapsverdiane området til gode. Det skal utarbeidast skjøtselsplanar for aktuelle kulturmarker. Kulturlandskap med lang kontinuitet og stor artsrikdom er framleis viktige i Lærdal. I bygda ligg også mange freda bygg og fleire stadar finn ein tradisjonell bygningsmasse som er lite forstyrra av moderne inngrep.

Denne rapporten er del 3 i ein serie på tre delar om UKL Lærdal. Del 1 omhandlar nokre sentrale kulturhistoriske utviklingstrekk for kulturlandskapet i Lærdal. Målsetjinga med denne delen er å gje eit bakteppe for utviklinga av kulturlandskapet og kulturmiljøet i Lærdal.

Del 2 i presenterer dei vanlegaste kulturmarkstypane/naturtypane i Lærdal med detaljert omtale av typane: 1) open slåtteeeng, slåttemark og lauveng, 2) artsrike vegkantar, 3) fuktenger, 4) open naturbeitemark, 5) lauvenger, 6) hagemarker, 7) haustingsskogar, a) navskogar inkl. risingsskog og b) snelskogar. Kvar kulturmarkstype er presentert med omtale av visuelle karaktertrekk, bruk og historie, økologi, biologisk mangfald, typar, utbreiing og lokalisering, utvikling og trugslar og konkrete skjøtselstiltak. I tillegg blir det gitt konkrete skjøtselråd for ulike kulturmarkstypar.

Del 3 (denne rapporten) fokuserer på skildring av konkrete delområde. Her blir representativitet vektlagt, og ein prøver å synleggjere variasjonsbreidda av kulturlandskap i Lærdal gjennom konkrete eksempelområde. I tillegg blir andre viktige kulturlandskap i dei konkrete kjerneområda presenterte, område som i dag ligg inne i Naturbase.

Bakgrunns materialet er utarbeidd på oppdrag frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane/ landbruksavdelinga ved seniorrådgjevar Trude K. Knagenhjelm og i nært samarbeid med Lærdal kommune ved landbrukssjef i Lærdal, Årdal og Aurland, Magnhild Aspevik.

Sogndal/Leikanger, 04.12.2019

Leif Hauge og Ingvild Austad



# Innhald

Føreord	5
<b>1. Innleiing</b>	<b>9</b>
1.1 Lærdal som utvald kulturlandskap (UKL Lærdal)	9
1.2 Føremål med lokalitetsomtalar i denne delrapporten	9
1.3 UKL-området	10
1.4 Dagens kulturlandskap i Lærdal	11
1.5 Informasjon om natur- og kulturminne	12
<b>2. Lokalitetar i Lærdal</b>	<b>13</b>
2.1 Ofta og stølsvegen til Oftedalsstølen	15
2.2 Hauge	21
2.3 Haugane, Molde	27
2.4 Moldabakkane med Bakkegarden	33
2.5 Raunane	40
2.6 Halabrekka	44
2.7 Fosseteigen	53
2.8 Mo	58
2.9 Rå	62
2.10 Stuvane med Sloane	69
2.11 Vatningsveitene Ljøsnaveiti, Undebakkeveiti og Semløyveiti	76
2.12 Saue	82
2.13 Hønjum med Hønjahagane	88
2.14 Kongevegen Seltun – Sjurhaugen	95
2.15 Seltøyne/Fjellheim	99
2.16 Galdane	103
2.17 Glorhelleren og Bruknappen	108
2.18 Nese	113
2.19 Nevlo	118
2.20 Tråve med Sverrestigen	123
2.21 Sprakehaugen	128
2.22 Eråksgrandane	132
2.23 Borlaug med Borloshagen og Borlo bygdatun	139
<b>3. Supplerande lokalitetar i Lærdal</b>	<b>143</b>
<b>4. Oppsummering og prioriteringar</b>	<b>148</b>
<b>5. Referansar</b>	<b>151</b>
<b>Vedlegg: Artsliste med norske og latinske namn</b>	<b>155</b>





# 1. Innleiing

## 1.1 Lærdal som utvald kulturlandskap (UKL Lærdal)

Nasjonalt utvalde kulturlandskap i jordbruket er eit utval av dei mest verdifulle kulturlandskapa i Norge. Områda er valt ut av di dei har store biologiske og kulturhistoriske verdiar. Lærdal vart nasjonalt utvald kulturlandskap i juni 2018. Grunngevinga frå departementa var då slik:

Det utvalde området omfattar delar av dalbotnen i Lærdal, fleire grender, ei rekkje kulturminne og biologisk verdifulle område. Borlaug, Borgund-Seltun, Stuvane-Rå, munningen av Tynjadalen og Ofta-Hauge-Molde utgjer dei fem kjerneområda. På gardane i dalføret driv dei aktivt og moderne jordbruk.

Ferdselshistorie og jordbruksstrukturar med eit tidsspenn frå yngre steinalder/bronsealder til notid utgjer to raude trådar i dette heilskaplege kulturlandskapet. Dalføret vart tidleg teke i bruk av folk, og har spor etter jordbruksdrift tilbake til yngre bronsealder. Det finst eit rikt tilfang av foto frå pionerfotografane, dei som byrja interessere seg for det vestnorske landskapet samtidig som utanlandske turistar byrja kome til desse områda (fjellvandring, klatring og laksefiske).

Ulike kulturmarker og kulturmiljø gjev området det regionale særpreget som er typisk for indre dalar på Vestlandet. Her finst tradisjonsrike gardsmiljø og lokalitetar med særleg biologisk og kulturhistorisk verdi side om side med moderne bygningsmiljø og infrastruktur. Gamle vegsystem fortel om mykje ferdsel. Spesielt kjent er kongevegen/historiske vegar, med Vindhellavegen og dei omfattande systema av vatningsveiter i dalføret. Borgund stavkyrkje ligg og i området.

I heile dalføret finst slåttemarker, naturbeitemarker, hagemarker, haustingsskog og artsrike vegkantar. Her finst eit stort artsmangfald med innslag av sjeldne og sårbare artar, og mange funn av sjeldne og raudlista artar av lav, sopp og insekt. Fleire naturbeitemarker og slåttemarker har truleg svært høg alder.

Dalen har gode lokalklimatiske forhold. Saman med lett driven sandjord er dette gunstig for moderne jordbruksdrift. Her er og store utmarksområde med gode beite for husdyr. Det vert drive med sau, geit, storfe, mink, honningbier, alpakka og gris. Det finst også ein hjortefarm i området, og det vert i dag satsa innfor grøntnæringa. Lærdalselvi er vidt kjent for det gode laksefisket. Området er elles mykje nytta som ekskursjonsområde for undervisningsinstitusjonar.

Landskapet og kjerneområda er lett tilgjengeleg som reisemål sidan hovudvegane mellom Vestlandet og Austlandet går gjennom dalføret.

## 1.2 Føremål med lokalitetsomtalar i denne delrapporten


Lærdalsdalføret har eit rikt og variert kulturmiljø tilpassa det lukka dalrommet med relativt flat dalbotn med ei aktiv hovudelv omkransa av bratte fjellsider. Terrengformene har gjort at det er relativt avgrensa høve til oppdyrking av nytt jordbruksland og at moderniseringa av jordbruket også må skje innanfor desse rāmene. Randsona mellom innmarka og fjellsidene var tidlegare viktige produksjonsareal. Her låg gjerne små husmannsplassar med sitt teigdelte kulturlandskap. I dag er det her ein nettopp finn mange større og mindre restar etter dette småskala kulturlandskapet.

Tradisjonelt og moderne jordbruk ligg tett på kvarandre. Det moderne jordbruket med åkrar, kulturer, slåtteenger, kulturbeitemarkar og frukthagar finn ein i dalbotnen, medan spora etter det historiske jordbruket helst finst langs bergfoten i overgangen mellom dalbotn og dei bratte fjellssidene.


Det er krevjande å utarbeide ei oversikt og skildring av alle verdifulle kulturlandskapslokalitetar i Lærdal, Ljøsne og Borgund. Såleis har ein i dette arbeidet gjort eit utval av gode eksempellokaltetar for kulturlandskap innanfor kvart av dei 5 kjerneområda. Områda er skildra gjennom desse underpunkta: 1) naturtype, 2) lokalisering og naturgrunnlag, 3) historisk bakgrunn, 4) naturtypar og biologisk mangfald, 5) kulturhistoriske verdiar, 6) dagens bruk og tilstand og 7) vurdering.

### 1.3 UKL-området

Dalbotnen i Lærdal ligg i landskapsregion 23, indre bygder på vestlandet, underregion 23-7 i nasjonalt referansesystem for landskap (Puschmann 2005). Det som karakteriserer denne regionen er det dramatiske fjord og dal-landskapet med relativt flat dalbotn og bratte og steile fjellsider med eit høg fjellsplatå på kring 1500 m. Underregionen har sin særegne landskapskarakter basert på samansetjinga av seks grunnleggjande landskapskomponentar; hovudforma til landskapet, småformer i landskapet, vatn og vassdrag, vegetasjon, jordbruksmark med busetnad og tekniske anlegg (figur 1).



Figur 1. UKL-området Midtre Lærdal. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 2. Kjerneområde for matproduksjon i Lærdal. Kartkjelde: Fylkesatlas.

#### 1.4 Dagens kulturlandskap i Lærdal

Det er viktig å understreke at dette arbeidet med utval og omtalar av lokalitetar fokuserer på naturtypar og kulturmiljø knytte til det tradisjonelle (historiske) kulturlandskapet. Det omfattar i liten grad variasjonsbreidda i det moderne kulturlandskapet sjølv om dette er viktig for å forstå utviklingstrekk og det karakteristiske for lærdalsjordbruket i dag.

Kulturlandskapet i Lærdal har ein mosaikk av kulturar som ein knapt finn andre stadar. Her er høvesvis mykje åkerland med tidleg våronn med dyrking under plast/agryl, utvikling av kulturar med kål, gulrøter, poteter, korn, bringebær og jordbær med ulike uttrykk gjennom vekstfase, blomstring og hausting. Grøntareala med grasfôrproduksjon er mindre typiske enn for andre bygder på Vestlandet (figur 2).

Spesielt er også utviklinga i bær og fruktdyrking med bruk og utvikling av teknologi og nye dyrkingmetodar som m.a. inkluderer dyrkingstunnelar og bruk av plast i ulike utviklingsfasar. Dei fleste bær- og fruktbøndene har moderne og effektive anlegg. Forsøk med nye kulturvekstrar som tindved og aprikos viser også initiativ og forsøk på å utvide mogelegheitene for matproduksjon i Lærdal.

Vatningsvogner er svært synlege og karakteristiske i dalføret gjennom heile vekstsesongen frå april til september.

Husdyrhald med sau er framleis viktig for mange bønder i Lærdal. Sauene er eit tydeleg visuelt innslag i kulturlandskapet, spesielt vår og haust. Mykje av innmarksareala, naturbeitemarkene og hagemarkene blir beita fram til slutten av mai. Etter sankinga frå midten av september går sauene på innmarka til ut i oktober.

Alle desse elementa frå både det tradisjonelle og moderne kulturlandskapet er lett synlege frå gjennomfartsvegane. Ei reise gjennom Lærdal gjev vekslende inntrykk året rundt, opplevingane blir ennå større om ein stoppar opp og tek sykkelurar eller gåturar gjennom dette varierte kulturlandskapet. Lærdal kan opplevast som eit landskap som på mange måtar kan samanliknast med det ein finn på sørlege breiddegrader.

## **1.5 Informasjon om natur- og kulturminne**

Ved effektiv forvaltning av natur er det viktig med tilgang på oppdatert kunnskap. I Norge har ein dei siste tiåra arbeidd mykje for å få på plass sentrale verktøy for ein effektiv naturforvaltning. I dag er stadig meir av denne informasjonen digital og tilrettelagt gjennom databasar på internett. Opprettinga av Artsdatabanken er eit nasjonalt grep for å få tilgang til oppdatert kunnskap om norsk natur (artsdatabanken.no). Artsdatabanken har m.a. koordinert utviklinga av det nye klassifikasjonssystemet for all norsk natur, Natur i Norge (NiN). NiN er eit type og beskrivelsesystem som omfattar all naturvariasjon frå storskala landskapstypar til små livsmedium. Under «Artskart» får ein oppdatert informasjon om utbreiinga til norske artar og kva artar som er funne innanfor geografiske område, ein kommune eller fylke. Artsdatabanken har også ansvar for «Raudlista for artar», ei oversikt over artar som har risiko for å døy ut i Norge. «Raudlista for naturtypar» har oversikt over kva naturtypar (etter NiN) som har risiko for å gå tapt. Fremmedartslista viser kva risiko framande artar kan utgjere for naturmangfaldet i Norge (økologisk risiko).


Naturbase er ein søkbar database for natur- og friluftsområde i Norge drifta av Miljødirektoratet (www.miljødirektoratet.no). Den gjev oppdatert informasjon om verneområde i Norge og område som er føreslått verna etter naturmangfaldlova og viltlova. Vidare er det oversikt over naturtypar og artar som er viktige for å oppretthalde mangfaldet i naturen. Det er og oversikt over artar som er viktige for jakt og annan hausting. Her finn ein også oversikt over viktige kulturlandskap med biologiske og kulturhistoriske verdiar, og ein kan også søkje på friluftsområde som er sikra for ålmenta.

Fylkesatlas for Sogn og Fjordane er ei kartteneste der Fylkesarkivet har lagt inn lenkjer til kartreferansar som er kartfesta slike som t.d. generelle fylkesfakta, kulturhistorie, kulturminne, landbruk, landskap og viktige naturområde og artar (www.fylkesatlas.no). Her kan ein få opp kartfesta informasjon om informasjon i andre databasar, m.a. om raudlista artar frå Artsdatabanken.

Askeladden er Riksantikvaren sin offisielle database over freda kulturminne og kulturmiljø i Norge (www.riksantikvaren.no). Den inneheld data om kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan og bygningslova, eller kulturminnefagleg vurdert som verneverdige. Medan Askeladden er ei innloggingsteneste er Kulturminnesøk ei open teneste som byggjer på Askeladden, der det ikkje er naudsynt med brukarnamn og passord.

## 2. Lokalitetar i Lærdal

Målsetjinga med samanstillinga i delrapport 3 er å gje eksempel på lokalitetar med typisk eller særmerkt kulturlandskap. Sidan utbreiinga til UKL Lærdal er ganske stort, vil det bli altfor omfattande å omtale alle områda som kan inngå i denne ordninga. I det fylgjande har vi derfor presentert eit utval av område som har bestemte kvaliteter og som kan fungere som eksempelområde for tiltak (figur 3), men også tiltak utanfor desse områda kan det søkjast om som ein del av ordninga.



1	Ofta og stølsvegen til Oftedalen	13	Hønjum med Hønjahagane
2	Hauge	14	Kongevegen
3	Haugane, Molde	15	Seltøyni/Fjellheim
4	Moldabakkane (med Bakkegarden)	16	Galdane
5	Raunane	17	Glorhelleren og Bruknappen
6	Halabrekka	18	Nese
7	Fosseteigen	19	Nevlo
8	Mo	20	Tråve og Sverrestigen
9	Rå	21	Sprakehaugen
10	Stuvane	22	Eråksgrandane
11	Vatningsveitene Ljøsnaveiti, Undebakkeveiti og Semløyveiti	23	Borlo
12	Saue		

Figur 3. Lokalisering av dei ulike modellområde som er omtala.


Heilt avgjerande for å ta vare på eit innhaldsrikt kulturlandskap er engasjementet til den enskilde grunneigaren. Utan interesserte bønder (og husdyra deira) blir ikkje UKL-ordninga eit velfungerande tiltak!

Denne oversikta gjev berre oversikt over ulike kvalitetar til eksempelområde i Lærdal. Når det gjeld skjøtselstiltak viser vi til delrapport 2.


Utarbeiding av ein detaljert skjøtels- og restaureringsplan for konkrete delområde er naudsynleg før større tiltak blir gjennomførde. For nokre område, spesielt for utvalde naturtypar og for Galdane, er det alt utarbeidd enkle skjøtelsplanar.

Namnsetjing på gardar og lokalitetar har vore ei utfordring i dette arbeidet. Det blir nytta ulike namn i ulikt kjeldemateriale som bygdebøker og på kart. Dessutan påverkar talemålet stadnamn slik at det av og til skil seg frå skrivne kjelder og ikkje alltid er dei gramatiske formene konsekvent gjennomførte. I utgangspunktet er det her nytta namn frå kart, spesielt frå Fylkesatlas der også dei ulike kartutsnitta er henta frå. I Fylkesatlas er det også eit ekstra kartlag for lokale stadnamn som nokre gonger er nytta i namnsetjinga. Det er ikkje gjennomført «høyring» på stadnamna nytta i denne rapporten slik at dei nok kan vere ein variant av dei offisielle namna.

## 2.1 Lokalitet: Ofta, stølsvegen til Oftedalstølen og Liastølen.



Figur 4. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkilde: Fylkesatlas.



Figur 5. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkilde: Fylkesatlas.

## 1. Naturtype

Naturbeitemark og hagemark. Tilleggsnaturtype: Stølsområde.

## 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Området ligg på austsida av elva Ofta og grensar til bustadområdet Ofta aust (figur 4 og 5). Hagemarka strekkjer seg oppover lisida langs eit bergframspring som tydeleg skjer ned i elvegjelet ved Ofta. Stølsvegen svingar seg oppover denne ryggen og flatar ut på nokre små terrasseflater; nedre og øvre Vangen. Stølsvegen går vidare gjennom bratt terreng opp mot fjellet og stølane her.

Berggrunnen er hovudsakleg bygd opp av granittiske grunnfjellsbergartar (kvartsmonzonitt) som gjev heller lite og næringsfattige lausmassar. Men her er ein del skredmateriale, som spesielt i nedre delar er avsett i flauamar og fuktige jordskred (jorvejord). Det er også bygd opp nokre grusterrassar i lisida, elles er det mykje berg i dagen og gjennomgåande tunt organisk dekke. Utanom elva Ofta er det ingen bekkefar her og området er gjennomgåande turkeutsett.

## 3. Historisk bakgrunn

Stølsvegen har vore nytta av bruka på Hunderi, Hauge og Molde gjennom mange hundre år. Den er vedlikehalden av brukarane sjølve. Kwart år etter våronna var det ein fast dugnadsdag for stølsvegane med oppmuring av stien, opparbeiding av stegsteinar og galdar, førebygging med stengslar og risgjerde og vedlikehald av bru over elva. Ved startpunktet til stølsvegen er det etablert eit gjerdesystem for å hegne og skilje saueflokkane om hausten.

Området vert framleis mykje nytta som beiteområde for husdyr, etterkvart vesentleg til sau. Vanlegvis vert sauene køyrt fram til grindssystemet mot stølsvegen med traktor og tilhengar. Buføringa skjer så snart det grønkast oppover i lia og i fjellbeita, vanlegvis tidleg i juni. Eit mål på når fjellbeita har gode nok beitetilhøve er tidspunktet når trea i fjellskora «nedre Breiskor» får grønt lauv.

Vegen er i dag ein av dei meir populære turvegane i nedre delar av Lærdal m.a. med oppsetjing av trimpostar. Det blir årvisst også arrangert eit motbakkeløp for born frå nedre til øvre Vangen, «Vangane opp». I 2018 vart denne stien som fører til utsiktspunktet «Torsteinen» ca. 1150 moh. med i karinga av landets vakraste tursti og enda opp mellom dei ti mest populære. Torsteinen blir marknadsført som «ei lokal utgåve av Trolltunga». Stien er merkt som turveg med informasjonstavle ved utgangspunktet og også med skilting undervegs. Også stien vidare frå Oftedalen mot Småvotni, Horndalen, Jutlamannen og Saue og er no T-merka som turveg. Denne stien er også nytta av fiskarar i fjellvatna.

Fram til 1970-talet var det også mykje nytta naturbeitemarker med karakteristiske steinopplegg kring nedre delar av Ofta. Men dette er no lagt ut til bustadføremål og har mista dei fleste av kulturlandskapselementa. Dette området ligg solrikt til, og like inntil bustadfeltet ligg viktige jordbruksområde, m.a. med frukthagar. Nyleg vart det her etablert ein frukthage med utplanting av fleire tusen epletre.

Oftedalsstølen ligg på kring 780 moh., noko nedanfor skogsgrensa (figur 6). Her er fleire gamle og nye sel. Dei eldste sela er dei karakteristiske toroms med skot og sel, lafta byggverk på grunnmurar av gråstein og med torvtak. Mange tak er utbetra med bølgeblekk. Spesielt på Øvrestølen er mange av sela transportert opp med helikopter på 1980-talet og er gjerne i ein annan byggjestil enn dei tradisjonelle sela.





Figur 6. Oftedalsstølen er ein svært gammel støl. Den har innslag av både tradisjonelle sel og meir moderne sel/fritidshytter.

#### 4. Naturtypar og biologisk mangfald

Naturbeitemark og hagemark hovudsakleg bygd opp av einer (sprake) og bjørk er dei mest førekomande kulturmarkstypene. Eineren har ulike utformingar etter grunntilhøva. Ofte står store søyleforma eksemplar der det er opparbeid noko organisk dekke som t.d. på øvre Vangen (figur 7). På hamrar og berg veks meir buskforma og krypende variantar. Tidlegare vart nok desse einerane kultiverte med oppstamming av rettvaksne eksemplar som ein då kunne nytte både til gjerdestaur, stolpar og hesjastaur (Austad & Hauge 1990). Denne kultiveringa har nok ikkje føregått i noko særleg grad etter siste krig, og ein opplever ganske omfattande attgroing av hagemarka. Der det tidlegare var open naturbeitemark og framkomeleg for husdyr, er det i dag eitt tett, og mange stader nesten ugjennomtrengelig kratt. Saman med einer veks også nyperose, eller klunger, som gjer det enno meir strabasiøst å ta seg fram gjennom området. Høgreiste og slanke einerar kan ein likevel finne fleire stader. Men når einerane blir utsette for tung snø har dei ein tendens til å sprekkje opp i toppen og blir etter nokre år brotne ned.

I hagemarka står også ein del store bjørker der dei aller fleste har spor etter tidlegare lauvsank. Dei største samlingane står i bratthellinga ned mot elva Ofta, men førekjem elles spreidde i området. Bjørkene har nok ikkje vore lauva etter siste krig og ber preg av å vere storvaksne og etter kvart gjerne med noko greinbrekk. Bjørkene har eit heller djuptgåande rotsystem og kan hente opp vatn frå meir vasshaldige jordlag.

Feltsjiktet i hagemarka er gjennomgåande lågtytande med kortvaksne og turketålende urter, gras, mosar og lav. Vanlege artar er engkvein, gulaks, krypkvein, raudsvingel, sauesvingel, gulmaure, ryllik, markjordbær, gjeldkarve, blåklokke, hårsveve, følblom og engtjørebloom. Vanlege mosar er etasjemose og furumose. I litt friskare skørrer er det litt frodigare vegetasjon, gjerne med hundegras, røyrvkvein, skogkløver og kvitkløver.



Figur 7. Naturbeitemark med søyleforma einer på Øvre Vangen.

Vegetasjonen i stølsområda syner ein typisk sonering som ein finn i subalpine bjørkeskogar. Stølsvollen har ei tett grasmatte påverka av beite og trakk. Vanlege artar er sølvbunke, tunrapp, engrapp, engkvein, gulaks, fjelltimotei, og raudsvingel. Urtene er gjennomgåande lågvaksne og krypande som krypsoleie, kvitkløver og engmarikåpe. Tette samlingar med dei næringskrevjande og nitrofile artane brennenesle og tyrihjelm inngår også på stølsvollen. Langs stiar og opphaldsstadar veks tunrapp, vassarve og gjetartaske (Hauge & Austad 1989, Austad et al. 1993).

Naturbase: I Naturbase er det registrert eit hagemarksområde «Ofta» med utbreiing på begge sider av elvegjelet (BN00017528). Hagemarkstypene einerhage og bjørkehage utgjer dei største areala. Også dei gode tørrbergsutformingane vert påpeika. Det er ikkje oppført førekomst av spesielle raudlista artar for lokaliteten (Bøthun 2003).

## 5. Kulturhistoriske verdiar

Stølvegen er det sentrale elementet gjennom hagemarka. Den har mest truleg vore nytta i hundrevis av år både til buføring av kyr, kalvar, sauer, geiter og grisar. Hestar har nok også frakta mang ei tung kløv både oppover og nedover denne stien.

Vegen fylgjer terrenget og er stort sett opparbeidd i slynger oppover fjellsida (figur 8). Den er rydda og opparbeidd gjennom steinurer, som t.d. i Vangsuri og Svinakleivi. Her er det lagt opp stein på begge sider slik at stien går i ei steinrenne eller «gote». På brattare parti er det lagt opp steg, her og der også små steintrappesystem. Og mange stader er galdane viktige for å gjere det lettare å ta seg fram over større og mindre svaberg. I svingar og i parti der det er «luftig», er det gjerne bygd opp eit trekkverk og også enkle stengsel med tjukk ståltråd.



Figur 8. Stølsvegen til Oftedalsstølen og Liastølen blir mykje nytta til både buføring og som turveg.

Fleire av stadnamna vitnar om gamal utmarksbruk: «Vangane» er eit eldgamalt namn på grasrik beiteslette, «Løberg» peikar på slåtteteigar med høylagring, «Stakkstø» om oppføringsstad for lauv- eller høystakk og «Grindi» i skiljet mellom utmark og fjellområde. «Ilagsgjel» kan knytast opp til nemningar på tidlegare små inngjerdingar og stengsel for husdyr. Namnet «Svinakleivi» fortel om tidlegare buføring av gris. «Likhella» er eit typisk stadnamn langs stølsvegar. Her kan det knytast opp til ei konkret hending der ein person vart drepen av steinsprang. Eit nyare namn er «Maskinfestet» som høyrer saman med opparbeiding av løypestreng.

På nedre Vangen var det ein vete med vetestove for å varsle om ufred og på øvre Vangen eit «steinalter» som er sett i samband med tradisjonelt solrituale. Dette er eitt av få område i hovuddalføret der sola skin heile året rundt. Herifrå er det også godt utsyn over det meste av nedre delar av Lærdal.

Askeladden: I Askeladden ligg det ikkje inne registreringar av automatisk ferda kulturminne i området.

### 7. Dagens bruk og tilstand

Ofta er eit mykje nytta område til både næringsverksemd og friluftsliv. Stølsvegen har truleg gått her i hundrevis av år. Naturtypene har tilpassa seg langvarig beite- og utmarksbruk. Trea viser til maksimal utnytting av naturressursane på den heller lågproduktive grunnen.

Stien har heller liten stigning, stort sett med trakk og høgdeforskjellar som passar dei fleste turgåarar. Her er fleire naturlege mål og også plassar å ta pause. Det er også mange gode utsikts- og fotopunkt som øvre Vangen, Løberghaugen og ikkje minst ved Torstein.


## **8. Vurdering**

Stien er representativ for stølsveggar i nedre delar av Lærdal. Den har stor verdi for både næringsverksemd og friluftsliv.

Med så pass sentrumsnær lokalisering og då dette er ein mykje nytta sti, kan den ha godt av ein opprusting. Det er grunneigarar og brukarar som har fyrsterett til bruk av stien. Vanlege turgåarar må ta omsyn til bruken, som t.d. i periodar med buføring. Det er viktig å utarbeide greie reglar for bruken av stien og også ei fordeling av konkrete utgifter og dugnadsinnsats.

Oftedalsstølen er ein typisk fjellstøl for Lærdal med lange historiske røter. Bygningsmiljøet er ikkje heilskapleg, men samansett av bygningar frå ulike tidsperiodar. Stølsområdet er eit mykje nytta friluftsområde både for grunneigarar, lærdøler og tilreisande. Merking av ulike turar og til utsiktspunkt vil venteleg auke ferdsla på stinettet i området.

## 2.2 Lokalitet: Hauge



Figur 9. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 10. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkjelde: Fylkesatlas.

## 1. Naturtype

Naturbeitemark og hagemark (einerhage) med ulike kulturminne.

## 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Naturbeitemarka er utvikla på nedre delar av ei skredvifte aust for fylkesveg 271 Lunde – Stødno (figur 9 og 10). Skredvifta er relativt slakk i dei nedre delane, men blir stadig brattare oppover langs fjellsida og utspringet mot Haugsgjel. I nedre delar er jorddekket relativt godt utforma med samanhengjande areal med grasdominert beitemark. Oppover i raskjegla blir innslaget av ur og større steinar stadig større; her er det hagemarksstruktur med gamle bjørker og einer som dominerer (Hauge & Austad 1989).

Rasmateriale frå Haugsgjelet har gjennom fleire tusen år bygd opp vifta oppå eldre elveavsetjingar. Det eldste materialet finst naturleg nok lengst inn mot fjellet, medan det yngste materialet ligg lengst ut mot elva.

Det kan nok vere at mykje av lausmassane frå Haugsgjelet har rasa utfor like etter siste istid, men dei ytre delane av skredvifta ligg i alle fall oppå mektige lag med elvesediment. Grovt reknar ein at kring 90 dekar med dyrkbar jord er dekkja med skredjord frå Haugsgjelet.

## 3. Historisk bakgrunn

Busetjinga på Hauge er vesentleg yngre enn t.d. på Ljøsne. Ei skiftande elv gjorde fast busetjing vanskeleg til langt inn i moderne tidsrekning. Fagfolka meiner at ein fyrst kring 300 år e. Kr. fekk gardsetablering i nedre delar av Lærdal, men området kring Haugsbakken kunne nok vere ei eigna hamn for dei fyrste lærdølene.

Det er gjort fleire forhistoriske funn frå Hauge. Arkeologar har registrert to gravhaugar på Haugsbakken og ved den gamle kyrkjegarden som inneheldt både manns- og kvinnegraver. Det er gjort funn av ei øks like sør for tunet på Hauge. Funna er ikkje registrerte i Askeladden.

Mange har spekulert på om det har vore ein gamal offerstad ved kyrkjegarden. Nokre kjelder har også skildra ein steinsirkel som kunne utgjere restane etter den gamle offerstaden som mest truleg kunne ha vore opparbeidd kring år 500 e. Kr. Sjølv om ein i dag berre kan ane ein slik formasjon, er det likevel svært truleg at det har vore eit hov her som i sin tur har gitt opphavet til stadnamnet Hauge. Kyrkjer vart ofte reiste like i nærleiken av slike gamle heilage samlingsstadar. Den mektige steingarden kring kyrkjegarden vart i det vesentlege oppført gjennom dugnadsarbeid kring år 1771. Sjølv om området er steinrikt, er det ikkje utenkjeleg at steinopplegg og eventuelle restar frå den gamle hovkonstruksjonen gjekk med i bygginga av den nye kyrkjegardsmuren og viska ut konturane frå offerstaden.

Om gardshistoria bakover i hundreåra har ein få handfaste haldepunkt. I sagalitteraturen blir det nemnt fleire storbønder i nedre Lærdal, Skegjar Hauge er ein av desse. Han skal vere gravlagd i "Skegjarshaugen" (Laberg 1938).

Den gamle stavkyrkja på Hauge vart truleg reist på 1200-talet. Denne veit ein lite om bortsett frå funnet av ein 3 m lang og 30 cm tjukk stolpe som stamma frå den eldste kyrkja. I 1649 vart det bygt ei lita tjørebreidd kyrkje med raudt pannesteinstak på tuftene. Inventaret i middelalderstil kom hovudsakleg frå den gamle stavkyrkja. Arkitekt Johan Lindstrøm skriv om den gamle kyrkja på Hauge (Lindstrøm 1946): *"Var kirken uanselig av ytre, tok den det igjen innvendig. Gjennom det lille våpenhus med benker for inngangskoner kom en inn i det lille skip. Dagslyset falt sparsomt innover de malte tømmervegger fra de små blyinnfattede vinduer. Bjelkene i taket hadde malte bibelspråk på annenhver bjelke, svarte bokstaver på hvit*


*bunn. På bordene mellom disse var det malt engler, ranker, stjerner og måner. Prekestolen var opprutet og umalt. For hver stol var det dører, helt frem til kordørene. Over denne var det malt «Alt Kiød er som Hø og som Blomsterne skal aftørres paa Marken»*

Denne kyrkja tente som hovudkyrkje for Lærdal i meir enn 200 år. Jordstykket "Dokki" framom Haugsbakken fungerte som hamn for hestane til kyrkjegjestene under preika. Det var stadige vanskar med å halde vegane til kyrkja i farbar stand, spesielt var Skjærsbrua utsett for flaumskader. På denne tida var det ikkje vegsamband til Lærdalsøyri forbi Hunderi og Ofta. I 1851 vart det vedteke ei lov som sa at kyrkjene skulle vere så store at dei skulle ha plass til minst 1/3 av folketalet i soknet. Gamle Hauge kyrkje stetta på langt nær dette kravet. Ei ny kyrkje stod ferdig på Øyri i 1868. Den gamle kyrkja på Hauge vart riven i 1870 og delvis nytta i oppføringa av låve og stabbur på garden Øye. Kyrkjeportalen stod derimot heilt til den blas ned på 1940-talet. Steinmuren kring kyrkjegarden står framleis (figur 11).

#### **4. Naturtypar og biologisk mangfald**

Gamle, omfangsrrike bjørker har ei form som avspeglar styving og lauv- og rissank. Løypestrenger vart monterte på slutten av 1800-talet og førte frå utmarksteigane i 6-700 meters høgd og ned "på flata". Ein rest av den lange løypestrengen på Færestad vart oppført på Hauge i 1960-åra og nytta til å løype ned ved.

Einer (sprake) er det etterkvart mykje av på raskjegla. Sjølv om spraken for det meste har vakse til etter krigen, har rette sprakestaurar alltid vore skatta på Hauge. Sprake er svært motstandsdyktig mot råte, og var eit viktig produkt til stolpar og staur. Så seint som på 1960-talet vart det oppsett mange hundre meter lange gjerde med sprakestaur på Haugsbakken og langs den nye vegen.



*Figur 11. Den gamle kyrkjegarden på Hauge frå kring 1771 vart restaurert i 2015.*

Naturbeitemarka og hagemarka har eit grasdominert, med stadvis også urterikt feltsjikt (figur 12). Dominansen av artar er noko avhengig av nedbeitinga frå år til år, og ikkje minst nedbørmengdene i vekstsesongen. Generelt er feltsjiktet lågvaksne med artar som engkvein, gulaks, engrapp, hårfrytle og engfrytle. Ryllik, blåklokke, grasstjerneblom, engsyre, kvitkløver, marikåpe, blåkoll og gulmaure er dei vanlegaste urtene. Mot turrare gradient er gjerne innslaget av sauesvingel, markjordbær, legeveronika, fjellmarikåpe, vanleg arve og blåkoll aukande.

Det er utført nokre undersøkingar av beitemarkssopp i naturbeitemarka. I 1995 vart det gjort funn av 9 ulike artar, 7 ulike typar av vokssopp, ein skivesopp og ein kragesopp (Jordal & Gaarder 1995). I 2010 vart det registrert artar som melrøds-skivesopp (VU), lutvokssopp (NT), beiterøds-skivesopp, skjør vokssopp, mønjevokssopp, kjeglevokssopp, seig vokssopp, engvokssopp og honningvokssopp (Naturbase).

Naturbase: Hagemarka på Haugsbakken (BN00017543) er i naturbase omtala som ei naturbeitemark i god hevd og er verdsett som viktig (B). Innanfor området finst både rasmark, beitemark og slåttemark med kulturbetinga engvegetasjon (Bøthun 2003).

## 5. Kulturhistoriske verdiar

I utmarka finn ein mange spor etter oppdyrking og busetjing. Det låg fleire husmannsplassar på Haugsbakken, både på "Gorogjerdet", "Lars-Kari gjerdet" og "Ola-Gutengjerdet". Her ligg mange steingardar som vitnar om opparbeidde teigar. Oppover i dei bratte fjellsidene fanst løer og hellerar knytte til fôr- og vedsank. Mange av dei gamle stadnamna fortel og om tradisjonelle aktivitetar heilt opp til fjells, t.d. "Lørustane".

Som elles i Lærdal var det turvande med kunstig vatning for å få gode avlingar. Grova frå Haugsgjelet gav store mengder med veitevatn til engene og åkrane på dei tre bruka på Hauge. Lange trefrenner (slók) førte vatnet over grove urar og over i steinsette jordveiter.

Den 3-4 km lange "Haugsvæiti", eller "Moldaveiti" som fleire kallar den, strekkjer seg frå fremste Molde og mot Skjær (figur 13). Den er opparbeidd fyrst på 1900-talet. Veita er ei forlenging av eit gammalt veitesystem for å sikre tilgangen til vatn på eit gammalt fiskeklekkeri på Hauge. Til dette anlegget hadde ein rekna med å få stabile mengder vatn frå Haugsgjelsgrovi. Dette vatnet viste seg å vere i kaldaste laget for klekking og ein måtte leie inn vatn frå Lærdalselvi. Vasstrongen kom i konflikt med vatningsinteressene på Molde og Færestad og det vart halde fleire skjønn for å avklare bruksrettar og kostnadsfordeling av den nye veita. I 1905 vart det inngått ein avtale mellom Molde, Færestad, Hauge og Skjær "*i anledning anlæg av vatningsveit eller vandingskanal for disse gårde*". Arbeidet vart ferdig i 1909 med ombygging og forlenging i 1922. Veita lak vatn og braut ofte ut, vatnet rann og dårleg. Den gjekk ut av bruk kring 2. verdskrig og innan 1950 var det heilt slutt med veitevatning då trykkvatn moderne spredarar tok over for veitene (Espe & Hovland 1994).

Trykkvatnsanlegget som vart oppført i 1930-åra tener framleis i dag som hovudkjelde for spredarvatning på Hauge. Med inntak i grova øvst på raskjegla vert vatnet leia over i eit langt treslók (trefrenne) før det renn ned i ei oppsamlingtønne og ned i røyra langs steinura. Trykkvatnsanlegget har eit fall på kring 200 m som er nok til å halde 2-3 spredarar med vatn samstundes. Vatningsanlegget har vore truga av steinsprang mange gonger, men har enno ikkje vore råka. Haugsgarden nyttar framleis trykkvatn frå bekken ved det gamle klekkeriet til både bustadhusa og fjøsen.





*Figur 12. Hagemarka vert beita av sau og tidvis også storfe. Innslaget av søyleeiner er karakteristisk, men mange einerar fraus/turka ut etter dei kalde vintrane fyrst på 2010-talet.*

Klekkeriet på Hauge låg litt oppe på rasvifta, like ved der vatnet frå Haugsgjelsgrovi kjem ut av grovura. Her stod fyrst eit lite klekkeri oppført i 1863. Det større statsfinansierte klekkeriet vart bygt i 1899 med klekkeri, ishus og oppdrettsdammar.

Forutan veiter, steingardar og hustufter er det også restar av forsvarsverk frå siste krig i raskjegla på Hauge. I grovura er det opparbeidd fleire bunkersanlegg og korridorar mellom festningsanlegga. Gravene vart tetta og utjamna av tyske soldatar etter kapitulasjonen i 1945.

Askeladden: I Askeladden er den gamle kyrkjegarden med kyrkjegardsmuren registrert (ID-138226 Hauge gamle kyrkjegard).

## **6. Dagens bruk og tilstand**

Området har jamt beitetrykk av sau, men med beiting av stadig færre sauer. I nokre somrar blir også beitemarka, og då spesielt dei mest produktive områda, nytta til storfe. I naturbeitemarka har innslaget av einer vore jamt høgt. Dette har tidlegare vore ein godt utvikla einerhage med mange søyleforma eksemplar. Seinast på 1960-talet var her ein større uthogging av einerstaur som vart nytta til bruk som gjerdestolpar.

Elles har einerhagen vore rydda i periodar. Det har også førekome kontrollert nedbrenning av parti om vintrane. Men med avtakande beitebruk grodde store område noko ukontrollert til med einer og grårør, noko som stadig reduserte beiteområdet. Frå 2011 var det 2-3 påfølgande kalde vintrar med sein vår. Med frosen grunn og framleis fordamping frå einernålene, fekk svært mange av einerane turkeskader. Einer er også utsett for dei kraftige vindane som kan oppstå på Hauge. Med grunt rotsystem og stor fangflate på eineren, veltar spesielt mange buskforma einerar over ende i sterke vindkast. I 2019 er det sett i gang forsøk med rydding av daude einerar, og venteleg vil stadig større areal bli rydda i åra framover. Råmetilgangen er



*Figur 13. Haugsveiti er ei heller stor veit som førte vatn både til vatning av åker og eng og til eit fiskeklekkeri.*

avgrensa, både på rasmark og på areal med akkumulerte jordlag. Dette resulterer i årviss utturking med liten tilvekst. Spesielt var utturkinga stor i turkesommaren 2018. Men feltsiktet er produktivt, spesielt på føresommaren.


## **7. Vurdering**

Naturbeitemark på marginale rasvifter er karakteristisk for Lærdal. Området var tidlegare mykje meir utnytta med husmannsplassar med slåttemarkar og beitemarkar i nedkant, naturbeitemark med einer i midtre parti og meir usamanhengande skredjord og urer i overkant med innslag av store styvingstre av bjørk. Naturbeitemarka grensar og mot ein gamal frukthage med tradisjonelle fruktsortar, m.a. gul og raud Gravenstein, Fuhr og Transparente blanche.

På grunn av redusert beiting og rydding av området, har store delar av det midtre og øvre partiet no grodd til med einer og gråor, noko som har gått sterkt utover nyttbart beiteareal. Etter dei harde vårane med utturking frå 2011-2014 er turkeskadane på einerane store, noko som nok har redusert verdien av den typiske einerhagen dette området utgjorde tidlegare. Men naturbeitemarka har framleis mykje av den naturlege vegetasjonen og strukturen bevart.

Her er innslag av mange tekniske anlegg som m.a. den gamle kyrkjegarden, steingardar, vatningsveiter, steinhellerar, og ulike vatningsanlegg både for veitevotning og trykkvatning i tillegg til fleire krigsminne frå 2. verdskrig. Området fungerer også delvis som rekreasjonsområde for nærmiljøet og tettstaden, spesielt vår og haust då soltilhøva her er heller gode samanlikna med tettstaden Lærdalsøyri.

## 2.3 Lokalitet: Haugane, Molde



Figur 14. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 15. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkjelde: Fylkesatlas.

## 1. Naturtype

Naturbeitemark og hagemark (bjørkehage) med mosaikkstruktur.

## 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Haugane ligg på Molde ved fylkesveg 271 Lunde-Stødno (figur 14 og 15). Ein traktorveg fører frå fylkesvegen og inn i terrenget (Hauge og Austad 1989).

Berggrunnen i området er i hovudsak korna monzonitt som stadvis kan vere omdanna til augegneis. Monzonitt er ein middels baserik bergart som ikkje gjev spesielt rike avsetjingar.

Lausmassane er stort sett skredjord med sortering av blokkene; dei minste fraksjonane øvst i raskjeglene og større steinar og einskilde blokker i nedkant mot innmarksareala. Fleire stadar er det opparbeidd eit visst jordlag som gjev grunnlag for samanhengjande engareal.

Området grensar inn til ei flat og oppdyrka elveslette med eng- og åkerkulturar.

## 3. Historisk bakgrunn

### Historisk bakgrunn for Molde:

Moldo er omtala i Bergens Kalvskinn på 1300-talet under namnet Molldum. Seinare har skrivemåten endra seg frå Miølldar, Moldar, Moldom, Moldhe til skrivemåten Molde frå 1563 (Espe & Hovland 1994). Namnet har truleg med «mold» og den gamalnorske fleirtalsforma «moldar» å gjere.

Utsiftinga av innmarka på Moldo skjedde alt i 1843, nokre tiår før den omfattande utskiftingsbylgja. Her samla ein dei mange åkrane og engene i den innvikla teigblandinga i «linjer» (rette teigar) for få til ei meir rasjonell drift. Likevel var ikkje denne endringa omfattande nok og på slutten av 1800-talet vart det utflytting frå klyngjetunet og etablering av to bruk med kvart sitt gardstun og tilliggjande eigedomar.

Under Molde låg det tidlegare fleire husmannsplassar. Frå kontraktane kan ein finne opplysingar om både krav og rettar husmennene hadde. Ein får også god kjennskap til stadnamn og bruk i desse «festesetlane». I bygdeboka kan ein lese om kva Jens Johannesson Færestad måtte utføre av pliktarbeid i 1823 på plassen «Moldebakken». Denne kontrakten fortel på ein detaljert måte korleis dei utnytta heile arealet på Molde frå innmark, utmark og heilt til fjells.

Jens skulle han ha den «gamle mælesåkeren» opp i mot kilen, åkeren ved «nylenda på Stovemarki» og «Myrevegen-faret» fram til «Storemarki» som slåttemark. Han skulle veksle mellom nordre og søndre side av merkjeslina. I «Jorven» og «Geilarusti» kunne han hogge ved, men fekk ikkje bruke bjørkeskogen i «Klantane ovanfor Moldagjelet», «Skorane framfor Bjørnebakken», fram i Moldagjeldet» og i «Liaslettet». Vidare skulle han få frie hamner til dyra han fødde på plassen (Espe & Hovland 1994).

Av pliktarbeid måtte Jens skjere åkrane «Sjumælingen», «Drengåkeren» og «øvre Kvitli». Han skulle slå «Skogøyne» med langorv og stutturv og gjera høyet ferdig til innkøyring. Vidare skulle han slå «Småøyane» og «Grandane» og i utmarka, teigen «Bjørnebakken» der han skulle hjelpe til med å «reka» og «bringe» høyet. Av slått skulle han til slutt slå «Stegaslettet». Han vart og pålagt å lauva 2 rauk og stå til teneste 4 arbeidsdagar om hausten etter ordre (Espe & Hovland 1994).



*Figur 16. Naturbeitemarka er urterik. Spesielt på ettersommaren når sauene er på fjellbeite er bløminga omfattande.*

Innmarksareala på Molde kan stadvis vere grunnlendte og turkeutsette, spesielt på elvesletter langs Lærdalselvi. Tidleg på 1900-talet vart det her sett i gang arbeid med eit større vatningsveit- anlegg, kalla 'Sloaveiti'. Dette veite-systemet vart nytta aktivt fram til 1930-talet, då ein fekk tilgang til straum og pumpeverk som gradvis avløyste den tradisjonelle veitevatinga. Men veitevatinga gjekk ikkje heilt ut av bruk; på fremre Molde vart Sloaveiti nytta heilt fram til 1978 (Johannes Molde, pers. oppl.).

Ein går ut frå at dei eldste ferdselsvegane gjennom dalen gjekk på nordsida av elva. Strekinga er i dag skilta som ein del av den gamle Kongevegen. Elles har naboskapet med elva til tider vore vanskeleg og utfordrande, med stadige flaumar og skiftande elveløp. Ofte nytta folka på Molde båt for å kome seg over til veggen på den andre sida.

Køyrevegen mellom Øye og Lunde forbi Molde vart ferdigstilt i 1950 (Espe & Hovland 1994). Fylkesvegen vart delvis bygd like etter frigjeringa i 1945 av tidlegare tyske soldatar. Bøndene frå Hauge og Molde var til stades for å halde kontroll på fangane.

Begge dei to gardane på Molde er i aktiv drift i dag. På bruk 1 er det om lag 90 daa med dyrka mark. Her har vore ein god del dyrking av grønsaker og poteter, også tidvis ein god del bærproduksjon (bringebær). På bruk 2 er det husdyrhald med både mjølkekyr og sauer.

Pelsdyravl har vore ei viktig attåtinntekt på Molde, kanskje spesielt på bruk 2 der drifta vart avvikla for berre for få år sidan.

#### Historisk bakgrunn for lokaliteten Haugane:

Hagemarksarealet er ein del av eit samanhengande randsoneområde mellom innmarksareal og rasmark/bratt fjell. Breidda varierer etter terrengformene og opparbeiding av organisk jorddekke, men er gjennomgåande 50-100 m breitt.

Dei sentrale delane av den noverande naturbeitemarka utgjorde tidlegare ein frukthage. Graset vart her slått og vanlegvis stod det to hesjar i området. Frukthagen vart ikkje prioritert i drifta og grodde etter kvart til med lauvtre og einer. Frukttree vart hogne ned på 1970-80-talet. Kring 1990 vart eit par dekar stort område med bjørkehage rydda og er i dag som ein lysopen kjerne med naturbeitemark dominert av urter og gras. Det er etablert eit lite masseuttak i nedkanten av beitemarka (ved fylkesvegen).

Bjørkehagen som omgir naturbeitemarka er forma av tidlegare lauvsink. Stammene på bjørkene er greina, og ein kan tydeleg sjå tidlegare kappunkt. Gamle sidegreiner er no rotne bort og ei eller eit par hovudstammer er vortne dominerande. Trea varierer ein del i storleik, men er gjennomgåande omfangsrrike spesielt der dei er frittstående og står på godt jordsmonn. Dei fleste styvingstrea på naturbeitemarka er i dag rydda bort.

Grunneigaren opplyser at det vart lauva i området fram til 1950-talet (helst i tilgrensande bjørkehage og haustingsskog). På garden vart det lauva opp til 1200 kjerver bjørk årleg, i eit normalår låg talet på kring 800 kjerver (Ivar Molde, personl. oppl.)

#### **4. Naturtypar og biologisk mangfald**

Den opne naturbeitemarka har eit relativt høgt tal urter og gras (figur 16). Trass i at det største arealet inntil nyleg var tresett, er området i dag frodig med høgt innhald av urter og gras. Vanlege grasartar er hundegras, engkvein, dunhavre, engsvingel, raudsvingel, engrapp og smyle. Av urter er det oppslag av lyskrevjande eng- og beiteartar som ryllik, blåklokke, engsoleie, skogkløver, kvitkløver, engsyre, hundekjeks, tiriltunge, skjermesveve, markjordbær, raudknapp, gulmaure, kvitmaure, grasstjerneblom og vanleg arve. Stadvis er det oppskot med næringskrevjande, gjerne gjødselprega artar som bringebær, nesle og vegtistel. På trakkutsette stader finst «ugrasartar» som vassarve, løvetann, tunrapp, hønsgras, åkersvineblom, groblad, meldestokk, krypssoleie og kvassdå. Sibirbjønnekjeks er i ferd med å etablere seg både i naturbeitemarka, og kanskje spesielt langs vegkantane i området.

Naturbeitemarka går gradvis over i hagemark og haustingsskog med bjørk som dominerande treslag (figur 17). Grunnen er ikkje rydda og innslaget av steinar og blokker blir større. I høgda går bjørkehagen delvis over på fjellgrunn med dårleg utvikla jordsmonn, helst på flater og i bergskorer. Her blir lystilgangen til feltsjiktet mindre og ein får innslag av eit større tal skogsartar. Likevel finst fleire av dei karakteristiske artane frå engene her som gulaks, engkvein, blåklokke, ryllik, gulmaure og markjordbær. Spesielt her er innslaget av snylteplanta knerot. Elles veks her einer, nyperose, gråor, hassel og også rogn og hegg. Innslaget av mosar i feltsjiktet i bjørkehagen er gjennomgåande høgt. Elles har utplantinga med gran vore omfattande. Det er i dag spreiding av kongler med frø frå desse bestandane med naturleg forynging av gran.

Mange insektsartar er knytte til engfloraen. Registreringar gjennom insektsfeller i eit tilgrensande slåttemarksområde, Moldebakkane, har avdekket eit høgt tal med artar, også fleire raudlista. Sjå omtale av neste lokalitet (2.4).



*Figur 17. Området har gradvise overgangar mellom naturbeitemark, hagemark og haustings-skog. Tre og kratt blir no rydda bort for å utvide beitearealet.*

Naturbase: Området Haugane ligg inne i Naturbase som hagemarka Molde (BN00017554). Dette er definert som ein bjørkehage i attgroing med ein god del einer og nyperose. Av funn er krattslirekne og vaniljerot spesifisert (Bøthun 2003). Det er tilråding om restaurering gjennom rydding, slått og beite. Vidare vert det tilrådd å rekruttere ein del styvingstre, spesielt ved forming av unge bjørker.

### **5. Kulturhistoriske verdiar**

Det går ei gamal vatningsveit like utanfor naturbeitemarka.

Askeladden: Det er ingen registreringar av automatisk freda kulturminne for området.

### **6. Dagens bruk og tilstand**

Området blir beita med sau vår og haust. Bonden hadde i 2017 kring 120 lamsauer. For tida beitar kring 25 sauer i ein månads tid frå ca. 10. mai. Området blir også haustbeita. Naturleg nok er beiteintensiteten høgast i dei opparbeidde områda med naturbeitemark og avtek der tilkomst i urar og steinete område blir vanskelegare.

Haugane er vurdert som ei viktig naturbeitemark og har motteke midlar til restaurering og skjøtsel under ordninga om «utvalde naturtypar». I samband med dette tiltaket er det utarbeidd ein enkel skjøtelsplan for området (Hauge 2017a). Her vert framhald av tradisjonell drift med sauebeite tilrådd som den beste skjøtelsforma (Hauge 2017 ab, Hauge og Vindedal 2017).

Grunneigaren fokuserer i dag på sauehald og er i gang med å utvide beitearealet på garden. Det føregår ein aktiv ryddig av skog i nærområda. På sikt kan også eit tilgrensande område inngå i denne naturbeitemarka. Det er utarbeidd ein skjøtselsplan også for dette området; Smihammarsvoi (Hauge 2017b).


## **7. Vurdering**

Lokaliteten Haugane grensar inntil fleire verdifulle kulturlandskapslokalitetar både med slåttemark, naturbeitemark, hagemark og haustingsskog. Dette er ein del av det rikhaldige kulturlandskapet i midtre delar i Lærdalsdalføret som inkluderer historisk kulturmiljø, veganlegg og bygningsmiljø.

Det må vere eit mål å halde det tradisjonelle kulturlandskapet i hevd gjennom historiske bruksmåtar og snu utviklinga med attgroing av gamal kulturmark.



## 2.4 Lokalitet: Moldabakkane med Bakkegården



Figur 18. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 19. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkjelde: Fylkesatlas.

## 1. Naturtype

Slåttemark, lauveng og naturbeitemark i mosaikk.

## 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Moldabakkane ligg ved fremre Molde langs fylkesveg 271 Lunde-Stødno (figur 18 og 19).

Lausmassedekket er i hovudsak bygd opp av elveavsett sand og grus, delvis med noko rasmateriale på overflata. Langs fjellfoten er det meir rasmateriale, både med blokkrik og grovsteina ur. Tjukkelsen på det organiske jordlaget varierer ein del på terrasseflata og langs terrasseskråningane. Området grensar inn til ei flat og oppdyrka elveslette med eng- og åkerkulturar.

Berggrunnen i området er i hovudsak korna kvartsmonzonitt som stadvis kan vere omdanna til augegneis. Monzonitt er ein middels baserik bergart som ikkje gjev spesielt rike avsetjingar.

## 3. Historisk bakgrunn

Delområdet mot nord-vest vart råka av eit stort steinskred i 1961. Denne store skreda gjekk langt ned på innmarka og resulterte i sprenging av blokker og omfattande rydding. Men hagemarka med sine beiteområde og stisystem vart aldri rydda att etter storskreda. Difor går den artsrike naturbeitemarka gradvis over i ur og blokkmark. Eit nettinggjerdje avgrensar naturbeitemarka.

Nabo Johannes Molde hugsar godt at dei slo engene i dette området. Det meste av terrasseflata og skråninga vart slått med lang- og stutturvar, som oftast av tre karar. I godvêrsperiodar vart graset «turka flatt», dvs. turka på marka. Graset vart vendt på med ei rive, noko som førte til god spreining av frøa på ulike artar. Når graset hadde turka ei tid vart det raka nedover skråninga og ned på «flata» der det vart sett opp hesjar. Slåttetidspunktet varierte noko, men det vart sjeldan slått før 10. juli.

I dei siste åra er det berre eit lite kjerneområde av slåttemarkssystemet på Moldebakkane som blir slått. Med mekanisering av drifta vart dei best arronderte areala nytta til maskinslått. Dei relativt turre og bratte terrassehellingane gjekk fyrst ut av bruk, seinare også areal som vanskeleg kunne driftast med traktor og slåttereiskap.

Tidlegare låg nokre store jordfaste steinblokker i øvre del av enga. Desse vart sprengde bort på 1990-talet samstundes med at delar av enga vart overflatedyrka og betre tilrettelagd for maskinell drift.

## 4. Naturtypar og biologisk mangfald

Slåttemarka ligg på ein grusterrasse langs bergfoten av Moldanakken, med stor grovsteina ur i overkant. Djupna på det organiske materialet varierer en del. Lokaliteten ligg soleksponert til og delvis også i le for den gjennomgåande dal-trekken.

Slåttemarka har eit høgt biologisk mangfald (Hauge og Austad 1989, Bøthun 2003, Hauge et al. 2003) (figur 20). Lærdal har gjennomgåande lite nedbør og i turre somrar kan jordsmonnet lett turke ut og føre til redusert vekst og blomstring. Vanlege grasartar i beitemarka og dei gamle slåttemarkene er: dunhavre, engfrytle, engkvein, engrapp, engreverumpe, gulaks, hundegras, hårfrytle, raudsvingel, smyle, sølvbunke og timotei. Av fargerike urter veks artar som blåklokke, engfiol, engmarikåpe, engminneblom, engnellik, engsoleie, engsyre, engtjøreblom, gulmaure, kattedot, kvitmaure, legeveronika, markjordbær, raudkløver, skogkløver, småengcall, tiriltunge, vanleg arve og vårpengeurt (Hauge 2017c). Av noko meir storvaksne urter veks: engsmelle, fagerknoppurt, gullris, hundegras, karve, lintorskemunn, reinfann, skjermesveve, skogstorkenebb, vegtistel og vendelrot. Litt spesielt er kanskje den

store førekomsten av snylteplanta neslesnyltetråd. Av ugrasartar og eittårige artar finn ein augnetrøyst, hønsegras, klengjemaure, kvassdå, meldestokk, tunrapp og åkersvineblom. Engkransmose, etasjemose og furumose er vanlegast i botnsjiktet (Hauge & Austad 2008ab, Hauge & Vindedal 2017).

I turre bakkar er det ein del innslag av varmekjære artar frå det sør-austlege floraelementet der utbreiinga i Norge har eit tyngdepunkt på Austlandet. Artar i det såkalla "kungsfylgjet" som finst ved Molde er bergmynte, engtjøreblom, engnellik, mørk kongsløys, bakkemynte, gullkløver og tranehals, dessutan også krossved og tysbast som veks i den nære utmarka.

I tillegg er det mange insektssartar knytte til engfloraen. Registreringar gjennom insektsfeller i eit tilgrensande slåttemarksområde har avdekket eit høgt tal med artar, også fleire raudlista. Funn av gruppa sommarfuglar er høgt med artar som grå tungemålar (*Acasis appensata*), tiriltungesalmott (*Oncocera semirubella*), gjeldkarvetannmøll (*Epermenia profugella*), krossvedflatviklar (*Ectodemia atricollis*), knoppurtengemott (*Paratalanta hyalinasis*), og brunt vårfly (*Cerastris leucographa*). Artane er registrerte som «ansvarsartar», og har meir enn 25% av den europeiske bestanden i Norge. For nokre år sidan vart det gjort funn av sommarfuglarten, *Phyllonorycter lantanella* i Moldabakkane, omtalen av funnet var om lag slik: «Funn av denne arten i Norge er en stor overraskelse. De nærmeste funnstedene i Norden er på Ålandsøyene i det sør-vestlige Finland. Ellers utbredt i Mellom- og sør-Europa, inkludert Storbritannia. Larven er bladminerer på busker i slekten *Viburnum*. Hos oss er det krossved som er aktuell vertsplante, men unntaksvis kan larven også leve på rogn» (Aarvik et al. 2015).



Figur 20. Den gamle slåttemarka har høg artsdiversitet. Det visuelle uttrykket varierer mykje gjennom sommaren.



*Figur 21. Open naturbeitemark/gamal lauveng med innslag av styva bjørker.*

Det er også registrert fleire kravfulle og dels raudlista soppantar i området. Mellom anna vart det gjort to funn av prydhette og to av duftsvovelriske, samt arter som hasselkjuke, ein gul korallsopp og eldrøysopp.

Naturbeitemarka har eit visst innslag av gamle, storvaksne bjørker med styvingsspor (figur 21). Stammene på bjørkene er tydeleg greina, og ein kan tydeleg sjå tidlegare kapp-punkt. Trea varierer ein del i omfang, men er gjennomgåande omfangsrike spesielt der dei er frittstående og står på godt jordsmonn. Nokre store bjørker er også i løpet av dei siste tiåra hogne ned og nytta til brennved (Hauge og Austad 1989, Austad et al. 1993).

I overgangen mellom slåttemark og utmark er det eit belte med hagemarksstruktur. Her står i dag ein del søyleforma einer og ein finn også ein del gamle frukttre. Spesielt er også førekomsten av hassel som i dag stadvis dannar ei karakteristisk randsone mot slåttemarka (figur 22). Her veks hasselkratt med tydelege haustingsspor frå gamle rotsystem. Med stadig uthogging av rette hasselskot fekk ein stadig nye skot frå randa av den gamle rotstubben.

Mange av engartane veks også i vegkantane der vegkantslått legg tilhøva til rette for mange lyskrevjande artar. Vegkanten på fremre Molde har ein for Lærdal spesielt rik turrbakkeflora.



*Figur 22. Dei lange og rette skota til hassel vart tidlegare nytta og eit viktigemneprodukt.*

Naturbase: Moldabakkane inkluderer området Molde 1 (BN00089979) i Naturbase. Dette er klassifisert som eit hagemarksområde, vesentleg bjørkehage. Utbreiinga av dei ulike artane varierer ein del i hagemarka. Utformingane er også sesongavhengige, og endrar seg ein god del med vêrlaget om sommaren. Solrike og nedbørsfattige somrar gjer at feltsjiktet lett turkar ut, og ein får ein visuell dominans av turketålande gras og urter.

Slåttemarka Molde 2 (BN00062527) er registrert som frisk/tørr, middels baserik slåttemark i naturbase. Den er i god hevd og verdien svært viktig (A).

I overkant og i grensa med slåttemarka er det registrert eit område «Moldabakkadn» (BN00017581) som «sørvendt berg med rasmarker» og som er eksponert mot sørvest. Her er ein mosaikk av open ur, hasselkratt og skog av bjørk og gråor. Det er og noko planta gran i ytterkantane av lokaliteten. Rasmarka er sær s artsrik. Det vart funne fleire kravfulle og dels raudlista soppantar i lia her, m.a. av prydhette, duftsvovelriske, vidare hasselkjuke, ein gul korallsopp og ildrøysopp (Naturbase). Det er også gjort fleire registreringar av raudlista insektSartar, og av ein ny sommarfugl-art for Norge (*Phyllonorycter lantanella*) (Aarvik et al. 2015). Både ut frå artsfunn og potensiale for kravfulle artar er områdeverdien i Naturbase sett til svært viktig (A).

## 5. Kulturhistoriske verdier

I området er det nokre steingardar og små rydningsrøyser av stein. Eit par jordvegar fører opp på terrasseflata (Hauge 2017c).

I nedkanten av slåttemarka ligg ei løe som blir nytta til å lagre høyr frå slåttemarka i Moldabakkane. I dag blir berre høyet frå den høgastytande slåttemarka lagra her. Ei høyturke er i dag montert inn i utløa.

Askeladden: Lokaliteten 11086-1 Molde er lagt inn i Askeladden. Dette er eit busetjings og aktivitetssområde som er registrert i samband med stamvegutgravingane. Buplassfunnet strekkjer seg over eit større område bortover terrassen ved Bakkegarden. Her er det gjort funn av slag, slag med leirklining, avslag av flint, lærdalskvartsitt, kvarts og oker (Røberg 1993).

Sør i slåttemarka i grensa med fylkesvegen ligg ei tilnærma rund gravrøys med utstrekning ca. 8x9 m (100811-1 Vårly). Den er kring 75 cm høg, bygd av jamstor stein og klart markert i terrenget. Røysa er plyndra. Den er av uviss alder (Bjørhus 1994).

## 6. Dagens bruk og tilstand

Slåttemarka på Molde er ein av få tradisjonelle enger som framleis har mykje av den karakteristiske slåttemarksfloraen intakt. Redusert bruk med auka sauebeiting i staden for slått har ført til ein auke av forveda busker som einer, nyperose, bringebær og også treslag som hassel, bjørk, krossved og gråor. Området blir rydda år om anna for busker. Kvistmaterialet blir samla i dungar og brent i terrenget.

Kjerneområdet med ei meir moderne engutforming er i god hevd og har hatt samanhengande drift over lang tid. Delvis innsåing med grasfrøblanding på små dyrkingsflater og gjødsling med kunstgjødsel gjer at engene er grasdominerte, gjerne med overvekt av kulturartar. Sjølv om drifta i dag er moderne er innslaget av tradisjonelle slåttemarksartar stadvis høgt. Graset blir som regel slått med slåmaskin noko ut i juli. Graset blir i godværsperiodar flatturka på marka, og rista opp med venderive før det blir køyrt inn på høyturka i løa.

Enga er inngjerda med eit elektrisk gjerde om våren og føresommaren for å hindre beiting av sau. Om hausten derimot er eng ein del av det store, samanhengande beitearealet på Molde.

Moldabakkane blir beita med sau vår og haust. Det er naboen som for tida forpaktar dette området og nyttar det som beite for sine kring 120 sauer med lam. Området blir beita «hardt» til godt ut på hausten for å halde nede gamalt gras, urter og oppskot. Naturleg nok er beiteintensiteten høgast i dei opparbeidde områda med naturbeitemark og avtek der tilkomst i urar og steinete område blir vanskelegare. Bjørkene har ikkje vore lauva sidan andre verdenskrig, men dei aller fleste trea har framleis spor etter lauvsank. Spesielt har dei frittstående bjørkene omfattande dimensjonar. Nokre bjørker er hogne til ved dei siste tiåra.

Den tradisjonelle slåttemarka på Moldabakkane er ein «utvald naturtype» og grunneigaren/forpaktaren mottok midlar for restaurering og skjøtsel (2018). I samband med dette tiltaket er det utarbeidd fleire skjøtelsplanar for området (Sandvik 2012, Hauge & Vindedal 2017). Her vert framhald av tradisjonell drift med sauebeite tilrådd som den beste skjøtelsforma. Det er ynskjeleg at så mykje av lokaliteten som råd blir attendeført til slåttemark med verdien A; ei open og produktiv slåttemark utan særlege teikn til attgroing. Ein ynskjer at det arealet ein prioriterer som slåttemark skal kunne slåast med slåmaskin. Kratt av nyperose (klunger) og bringebær har vore rydda år om anna.

Høgskulen på Vestlandet har gjennom eit overvakingsprosjekt av urterike slåttemarkar i Sogn og Fjordane etablert fastruter i området for registrering av endringar i slåttemarksfloraen over tid.

## **7. Vurdering**


Naturbeitemarka ved Bakkegarden har lang kontinuitet og er framleis i tilnærma tradisjonell bruk som beiteområde. Den har eit høgt innslag av engartar, og kan spesielt i regnfulle somrar ha eit svært fargerikt uttrykk. Naturbeitemarka har eit relativt høgt biologisk mangfald. I naturbase er området klassifisert som hagemark med verdi: viktig (B).

Tradisjonelle slåttemarkar og naturbeitemarkar har eit høgt biologisk mangfald. Slåttemarka i Moldabakkane utgjer ei av dei mest karakteristiske turengene i Sogn. Lokaliteten utgjer ein kjerne i det heilskaplege kulturlandskapet på Molde og i Lærdal.

Både slått og beite er viktig for å oppretthalde desse slåttemarkene på Molde. Sjølv om ein del av området i dag har eit noko meir moderne preg, kan ein med relativt enkle skjøtselstiltak få ei samanhengande slåttemark i Moldabakkane.

I Moldabakkane ligg fleire verdifulle kulturlandskapslokalitetar både med tradisjonell slåttemark, naturbeitemark, hagemark og haustingsskog. Moldabakkane utgjer eit viktig heilskapeleg kulturlandskapsområde.

## 2.5 Lokalitet: Raunane



Figur 23. Omtrentleg avgrensing av lokaliteten. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 24. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkjelde: Fylkesatlas.



## 1. Naturtype

Naturbeitemark (hagemark - einerhage med spreidde bjørketre), tidlegare husmannsplassar - tufter, steinopplegg, gamal frukthage og vatningsveiter.

## 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Raunane ligg på ein grusterrasse og raskjogle på sørsida av munninga av Tynjadalen (figur 23 og 24). Tynjadalen var tidlegare mykje nytta til husdyrbeiting og her inne var det også fleire utslåttar og vår- og hauststølar. Lauving, rising og vedhogst var omfattande og landskapet var ope og oversiktleg. I dag er fjellsidene tilvaksne med frodig lauvskog.

## 3. Historisk bakgrunn

Frå tidleg på 1500-talet ser det ut til å ha vore fire gardsbruk på Tønjum. Truleg er gardshistoria langt eldre. Etterkvart vart fleire av gardane delte, og det er seinare også frådelt parsellar og mindre bruk. Det har vore fleire utskiftingar på Tønjum. I Tynjadalen var det utskifting av skogteigar så tidleg som i 1714. I 1831-1833 var det utskifting av inn- og utmark mellom Øvregard, Prestegarden, Tønjum, Øvrevoll og Voll. Det var viktig å fastsetje vegrett til ulike engstykke og rettigheitar til vatningsveitene. Gardbrukarane på Tønjum og Prestegarden hadde kverner i elva Kuvelda. På Tønjum vatna dei jordbruksmarka med veiter heilt fram til 1967. Det var tre hovudveiter for vatning, og ei av desse går gjennom øvre del av området Raunane (Espe &Hovland 1990).

Bygningane på gardsbruka på Tønjum låg opphaveleg i eit klyngetun. Tønjum kyrkje med kyrkjegarden og prestegarden med prestegardshagen låg også tett ved. Bygningane på garden var mange; fjøs for ulike husdyr, stall, lør, stabbur, vedhus og andre uthus. Mesteparten av jordeigedomane vart samla rundt dei ulike gardsbruka gjennom utskiftinga på 1830-talet. Men for Tønjum og Prestegarden var det nødvendig med nok ei utskifting, denne gongen så seint som i 1958 (Espe &Hovland 1990).

Til gardsbruka låg det mange husmannsplassar, også fleire frådelt småbruk kan opphaveleg ha vore husmannsplassar. Innanfor det aktuelle området som er omtala nedanfor har det vore beiteområde for kyrkjehestar (allmenning) og her ligg plassane Kropp, Raunane, Kartane og «Sodle-jorven». Nokre av plassane kan ha ei forhistorie som går langt attende i tid, og ein kjenner til husmenn på Tønjum alt på 1600-talet. Dei fleste av plassane vart likevel rydda på 1800-talet (Espe &Hovland 1990).

Raunane er ein godt opparbeida plass i 1865. Her hadde dei 3 storfé, 10 sauer og 2 griser. Dei sådde ½ tønne bygg og sette to tønner poteter. Her budde husmannsfamilien saman med foreldra hans. Plassen Kartane er nemnt i 1801 utan at det er oppgitt noko om dyr og åkerdrift.

## 4. Naturtypar og biologisk mangfald

Området med open naturbeitemark og hagemark (spreidde hengebjørker og monumentale einerar, delvis med søyleform og oppslag av nyperose) pregar området i dag. Marka er generelt turkeutsett og jordsmonnet skrint. På noko lågareliggjande område og under tre som gjev skugge kan vegetasjonen vere noko meir frodig. Marka er ikkje rydda for stor stein.

Området kan likevel ha vore nytta til skrapslåttemark tidlegare. Her veks lyskrevjande og turketålande artar som gulmaure, tiriltunge, raudkjeks, gjeldkarve, ryllik, kvitmaure, sølvmaure, augnetrøyst, legeveronika, markjordbær, gjetartaske, engsmelle, småsyre, engtjørebloom, blåklokke, lintorskemunn, raudsvingel, dunhavre og gulaks. På litt frodigare veksestadar finn vi tveskjeggveronika, kvitkløver, marikåpe, hundegras, engreverumpe, engrapp og enghumbleblom. Området er i dag prega av eit stort oppslag av vill bringebær.



Figur 25. Frittstående og delvis søyleforma einerar er vanlege i beitemarka.

Naturbeitemarka går over i ein gammal frukthage og moderne kulturesser der vegetasjonen er prega av betre jordsmonn. Mange av dei lyskrevjande artane veks her, men her dominerer meir næringskrevjande artar som hundegras, engreverumpe, engrapp, sølvbunke og kløverartar. Stadvis finst flekker med brennesle, bringebær og oppslag av då. I tilknytning til stiane veks groblad. Lauvskogen veks tett inntil engareala i vest og nord og randsonene her er utsette for attgroing. Her er registrert hagtornssommerfugl (*Aporia crataegi*) (EN) og filthinnelav (LC).

Naturbase/Artsdatabanken: I området er det registrert to naturbeitemarker, Tønjum beitemark (BN 00089987) og Tønjum beitemark aust (BN00089999). Beitemarkene inneheld typiske karplanter, gjerne artar som viser at dette over lang tid har vore ekstensivt drive kulturmark.

På naturtypelokaliteten Huldahaugen (BN 00089986) like aust for kjerneområdet vart det registrert trivielle karplanter, men også fleire beitemarkssoppar som m.a. gul småfingersopp, gul småkøllesopp, skjør vokssopp, mønjevokssopp, kjeglevokssopp, seig vokssopp, engvokssopp, grøn vokssopp, kritt vokssopp og bleikgrønn kragesopp.

### 5. Kulturhistoriske verdiar

Området har ei rekkje til dels monumentale steinstrukturar, både steingardar og rydningsrøyser. I tillegg er det fleire tufter etter tidlegare husmannsplassar og også etter mange større og mindre vatningsveiter.

Askeladden: Ingen fornminne er registrert i området. Men like aust ligg eit par større busetjings og aktivitetsområde. Kulturminne 100826 er ein mogeleg gravhaug med funn av fleire kokegroper. Huldahaugen (15780-1) er ei gravrøys på 29 m i tverrmål og ca. 1,5 m høg. Røysa er dekket av grasvoksen torv med fleire store bjørker. Den er tydeleg avgrensa og ruver godt i terrenget. I Sefrak-registret er det registrert tre ruinar etter hus og etter ei løe.

## 6. Dagens bruk og tilstand

Området er i bruk til småfébeiting. Feltsjiktet på naturbeitemarka er godt nedbeita, og marka ser ut til å vere i god hevd og med eit relativt høgt biologisk mangfald. Marka elles (gamal frukthage, moderne eng) har høg produksjon, og eit større uttak av biomasse vil vere nødvendig for å få fram tufter, steinarbeid og vatningsveiter og for å ta vare på den spesielle parkstrukturen området har (fig. 26). Den gamle frukthagen er viktig å ta vare på då eldre fruktsortar stadig blir mindre vanlege. Steinarbeida ligg i fyrste rekkje langs randsonene, medan vatningsveitene også er lokaliserte i det sentrale området.


## 7. Vurdering

Både den artsrike naturbeitemarka/hagemarka og det gamle allmenningsområdet med frukthage, steinarbeid i randsonene, tuftene etter fleire husmannsplassar og dei i dag attgrodde vatningsveitene, gjev området eit spesielt uttrykk og ei variert oppleving. Den spesielle historia til området, dei kulturhistoriske spora, dagens struktur og opplevingsverdiar og det høge biologiske mangfaldet til kulturmarkene, gjer at ein vil tilrå ei kartlegging av området med eigen og detaljert restaurerings- og skjøtselsplan.



*Figur 26. Ein frukthage med tradisjonell struktur og gamle sortar er opparbeidd i eit lunt parti. Den store rydningsrøysa i framgrunnen kjem truleg frå oppdyrkinga av frukthagen.*

## 2.6 Lokalitet: Halabrekka



Figur 27. Omtrentleg avgrensing av lokaliteten. Kartkilde: Fylkesatlas.



Figur 28. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkilde: Fylkesatlas.

### **3.1 Lokaltet: Halabrekka**

#### **1. Naturtype**

Hovudnaturtype: Heilskapleg kulturlandskap med slåttemark, åker, naturbeitemark og hagemarker.

#### **2. Lokalisering og naturgrunnlag**

Husmannsplassen Halabrekka ligg på ein stor grusterrasse, avsett som marin terrasse like etter siste istid. Seinare har både hovudelva og sideelva Kuvelda erodert i lausmassane og forma den karakteristiske "brekka".

Brekke er eit gamalt ord for bakke, men mest brukt om ei flate eller ein avsats noko opp frå dalbotnen, t.d. "Ljøsnaubrekkka" om flatene på dei store kvartærgeologiske terrassane på Ljøsne. Terrasseflata på Halabrekka ligg på ca. 90 moh. Totalt femner plassen om eit areal på vel 25 daa. Av dette utgjer innmarksareala rundt 15 daa (Hauge & Austad 1988ab, Hauge 1998) (figur 27 og 28).

Berggrunnen i området er i hovudsak korna kvartsmonzonitt som stadvis kan vere omdanna til augegneis. Monzonitt er ein middels baserik bergart som ikkje gjev spesielt rike avsetjingar.

#### **3. Historisk bakgrunn**

Skriftlege kjelder frå 1645 nemner ein Per Brecke som husmann under Øvrevoll (Laberg 1938). Mest truleg er dette den eldste kjelda frå Halabrekka. Festeavgifta, eller "kop-skatten" var 1 ort for han og kona. Øystein Lasseson vart oppført som husmann i 1661.

Sonen Arnold Østenson som også arbeidde på hovudbruket, vart dømd for "løsgjengeri" og ulovlig handel. Han tilstod m.a. å ha selt 1/2 pund tobakk. Den neste husmannen, Østen Knudson, kom også i klammeri med lova. Han vart bøtelagd med 9 ort for å ha samleie med ei gift kvinne, såkalla "leiermål med festekvinde" (Espe & Hovland 1994).

Fram til midten av forrige hundreåret vart Halabrekka rekna som ein plass. Seinare vart det to plassar på Halabrekka, Fremre- og Heimre Halabrekka. Stadnamna refererte til lokaliseringa i høve til Tynjadalen. Plassane vart og namnsette med førenamnet til husmannen som t.d. Henrik-Halabrekka etter Henrik på Fremre Halabrekka. I dag snakkar ein berre om Halabrekka og meiner då stort sett det tidlegare "Fremre Halabrekka".

Fremre Halabrekka var den største og beste av dei to plassane (figur 29). Ingvard Jonasson Bjølleholi med kona Anna hadde plassen på midten av 1800-talet. Dei hadde fem born. I teljingane frå 1865 oppgir dei å ha 2 storfe og 12 sauer. Dei sådde 1/2 tønne bygg og tre tønner poteter. Saman med dei to yngste sønene utvandra dei til Amerika i 1867, men lengta etterkvart svært attende til Norge (Espe & Hovland 1994).

Anders Ivarsson Geili overtok plassen. Saman med kona Anna hadde han sju born. I 1875 hadde dei 2 kyr og 4 sauer, tidvis leigde dei også husdyr. Dei sådde 4/5 tønne bygg og tre tønner poteter på åkrane. Dei hadde utsvar (pliktarbeid) på Øvrevoll ein dag i veka gjennom heile året. Elles måtte husmannen lauve 2 lauvrauk, hauste 2 såltsåer kornåker (1 såltså = ca 1,1 daa) og elles delta i ei "onneveke for kar og kvinnfolk". Anders hadde også arbeid utanfor plassen, m.a. dreiv han som lasskøyrar austover (Espe & Hovland 1994).

Etterpå overtok Henrik Johannesson Tynjahagen Fremre Halabrekka. Saman med kona Durdei fekk han tre born. Durdei døyde ung og systera Anna overtok hennar plass i heimen. Henrik budde på Halabrekka heilt fram til han døyde i 1960.



Figur 29. Husmannsplassen Halabrekka med stovehus, bod og steingôte. Elles står det både høyløe, kornbrot, kyrfjøs og sauefjøs i tunet.

Han hadde både kyr og sauer. Anna planta til ein heil kjøkenhage med solbær-, rips- og stikkelsbærbusker. I tillegg var her frukttre som i det gunstige klimaet utvikla god frukt. Henrik hadde også ein god del lausarbeid utanom arbeidet på plassen. Henrik var den siste som lauva i Tynjadalen, fram til kring 1945. Dette var opphavelag pliktarbeid, men etterkvart fekk han ved for å lauve dei 2 rauka kvar på 18 tjug (360 kjervar). Henrik skulle også som tidlegare husmenn hauste to saltsåer med korn. Han måtte arbeide ein dag gjennom heile året, men i slåttonna måtte også kona Anna hjelpe til. I dei siste åra var det berre Henrik som deltok i slåtten (Hauge og Austad 1988).

«Heimre» Halabrekka har oftast vorte oppkalla etter husmennene, fyrst "Jakob-Halabrekka" og etterpå "Monse-Halabrekka" (Espe & Hovland 1994).

Jakob Jakobson og kona Johanna var dei fyrste ein kan finne har budd på denne plassen. Dei hadde "plass med jord" og hadde både i 1865 og 1875 2 kyr og 6 sauer. Dei sådde 1/4 tønne bygg og 1 1/2 tønne poteter. I den fyrste bygdeboka for Lærdal skriv Laberg (Laberg 1938) fylgjande om lagnaden til Jakob: "*Jakob var ein trufast arbeidskar. Fôret til eit par kyr og nokre smalar måtte han ta i utmarki. Når han ikkje stræva med dette, dreiv han som murar, skomakar eller anna som kunde høva. Han reiste med huslyden sin til Amerika, etter at ei skreda hadde øyrt ned åkerlappane hans og drepe dei to kyrne han åtte. Men fyrst grov han upp at åkrane og bygde upp att fjøsen og sauehuset*".

Seinare overtok Mons Skorpeholene plassen. Her budde han saman med kona Anna i fire år før dei flytte kring 1890 (Hauge 1998).

#### 4. Naturtypar og biologisk mangfald

På Halabrekka ligg dei største oppdyrka areala like sør, aust og nord-aust for dagens tun. Stykka "Fremre skorpa" og "Etre skorpa" var dei største og utgjorde det viktigaste åkerlandet. Teigane var tidlegare avdelte av ei steingôte.

På åkrane dyrka husmennene både poteter og korn, helst bygg. Også nepe var ein vanleg åkervekst i området. No er åkrane attgrodde og har fått ein grasdominert flora med vanlege engartar. Mange av artane er spesialistar på beita enger, slike med giftige og bitre plantedelar, eller er stive og stikkande.

Slåtteengene låg på noko skrinnare grunn. Dei fylgjer stort sett terrengformene og kan vere småkuperte og oppdelte. Namnet "Skorpa" er nok avleia frå dei grunne jordtilhøva, der det organiske jordsmonnet utgjer eit tunt lag oppå grusavsetjingane. Den graskledde hellinga like vest for tunet utgjorde også frodig slåtteland.

Floraen på desse gamle slåtteengene er heller artsrik, med grasartar som hundegras, dunhavre, smyle, engkvein, engrapp, engsvingel og sauesvingel. Vanlege urter er kvitmaure, raudkløver, kvitkløver, fuglevikke, tiriltunge, lintorskemunn, gjeldkarve, ryllik, raudknapp, blåklokke, markjordbær, engtjøreblom og engsoleie. Botnsjiktet har ofte høg dekningsgrad av mosar, helst engkransmose og etasjemose.

Kring innmarksteigane finst også spreidde opparbeidde eng- og åkerstykke. "Jonasgjerdet" er eit opparbeidd engstykke i hellinga vest for tunet. Ein steingard avgrensar stykket mot utmarka, medan ein gråsteinsmur støttar opp i nedkant. På teigen er det gamle veitesystemet godt synleg. Det greinar seg ut i ein T-form slik at alle delar av enga kan vatnast. På det relativt skrinne og turre underlaget er feltsjiktet sett saman av nøysame og lågvaksne urter og gras, om lag dei same som på dei attgrodde åkrane.

Dei gamle åkerareala er no tilgrodde med engvekstrar, men er ikkje så artsrike som dei gamle slåttengene. Vanleg førekomande artar er engrapp, smårapp, gulaks, engkvein, raudsvingel, dunhavre, sauesvingel, gulmaure, engsyre, ryllik, kvitkløver, raudkløve), engsoleie, blåklokke, gjeldkarve og nesle. Engkransmose dominerer i botnsjiktet.

Naturbeitemarkene kan ha innslag av søyleforma einerar (figur 30). Like under vegen og vatningsveita som fører ned mot Øvrevoll og gardane på Voll ligg eit naturbeitemarksområde med høgt innslag av einer. Deler av dette området var nok tidlegare slåttemark, det ser ein av dei mange rydningsrøysene i området. Spesielt er rydningsrøysa inn mot gardstunet mektig. I dag er dette arealet under attgroing, men er framleis artsrikt med artar frå gamle slåttemarkar og naturbeitemarker.

Naturbase: Lokaliteten Halabrekka (BN00017563) er i Naturbase registrert som både heilskaleleg kulturlandskap og som hagemark. Den har utbreiing både på terrasseflata med den tidlegare husmannsplassen, og også deler av ei hagemark med einer i dalbotnen. Lokaliteten vert vurdert til verdiklasse B, verdifull, grunna funna av beitemarkssopp (Gaarder 1993).

#### 5. Kulturhistoriske verdjar

Etter at husmannen Henrik J. Tynjahagen på Fremre Halabrekka døyddde i 1960 vart ikkje bygningane vedlikehaldne. Husa forfall, spesielt ved at taka vart utette og byrja å leke. Også dørane stod opne og husdyra nytta romma som skjul, spesielt på varme sommarsdagar og i regnvêr. På dette viset vart slitastjen stor og det var tale om å rive eller å setje fyr på bygningane.



*Figur 30. Hagemark omkransar innmarksareala på Halabrekka. Her var tidlegare omfangsrike bjørkehagar og også store areal med søyleforma einer.*

Arkitekt Claus Lindstrøm såg verdiane i bygningsmiljøet og fekk overta husa mot å setje dei i stand (figur 31). Etter nøye oppmålingar og registreringar vart bygningsmiljøet restaurert i 1970-80 -åra, og fungerer no som feriestad for familien som bur i Bergen. Hovudprinsippet for istandsetjinga har vore å utbetre bygningane utan å endre på eksteriøret dei hadde i den siste tida før husmennene forlot plassen. Opplysingane under om bygningsmiljøet er i hovudsak henta frå eit notat utarbeidd i 1986 (Lindstrøm 1986).


#### Husmannsstova

Den gulmåla stova (nystova) vart flytt til plassen i byrjinga av dette hundreåret etter at den opphavelige mindre stova vart riven. Huset stod fyrst på plassen Lunde, kring 1 km nord-aust for Halabrekka. Gamlestova låg på same muren, men var snudd den andre vegen med gavlen ned mot hovuddalen. Kjellaren og delar av grunnmuren stammar frå fundamentet til den eldste stova.

Nystova var opphavelig oppført med sperretak over to leåsar som var synlege inne i stova. Ved oppføring etter flyttinga vart takkonstruksjonen endra til mønsås-tak, seinare vart også den noverande himlingen lagt inn. Stova hadde opphavelig berre to mindre vindauga, eitt i sydvest-gavlen og eitt på den nordvestre langveggen.

Grunnplanet i huset med stove, kammers og kjøken med ytterdør på langveggen til stova, var lenge vanleg i Lærdal. Byggjestilen er inspirert av aust-norske konstruksjonar, den såkalla "Akerhusiske byggjestilen". Men kjøkenet og kammerset her har uvanleg små dimensjonar i høve til stoverommet. Spor etter ei anna ytterdør der kammersvindauga står i dag, og den lette konstruksjonen av deleveggen mellom kammerset og kjøkenet, tyder på at det berre var eitt rom utanom stova. I dette rommet gjekk det ei trapp opp til loftet og på loftet var det ei luke





Figur 31. Grunnplan og plassering av husa på Halabrekka. 1: Stovebygning med a) stove, b) kamers, c) kjøkken og d) eldhus. 2: Kyråffjøs, 3: Sauefjøs med a) lauv-trev. 4: Løe med a) høyløe, b) låve og c) kornbrot. 5: Stabbur med a) klesbod, b) matbu og c) utedo. Oppmålings-skisse av Claus Lindstrøm 1986.

inn mot stova. Det var truleg den siste husmannen, Henrik J. Tynjahagen, som føretok ombygginga av huset.

Den gamle husmannsstova er i dag måla okergul og har innlagt straum. Interiøret er mykje endra frå det opphavelige, m.a. er dei tidlegare blåfarga veggane tapetserte. Innbuet er samansett av gamle stilmøblar frå Lærdal (Bonytt 1991).

Inntil stova står eit lite tilbygg som fungerte som eldhus (koke-, bake- og vaskerom). Den eksisterande skorsteinen kan ha stått her før den eldste stovebygningen vart riven. Når eldhuset låg inntil stovebygningen, låg det helst langs langveggen. Vanlegast var det likevel at eldhuset låg litt unna bygningsmassen i tre, spesielt dersom det var stor aktivitet med brenning og kanskje litt smiing.

Under stovebygningen er det eit lite kjellarrom som vart mest nytta til lagring av poteter.

### Fjøs og løe

Den kombinerte saue- og geitefjøs har stått på plassen svært lenge, truleg frå fyrst på 1800-talet. Byggemåten, ofte kalla "unde-hus", var vanleg på husmannsplassar i Lærdal. I fjøsen var det plass til 8-10 sauer. Tidlegare var det også geiter på Halabrekka, desse hadde også plass her gjennom vinteren. Fjøsen hadde falle saman før den vart restaurert i 1976. Til oppføringa er det nytta mykje trykkimpregnert materiale.

Kyrafjøsena vart også oppført på same tida som saue- og geitefjøsena. Konstruksjonen er vel kjent på husmannsplassar i distriktet. Trevet, ein hems eller halvtak over sjølve fjøsena, gav plass for ris-, lauvkjervar eller høy. Her kunne også vere soveplass, kanskje mest nytta i samband med kvile etter måltider (dugurskvild). I sjølve fjøsena var det plass for ei kyr og ein kalv, bingje for gris og seinare høns, samt plass for ein del utstyr.

Løebygninga stammar også frå fyrst på 1800-talet. Den har den gamle tredelte planforma med høyløe (høybrot) og kornbrot på kvar si side av låven. Låven har bordgolv og her vart det treska korn med tust. Tak-konstruksjonen er også typisk for løebygningar; mønsåsen og leåsar som vert støtta ned på dei tømra tverrveggene og med sutak direkte på åsane. Det var tidlegare også plass for sauer i kjellaren, men den siste husmannen fjerna bjelkelaget dei stod på. Bygninga vart restaurert i 1979. Det er no soveplassar i høyløa og eit lite, privat reiskapsmuseum i kornbrotet.

#### Andre bygningar

Stabburet vart flytta til Halabrekka av den siste husmannen. Det har tidlegare stått på eit par andre plassar før det vart flytta hit. Opphavelag var det eit "ekte" stabbur, oppført på stabbar eller høg grunnmur då det er nytta solide halvkløvingar til golv. Taket på stabburet vart utbetra i 1978.

Kringom i utmarka var det også mange andre bygningskonstruksjonar som tente til lagerrom. Steinmurar under hellerar og steinblokker gav ypparlege hegn og/eller lagringsplassar for både høy og lauv.

#### Vatningsveiter

Også på Halabrekka er det eit avansert veitesystem med inntak frå elva Kuvelda ved Gardsbakken noko inn i Tynjadalen. Her er det spor etter veiteanlegg frå ulike tidsperiodar (Seim 1965). Veita var delvis steinsett, større steinar kunne veltast på plass for å regulere vasstraumen til dei ulike greiningane. Hovudveita gjekk på ei lita terrasseflate sør-vest for tunet og ringa forbi mot teigane lenger nord. Her fylgjer veita grensa mot hagemarka og dannar framleis eit karakteristisk mønster på teigen "Jonasgjerdet".

Vatnet i hovudveita kunne leiast gjennom ei større veit ned mot flatene like sør for bygningane på Halabrekka. Her danna veitene eit nettverk med to langsgåande veiter på begge sider av enga og 9 - 10 veiter på tvers. Desse småveitene var berre ei spadebreidd i tverrmål og kring ei spadedjupne. Frå veita langs terrassekanten kunne ein også vatne kringliggjande engflater.



Figur 31. Tradisjonell buveg (gôte) og steinopplegg på Halabrekka.

Også veita gjennom tunet kunne ha høg vassføring. Veita enda opp på stykka "Framre skorpa" og "Etre skorpa". Her var det åkerland og veitene var ikkje synlege frå år til år.

I dag er sambandet med elva Kuvelda brote grunna kryssande vegframføring. Vegarbeidet tok til i 1935, og tre år etter vart det halde skjønnsforretning om godtgjersle for avståing av grunn og veit til Halabrekka. I skjønet står det: *"Ligeledes må vanningsveiten settes i den stand den er nå efterat veien er ferdigbygget"* (Seim 1965). Dette vart ikkje gjort, og etter at trykkvatnsleidningen vart ferdig like etter 1965, vart mykje av veitesystemet på Halabrekka pløgd opp med traktor.

#### Steinarbeid

Steinarbeid av ulikt slag finst i heile nærområdet til Halabrekka. Grunnmurane etter det samansette husmannsmiljøet er i dei fleste høve synlege. Desse er oppmurte som tørrmurar kring eit kjellarrom. Ein finn framleis grunnmurane til dei fleste av husa som vart oppførte i området kring Halabrekka, m.a. tunet på Heimre Halabrekka. Ein finn og spor etter mange av dei andre bygningane som låg i området.

Ikkje berre grunnmurane var oppførte med bruk av gråstein. Jamvel heile veggjar og gavlar er bygde i stein. På saue- og geitefjøset er torvtaket stort sett lagt direkte på steinkonstruksjon, og bygningen går nesten i eitt med terrenget. Også i kyrafjøset utgjer stein ein vesentleg del av konstruksjonen.

Buføringa frå gardane på Voll og Tønjum til stølsområda i Tynjadalen og lenger inne på fjellet, gjekk gjennom tunet på Halabrekka (figur 31). Vegen utgjorde ei gôte eller buveg (veg med gjerde eller stengsle på begge sidene). Steingôta er gjennomgåande ein knapp meter høg, stadvis ein del lågare der den er rasa ut. På det høgste måler steinmurane nesten eit par meter.

Steingardane og gôtene var tidlegare enno tydelegare, men etter noko rydding og oppdyrking på Halabrekka fyrst på 1960-talet vart ein del av steinarbeida fjerna eller planert. Det var mange grunder som stengde av denne ferdselsvegen.

Karakteristisk er også steingarden som fylgjer langs kanten av terrassen ut mot hovuddalen. Denne markerer avslutninga av innmarksareala på plassen og er med på å skape ei eiga romkjensle, spesielt no med ein tett samling av høgreiste einerar i bakkant. Steingardar er også vanlege langs andre grenselinjer som ved teigen "Jonasgjerdet".

Små røyser med rydningsstein ligg også i tilknytning til steingardane, stort sett avrunda elvestein. Desse røysene inneheld vesentleg stein i mindre fraksjonar enn det som er opplagt i steingardane. Det meste stammar nokså sikkert frå åkrane, stein som vart spadd opp og plukka bort i samband med vår- og haustonna.

Under eit bergframspring vest for tunet ligg ein del rasmateriale med stein- og blokkmateriale. Blokkene dannar fleire stadar hellerar og naturlege skjul. Nokre av desse er avstengde med murar slik at dei utgjer nyttbart lagringsrom. Slike hellerar var elles vanlege i utmarka og kan ofte påvisast i nærleiken av slåtte- og lauvingsteigar (Mjaatvedt 1994).

Askeladden: Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i kjerneområdet kring Halabrekka. Men like nedanfor grusterrassen, på den gamle elvesletta på Øvrevoll, ligg det tre lokalitetar som er skildra i Askeladden. Det er funn av gamle busetjingsområde som vart undersøkt i samband med stamvegregistreringa, m.a. stolpehol etter langhus. Desse busetjingsområda er daterte til jernalder (Auestad 1993). Litt lenger ned ved gardstunet på Øvrevoll ligg også ei «klassisk» gravrøys frå jernalderen/vikingtid (lokalitet 35854).

## **6. Dagens bruk og tilstand**

Halabrekka tener framleis som beiteområde for sauer. Sauene beitar her frå tidleg om våren til ut i andre halvdel av juni før dei vert frakta til fjells. Etter heimkomst frå fjellbeite, vanlegvis i månadsskiftet september/oktober, kan sauene beite her til langt utover hausten.

Grunneigaren har rydda mykje einer i naturbeitemarka og opna opp attgrodde teigar. Her er sett att fleire søyleforma einerarar noko som gjev ein open hagemarksstruktur.


Bygningane på Halabrekka vert mindre nytta no enn for nokre tiår sidan. Etter at arkitekt Claus Lindstrøm døydde, har familien ikkje så lange ferie- og arbeidsopphald her lenger. Berre heilt nødvendig vedlikehald blir utført.

## **7. Vurdering**

Halabrekka utgjer eit heilt særmerkt og autentisk kulturmiljø. Konsentrasjonen og variasjonen av element frå det tradisjonelle kulturlandskapet gjev området særigne kvalitetar med høg pedagogisk verdi. Samverknaden av kulturmarkstypar, bygningsmiljø og ulike tekniske anlegg som buveg (steingote), vatningsveiter i ulike dimensjonar, bakkemurar, steinrøyser, viser tydeleg attende på den intense og berekraftige utnyttinga av naturressursane i inn- og utmark.

Kulturlandskapet på Halabrekka har høg eigenverdi og er og viktig i rekreasjons- og friluftssamanheng. Området bør oppmålalt med utarbeiding av ein eigen skjøtsels- og restaureringsplan.

## 2.7 Lokaltet: Fosseteigen



Figur 32. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 33. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkjelde: Fylkesatlas.

## 1. Naturtype

Naturbeitemark og hagemark (bjørkehage)

## 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Fosseteigen ligg langs ein stor grusterrasse i munninga av Tynjadalen. Hagemarka er tilgjengeleg gjennom fylkes- og gardsveg frå E-16, rundt 9 km aust for Lærdal sentrum (figur 32 og 33). Gjennom bjørkehagen går ein opparbeidd, delvis oppmurt kjerreveg. Stadvis er grensegjerde og små teigar avgrensa av steingardar.

Berggrunnen i området er i hovudsak korna kvartsmonzonitt som stadvis kan vere omdanna til augegneis. Monzonitt er ein middels baserik bergart som ikkje gjev spesielt rike avsetjingar.

## 3. Historisk bakgrunn

Fosseteigen låg opphavelig under garden Grøtte (lokalt Grøto). Bruket har nok fått namnet etter elvesusen frå elva Kuvelda. Det gamalnorske ordet «grjot» for stein er opphavet til Grøtte og avspeglar det steinete lendet på raskjegla i munninga av Tynjadalen med mykje «jorvejord».

Fosseteigen vart frådelt hovudbruket i 1664 og fekk eige tun frå 1830 med opprusting i 1873. Garden ligg i dag under nabobruket Øvrevoll. Det dyrka arealet vert rekna til 61 daa med flatt og noko myrlendt areal. Dei har utmark, fjell og stølar i sameige med dei andre bruka på Grøtte (Espe & Hovland 1994).

Slåtteteigar låg spreidde kring i utmarka, dei fleste låg på Grøttesida (Hauge 1998a). Dei var rydda på små flater i terrenget og fylgde terrengformene. Stort sett var det klare eigedoms- og brukstilhøve for slåtteteigane. Men stundom oppstod grensetvistar og det er i dokumenta frå desse tvistemåla ein kan finne dokumentasjon på utmarksbruken. I eit rettsmøte i 1827 om utskifting står det om "Kjødnæsteigen": *"Denne Teig var bevøxet med Birke Skov, og voxende Græs paa enkelte Fordybninger af samme, for øvrigt bestod Teigen af tør Sandjord. Partene vare enige om og Laugrettet skjønnede at paa denne Teig kunde hvert 5te Aar hugges 2de Løvrøk eller 6 store Hundrede Birkeløv, og aarlig i middels Aar avlæs 4 Læs Høe"*.

Frå same rettsmøte er det også nemnt teigar *"fra Elven og over Moldebakken lige til Fjelds eiende 8 Slaatteteiger, hvilke Slaatteteiger ere: Leirholden, Kringla, Jørven, Ruggen, Tønjumsøen, Moldeteigen og Tønjumsøen"*.

Lenge hadde Lærdal elveeigarlag eit klekkeri for laks og sjøaureyngel med inntak av vatn frå Kuvelda. Denne murbygningen med inntak står framleis.

Dei siste som budde på Fosseteigen var fire sysken som dreiv garden og som også delvis hadde arbeid utanom bruket. I 1954 var her registrert 35 daa grasmark, 13 daa åker og 4 daa frukt og grønsaker. Dei hadde hest, 4-5 kyr, ungdyr og sauer.

Brukarane på «Grøtte-sida» av Tynjadalen rydda eigne slåtte- og lauvingsteigar og var flinke til å byggje desse teigane inn med steingardar og gjerde. For at ikkje husdyra skulle ta seg inn i dei ulike hagemarksteigane, vart det oppmurt ei samanhengande geil oppover heile dalføret. Denne var avstengd med mange grinder. Denne geila er framleis ganske intakt i fleire kilometers lengd. På Grøttesida er nok også skogen meir systematisk nytta både gjennom vedhogst og lauvsank. Dette vitnar også mange raukstø og eit omfattande system av løypestrenger om.



Figur 34. Bjørkehage på Fosseteigen.

Spesielt brørne Tørris og Hallvard var tradisjonsberarar «av den gamle sorten». Dei lauva i utmarka og oppover i Tynjadalen til ut på 1960-talet (David Vollheim pers. oppl.). Brørne var mellom dei siste i Lærdal som heldt lauvinga ved like, nok ein av hovudgrunnane til at dette området framleis kan framvise så relativt velhaldne bjørkehagar (Hauge og Austad 1988).

#### 4. Naturtypar og biologisk mangfald

Kjernen i dette hagemarksområdet er ein gamal bjørkehage (Austad og Hauge 2017). Bjørkehagen er lokalisert på ei rasvifte samansett av lausmateriale av varierende materialstorleik. Stadvis kan det vere store steinar som dannar markerte blokker i terrenget, der hagemarksstrukturen nok kan gå over i haustingsskog på steinete underlag (Austad og Hauge 2015, Hauge og Austad 2015) (figur 34 og 35).

Bjørkehagen er dominert av vanleg bjørk, men her er også ein god del hengjebjørk. Den kan stadvis ha høgt innslag av einer. Nesten alle bjørkene har spor etter lauving, men har endra noko form med auka vekst i hovudgreiner i staden for sidegreiner. Stadvis er greinvirket utvikla etter siste lauving dominerande. Dei aller fleste trea er vitale utan teikn til rotning, men her er ein del rotvelt i samband med vinterstormar (Hauge 1998 ab).

Vanlege grasartar på turrare grunn er smyle, engkvein, lundrapp, sauesvingel, raudsvingel, gulaks, hårfrytle og engfrytle. På skrint underlag spesielt langs terrassekanten, veks vanlege artar som blåklokke, markjordbær, legeveronika, tveskjeggveronika, kattefot, ryllik, stankstorkenebb, vanleg arve og gullris, og kant- og skogsartar som småmarimjele og stadvis tyttebær og fugletelg. Etasjemose, engkransmose og furumose er dominerande i botnsjiktet. På opne flater med noko meir organisk jordlag er gras- og urtefloraen rikare med innslag av t.d. dunhavre, hundegras, engrapp, skjermesveve, gulmaure, kvitkløver, raudkløver, engfiol, gjeldkarve, engsyre og engsmelle. Desse friskare engene vart nok tidlegare både slått og beita.



Figur 35. Lysopen bjørkehage på Fosseteigen. Fleire av trea i hagemarka vart skadde under orkanen Dagmar fyrste juledag i 2011.

På fuktigare parti på terrasseflata og i overgangen mot dalbotnen finst større og mindre areal med meir storvaksne gras og urter som hundegras, tyrihjel, vendelrot, skogstorkenebb, hundekjeks, bringebær, mjødukt og brennensesle.

Naturbase: Lokaliteten Fosseteigen (BN00089979) er registrert som hagemark i Naturbase med kjerneområde i den tradisjonelle bjørkehagen. Bjørkehagen er autentisk og i relativt god hevd. Det føregår noko uttak av ved, helst i samband med opprydding etter vindfall. Fosseteigen har fått verdi A, svært viktig, i Naturbase.

### 5. Kulturhistoriske verdiar

Kuvelda var ei sentral kraftkjelde i eldre tid. Det finst restar etter ei kvernstøe og kvernsteinar i Tynjadalen som ein ikkje kan tidfeste bruken av. I Stampen var det fleire anlegg, m.a. fleire kverner til kornmaling. Som namnet seier var her og ei "stampemølle" der ein stampa ulltøy til vadmål. Stampinga føregjekk ved at ulltøy vart lagt ned i eit vassfylt kar og fleire tunge trestykke på rad gjekk opp og ned og stampa saman tøyet. Trestokkane vart drivne av ein "knastaksel" som i sin tur vart driven av vasskraft. "Knastane", eller trepinnane" på akselen gjekk inn i hol og løfte dei tunge trestykkane opp vekselsvis. Når "knasten" sleppte, datt trestykket ned att (Espe & Hovland 1994).

I samband med stamvegtiltak i Tynjadalen vart kulturmiljøet i heile dalføret registrert. Kulturmiljøet vert definert som resultatet av produksjon-, kultur- og naturelement i eit område. I Tynjadalen vart det skilt ut i alt 41 ulike kulturmiljø, 21 på Grøttesida og 20 på Tynjadalssida (Mjaatvedt 1994). I desse områda er det registrert meir enn 150 enkeltkulturminne fordelt på ståande bygningar, tufter etter sel, fjøs, buer og høyløer, hellerar,



ulike typar tekniske kulturminne og kulturmarkstypar som beite-, slåtte- og lauvingsområde. Dei fleste kulturminna stammar frå 17- og 1800-talet, men bruken av dalen er datert attende til 1500-talet. Det er ikkje usannsynleg at dalen har vore nytta til støling i tidlegare tider, heilt attende til mellomalder og jernalder (Mjaatvedt 1994). Det går også fleire system av vatningsveiter i dalføret. Den største veita går frå elva og forbi tunet og vidare ned mot Grøtte. Enno kan ein også sjå restar etter gamle løypestrenger og løypestrengfeste i dalføret.

Askeladden: Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne på Fosseteigen. Derimot er det to område med busetjings- og aktivitetsområde like aust for området (100671-1 Grøtte og 100678-1 Grøtte). Her er mange strukturar knytte til eldre busetjing påviste, m.a. stolpehol etter bygningar og kokegroper etter matlagning. Også nokre steinstrukturar som truleg kan tolkast som tufter (Bjørndal 1995).

## **6. Dagens bruk og tilstand**

Hagemarka utgjer beiteområde for sau vår, sommar og haust. Om vintrane blir det hogge ut nokre bjørker i hagemarka, vesentleg er dette uttak av rotvelt og tre i dårleg tilstand.

Ein gamal gardsveg fører inn i hagemarka. Den gamle stølsvegen frå gardane Grøtte til beiteområda (vår- og sommarstøl) i Tynjadalen og fjellområda fører gjennom området. Like utanfor avgrensinga til bjørkehagen ligg eit miliært anlegg med demoleringsanlegg for ammunisjon og bunkersanlegg. I enden av Tynjadalen ligg hovuddeponiet for tunnelmassen til den 24.5 km lange Lærdalstunnelen.


To større naturhendingar det siste tiåret har på kvar sin måte endra natur- og kulturmiljøet i Tynjadalen og også ved Fosseteigen. Orkanen Dagmar fyrste juledag i 2011 resulterte i omfattande skader på hagemarka. Mange av dei gamle styva bjørkene og kanskje spesielt dei som stod på laus grusjord, fall over ende. Mykje rotvelt og også greinbrekk vart resultatet. Noko av dette er ny rydda, men spesielt oppover i dalføret ligg det enno mykje vindfall.

I slutten av oktober 2014 vaks elva Kuvelda mykje etter lokalt mykje nedbør og snøsmelting i høgfjellet. Det danna seg etter kvart nokre proppar av nedfalne tre som i periodar blokkerte elveløpet både i sideelvar og i hovudelva. Då desse opparbeidde demningane måtte gi etter, grov elva mykje, fann nye løp og tok med seg mykje av vegetasjonen langs vassstrengen. Dette gjorde stor skade på vegen, rasvollar og også bygningsmasse. Mellom anna vart eit kvernhus ved Fosseteigen delvis knust og flytta nokre meter samstundes med at brua over elva forsvann i vassmassane. Ei ny betongbru er no oppført på same stad som «gamlebrua» stod. Svært mykje utbetringsarbeid er gjort i Tynjadalen dei siste åra, m.a. med plastring av den nedre delen av elveløpet til Kuvelda.

## **7. Vurdering**

Kulturlandskapet på Fosseteigen med dei særmerkte bjørkehagane har lenge vore sentrale biologiske kulturminne. Bjørkehagen var ein av dei best utvikla hagemarkene av denne typen i heile fylket. Men sidan kulturlandskapet er labilt (ustabilt), har bjørkehagane gjennomgått store endringar det siste tiåret som fylgje av ekstremvêr-hendingar. Spesielt vind (orkanen Dagmar i 2011) har lagt ned mange gamle styvingstre og har mange stadar endra heile strukturen til bjørkehagen. Der ein inntil for nokre få år sidan såg store kulturhistoriske verdiar, må ein akseptere at både struktur og dynamikk er så pass endra at referanseverdien til Fosseteigen er merkbar redusert. Det vil og vere eit svært omfattande arbeid å restaurere denne bjørkehagen attende til ønska tilstand.

## 2.8 Lokalitet: Mo



Figur 36. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 37. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkjelde: Fylkesatlas.

## 1. Naturtype

Mo eller «Mosøyane» er eit historisk og marginalt kulturlandskap med restar etter ein periode med høgt folketal og overutnytting av naturressursane. Omfattande steinarbeid og tekniske strukturar er synlege.

## 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Mosgardane omfattar i dag tre hovudbruk (br. 1, 3 og 4) som ligg på sørsida av hovuddalføret ved utløpet av Råsdalen 90 moh.. Her kjem elva Nivla ned og renn etter kvart ut i Lærdalselvi (figur 36 og 37). Namnet Mo er avleia av «mor» som betyr ei sand- eller grusslette. Garden er truleg svært gamal. På Mo har Nivla frå gamalt av herja fritt gjennom flaumar og opparbeiding av nye løp. Jordsmonnet er utvaska, grus og sandhaldig, og det har vore lagt ned eit stort arbeid i å rydde opp små åkrar.

## 3. Historisk bakgrunn

Gardsbruka ligg oppe på terrasseflatene. Fram til 1860-talet låg alle bruka i eit fellestun. Utskiftinga starta i 1862. Så tidleg som på 1600-talet skal det ha vore husmenn under Mosgardene. Dei eldste plassane låg nok i Øyane. Det er i dag vanskeleg å identifisere alle plassane. I bygdeboka (Espe & Hovland 1990) er det nemnt 19 plassar i tillegg til hus- og stovetomter. Fleire av desse låg i Saltkjelen. Det er også innteikna ei rekkje plassar på «Mosøyane» (figur 38 og 39). Ei rekkje steinstrukturar, mellom anna steingardar og innhegningar finst saman med ei mengd rydningsrøyser. Kloppebakken som ligg lengst nord på flatene opp mot elva, har truleg tidlegare også vore ein husmannsplass. På Grandane låg også Sjersantplassen, Håhaug, Tådleivjentedn/Todleivstova (ikkje plass), Martastova og Torestova/Torejentedn (plass). Husmannsfamiliane hadde 2-3 kyr og 5-6 sauer og dei sādde noko bygg og eit par tønner poteter. Mange av husmannsfamiliane budde her i kort tid og fleire utvandra til Amerika.



Figur 38. Plassen Mo med mange småstykke, med eit utal rydningsrøyser omkransa av steingardar.



Figur 39. Alle dei små teigane hadde egne namn, gjerne etter personen som rydda dei eller bruken. Her finn ein m.a. Lassegjerdet, Toregjerdet, Torleivsgjerdet, Tuftagjerdet, Inngjerdsåkeren Hesgjerdet og Småstykki.

#### 4. Naturtypar og biologisk mangfald

Dei gamle naturbeitemarkene i nordaust er i dag lite nytta. Vegetasjonen kring steinstrukturane er i attgroing med høgvaksen vegetasjon der nyperosebusker og einerar dekkar store delar av steinstrukturane. På og ved røysene veks hegg og bjørk. På dei små engflatene mellom steinstrukturane veks mellom anna hundekjeks, raud jonsokblom, skogstorkenebb, fuglevikke, engsmelle, gjerdevikke, dunhavre, blåklukke, gulmaure, ryllik, kvitmaure, sølvmaure og lintorskemunn.

Området i sør-vest er ope og her framstår dei ulike røysene og steingardardane tydelegare. Det vert i dag beita av storfé. Vegetasjonen her er mindre variert, og meir næringskrevjande og beitetilpassa gras og urter dominerer som m.a. krypsoleie, engsoleie, kvitkløver, engrapp, timotei, raigras, hundekjeks, brennesle og storbregner som ormetelg.

Naturbase/ Artsdatabanken: Ingen naturområde eller spesielle artar er registrert i kjerneområdet. Ei naturbeitemark er registrert noko lenger sør-aust, og ullurt (NT) og flekkmaure (LC) veks i nærleiken. Sjå elles omtale av tilliggjande naturområde under omtale av Rå.

#### 5. Kulturhistoriske verdiar

Askeladden/Fylkesatlas: Det er registrert to gravrøyser på eit av hovudbruka (br. nr. 3), men ingen fornminne ligg på «Mosøyane». Det er registrert eit bustadhus på Mo og ein ruin etter ei husmannsstove på Mosøyane. Likevel er dei kulturhistoriske spora mange, og tufter etter plassar og stover kan vere fleire. Det er likevel alle dei større og mindre rydningsrøysene og steingardane som ikkje er fjerna som trekkjer til seg merksemda. Slike strukturar er truleg

rydda bort frå nærliggjande og oppdyrka område.


## **6. Dagens bruk og tilstand**

Delar av området vert nytta til storfébeiting, medan andre område ligg unytta og er i ferd med å gro til.

## **7. Vurdering**

Dette området saman med Eråksgrandane på Borgund er unikt og utgjer eit viktig monument over vanskelege levekår og ufatteleg slit. Det er få slike område der vi kan få eit så klart inntrykk av tidlegare utnytting, busetjing og arealstruktur frå slutten av 1800-talet/fyrst på 1900-talet. Området bør dokumenterast og oppmålast. Det bør også utarbeidast skjøtselsplanar for dei ulike eigedomane.

## 2.9 Lokalitet: Rå



Figur 40. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 41. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkjelde: Fylkesatlas.

## 1. Naturtype

Naturbeitemark og hagemark.

## 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Rå ligg i Råsdalen, ein sidedal til hovuddalføret på Ljøsne i Lærdal (figur 40 og 41).

Naturbeitemarka, hagemarks- og haustingsskogsområdet ligg på sør-vest sida av elva Nivla.

Berggrunnen i området er i hovudsak korna kvartsmonzonitt som stadvis kan vere omdanna til augegneis. Monzonitt er ein middel baserik bergart som ikkje gjev spesielt rike avsetjingar.

## 3. Historisk bakgrunn

Det er påvist jordbruk på Rå i over 4000 år. Både busetjingsspor og gamle ardspor i flateavdekka åkrar fortel om dette.

Rå kan i skriftleg materiale sporast attende til 1300-talet då det var kyrkja som stod som eigar. Den fyrste dokumenterte brukaren var Håvard Raa frå 1603.

På 1800-talet var det fem bruk på Rå. Det var teigblanding og eit samanvevd mønster av eigedoms- og bruksrettar. Den fyrste utskiftinga kom i 1840. Eigarane fekk utdelt kvar sine to innmarksteigar og mesteparten av utmarka i sameige. Alle var ikkje nøgde med dette resultatet og i 1903 vart det ei ny utskifting der dagens eigedomsmønster vart fastsett.

Husdyrhaldet på Rå er dokumentert attende til 1600-talet. Det var då tre bønder her og hovudbruket hadde 8 kyr, 4 kviger, 1 okse, 8 geiter og 5 sauer. Det var vidare både bukkar og griser (Solle Olsen upubl.). Etter folketeljinga i 1835 vart det fem bruk på Rå og ein merkbar auke i dyretalet. Talet på sauer vart seinare redusert til fordel for geitehald, geitene nytta utmarksbeitet og småskogen som strekte seg oppover fjellssidene mykje betre (Netland 2008).

Hausting av vinterfôr til husdyra var ein arbeidskrevjande prosess for bøndene. Ein slo både i innmark og utmark med ljå. Høyet vart gjerne lagt i utmarksløer og henta heim på vinteren. Bjørk og osp vart nytta til fôr, ein måtte også risa og skava. Borkeskav skaffa ein frå treslag som selje, rogn og alm. Vart fôrknipa alvorleg, måtte bøndene til fjells for å sanke «reinsmose» (eigentleg reinlav). Dette kalla ein for å «mosa» (Netland 2008, Ingebrigt Raa pers. oppl.).

Lauv var eit viktig fôr og ein finn fleire kårbreve som understrekar dette. I eit kårbrev frå 1835 kan ein lese kva nyebonden plikta å halda foreldra sine med: «----ret til at löve 100/et hundre/Birkeløv Kjærver, hvor som helst de lyster i Gaardens Skove». Ein husmannsseddel frå 1865 pålegg husmannen slik leige for plassen: «Den aarlige Avgift af pladsen skal være 2-to-rauk Birkelöv, at hugge i min Skov naar forlanges av Husbonden» (Netland 2008).

## 4. Naturtypar og biologisk mangfald

Rå er eit samansett område med varierte naturtilhøve, ulik brukshistorie og naturtypar. For at ikkje omtalen skal bli for generell kan Rå delast opp i fylgjande fire delområde (Enzensberger 2019): Oppkommerusti (naturbeitemark), Monsuri (haustingsskog), Råshaugen (naturbeitemark), og Råshaugen aust (hagemark og haustingsskog).

### Oppkommerusti:

Dette er det sentrale beiteområdet i dalbotnen med overflaterydda grasdominert eng (figur 42). Det utgjorde tidlegare nok både slåtteteigar og noko meir steinete lende med naturbeitemark. Råmetilhøva varierer ein del, såleis er det både frodige engparti og stadvis også turrbakkesamfunn. Naturbeitemarka kan lett turke ut, og er avhengig av kunstig vatning

for å gje god grasproduksjon. Feltsjiktet er påverka av gjødsling, også av trakk og møk frå husdyr.

Her finn ein mange gjødselspåverka og beiteresistente grasartar, og stadvis også eit markert innslag av urter. Vanlege artar på eldre slåttemarkar er gulaks, engkvein, hundegras, engrapp, engsyre, engsoleie, hundekjeks, kvitkløver, gjeldkarve og karve. Sidan det framleis beitar husdyr her er det stadvis også oppslag av næringskrevjande artar som nesle, kvassdå og bringebær.

Langs elva Nivla er det gjort forsøk med restaurering av styvingstre av bjørk.

Som naturtype får dette delområdet verdien «lokalt viktig», C. (Enzensberger 2019).

#### Monsuri:

Dette delområdet ligg på ei rasvifte ved fjellfoten med mykje rasmark og ur. Tidlegare er området klassifisert som bjørkehage, som eigentleg er tresett grasdominert naturbeitemark. Substratet er steinet og usamanhengjande med større parti prega av haustingsskog med meir enn femti prosent dekning av stein.

Ein kan tydeleg sjå på bjørkene at dei er lauva. Styvinga har ført til at trea no er krokete og greinete. Sidan lauinga tok slutt for mange tiår sidan, er gjerne fleire sidegreiner rotne bort og ei sentral hovudstamme har utvikla seg (Hauge & Austad 1989, 2015).



*Figur 42. Området ved «Oppkommerusti» vert nytta som beiteområde for storfe. I dette området er det mange strukturar etter tidlegare drift som vatningsveiter og kverner.*



Feltsjiktet her varierer ein del gjennom friske og turre utformingar. På friske parti dominerer engartar som sølvbunke, engrapp, timotei, engsoleie og engsyre. Stadvis finst meir storvaksne urter som vendelrot, tyrihjel, gullris, stankstorkenebb, hundekjeks, bringebær, mjøduert og brennesle. Elles er vegetasjonen dominert av lyskrevjande gras og urter som engkvein, gulaks, dunhavre, engfrytle, engfiol, kvitkløver, raudkløver, ryllik, vanleg arve, engkall, legeveronika, gulmaure, blåklokke, tveskjeggveronika, markjordbær og gjeldkarve. Her finst også fleire typiske skogsartar som t.d. fugletelg.

I tråd med standard verdisetjingsmatrise for naturtypar får denne haustingsskoglokaliteten verdien «svært viktig», A. Hovudgrunnen er at det er eit høgt artsmangfald (Enzensberger 2019).

#### Råshaugen:

Dette er ei naturbeitemark som blir nytta til vår- og haustbeite for sau. Sidan beitinga ikkje er så intensiv er fleire busker og trerønningar i ferd med å etablere seg på området. På dei mest produktive områda har det også danna seg strøppoppingar (Enzensberger 2019). Elles er det for nokre år sidan rydda ein del einer i beitemarka noko som gjer den opnare og meir produktiv som naturbeitemark (figur 43).

Artane her er stort sett dei same som i haustingsskogen med engkvein, engrapp, hundegras, smyle, raudsvingel, bleikstarr, engfrytle, hårfrytle, sølvbunke, tiriltunge, blåklokke, gjeldkarve, karve, ryllik, skogkløver, hundekjeks, leveveronika, tepperot, vanleg arve, engtjørebloom, blåkoll, engsoleie, markjordbær, kattedot, gulmaure, tveskjeggveronika, fuglevikke, følbloom, vårpengeurt, augnetrøyst, gullris og grasstjernebloom. Det er ikkje registrert raudlisteartar i området. Dette delområdet er etter standard verdisetjingsmatrise vurdert til å ha verdien viktig, B (Enzenberger 2019).



Figur 43. Råshaugen vart nyleg rydda for einer noko som auka beitearealet monaleg.



Figur 44. Bjørkehage og haustingsskog med bjørk på Råshaugen aust. Bjørkene har framleis tydelege spor etter lauvsank.

#### Råshaugen aust:

Dette området kan skiljast ut som eit hagemarks- og haustingsskogsområde med gamle styva bjørker (figur 44), dels også med velvaksne einerar. Det er også innslag av nokre enkeltstående og omfangsrike grantre. Feltsjiktet er grasdominert og produktivt. Men det er mykje stein i dagen, vesentleg overgrodd rasmark som tidlegare nok ikkje har vore nytta som slåttemark.

Området vert beita med sau vår og haust. Dei siste åra er det også rydda litt i denne hagemarka med fjerning av buskforma einer og også ein del gamle tre. Såleis har hagemarka ein lysopen karakter. Det er ikkje gjødsla med kunstgjødsla i hagemarka.

Artane er stort sett som på Råshaugen. Tydeleg er oppskot av storvaksne artar i ly av steinar slike som bringebær, brennesle, mjørdurt, sløke og bergrøykvein. Her veks også kant- og skogsartar som skogstorkenebb, skogstjerne, einstape og skogburkne.

Delområdet har fått verdien «viktig», B etter standard verdisetjingsmatrise (Enzensberger 2019). Det får høg utteljing for storleik, påverknad ved at det er i aktivt bruk og at det inngår som sentral del i eit heilskapleg jordbrukslandskap.

Naturbase: Området ligg inne i Naturbase som BN 00090016 Rå. Området blir vurdert å ha verneverdi viktig, B. Ei ny oppdatering av området vart utarbeidd i 2019 og framskaffa ny kunnskap om naturverdiane på Rå (Enzensberger 2019).

Den tilstøytande lokaliteten BN 00017570 Mo på den andre sida av Nivla har derimot edellauvskogskaraktar med ein del attgroing. Hassel dominerer i busksjiktet saman med krossved, medan bjørk dominerer i tresjiktet. Det er spreidde førekomstar av furu og alm (VU). Vegetasjonen i lia vekslar mellom hasselkratt/bjørkeskog og meir eller mindre open rasmark. Av karakterartar for vegetasjonstypen er det funne myske, breiflangre og bakkefiol. Soppar som bleik kantarell, lumsk korallsopp (NT) og duftsvovelriske (NT) er registrerte i hasselkratta, sistnemnde er ganske vanleg. Registreringane har vist at området har ein uvanleg rik karplanteflora, og også markerte innslag både av sørlege, varmekjære artar (som bergperikum, lind, skogskolm og raudkjeks), austlege artar (som bakkefiol, åkermåne og leddved) samt fjellplantar (som snømare). Den mest interessante karplanta er likevel den raudlista arten huldrenøkkel (CR), som vart funne i 2002 med 10 eksemplar på to stader nær kvarandre i rike hasselkratt. Også soppfloraen er rik, med funn av fleire raudlista artar. Mellom anna vart småjordstjerne (NT) funne hausten 2002, som einaste kjende veksestad på Vestlandet. Av insekt er det verd å merke seg ein god bestand av hagtornsommarfugl (*Aporia crataegi*) (EN).

Naturbeitemarka Mo II (BN 00090023) vis a vis Rå er også artsrik. Av artar vart det registrert mellom anna sandløvetann, marinøkkel (NT), fjellmarinøkkel (NT), bakkefiol, flekk-/vårmore, dunhavre, dunkjempe, gulmaure, kvitmaure, kattedot, vårskrinneblom og gjeldkarve. For fjellmarinøkkel er dette eit av dei lågastliggande funna som er gjort i Sør-Noreg. Det er elles grunn til å tru at marka har verdi for fleire artar av sommarfuglar, og at lokaliteten har potensiale med tanke på kravfulle biller knytte til naturbeitemark.

## 5. Kulturhistoriske verdiar

I Råshagane er det mange tufter og spor etter tidlegare bygningar og annan infrastruktur. Det er restar etter tre kverner. Ein kan framleis sjå spor etter den største av dei, «Nilsekverna». Det heitest at denne kverna var så stor og kraftig at den mol kornet like fort som ein kunne bera det fram frå det gamle fellestunet på Rå. Ein nytta vasskraft for å drive desse kvernene, og vatnet vart leidd gjennom «renneveiti» som hadde sitt inntak i elva Nivla (Netland 2008).

Det var fleire veitesystem på Rå med inntak både frå hovudelva (Nivla) og også sideelva til denne, Ingåna. Ingånveiti var den fyrste og eldste veita på Rå. Vassmengda i denne vart regulert ved å demme opp vatnet i Ingåtjødni med store steinar og torvdemningar i nedbørsperiodar. Seinare bygde bøndene Dalaveiti som hadde inntak i Nivla, og som hadde større vassføring i kritiske turkeperiodar og sikra god avling både på åker og eng. Både Ingånveiti og Dalaveiti er framleis intakte, det er også mogeleg å sjå demingen ved inntaket til Ingånveiti.

På Oppkommerusti er det mange steingardar som markerer tidlegare eigedomsgrenser. Gamle kart viser lange system av steingardar, men fleire strekningar er i dag rasa ut og stein fjerna. I 2005 vart det sett i verk tiltak for utbetring av fleire steingardar, totalt 400 m. (Netland 2008).

På den gamle heimstølen frå 1600-talet kan det enno påvisast tufter etter stølshus og 6 småfefjøs for sau og geit. Ein god del steinmateriale herifrå vart nytta til oppbygging av grunnmurar til nye bygningar på gardstunet på Rå etter utskiftinga i 1903-05. Nokre av tuftene er i dag restaurerte av noverande kårbonde Ingebrigt Raa.

Ein kan også finne mange rydningsrøyser ved Oppkommerusti. Dette er stein både frå skreder og også steinar som er løfta til overflata gjennom teleprosessar. Ved stølsvollen ligg det kring 25 rydningsrøyser.

Kringom i utmarka støyter ein på mange hellemurar. Dette var små lagringsplassar for høy og lauv under store steinar og hellerar som gjerne hadde ein mur i framkant. Murane vart helst

plasserte i ly for ver og vind, og slik at ikkje husdyra fekk tak i vinterfôret. Ved «Stølsgjerdura» er det i dag tre slike lagringshellerarar.

Kårmannen Ingebrigt Raa kan fortelje mykje om strukturar og arbeidsoppgåver på Rå. Mellom anna har han også påvist ei «ulvestilling» på ein haug oppe på terrassen ved Oppkommerusti. Her la ein ut åte for ulv som til tider kunne vere til stor plage for bøndene og husdyrhaldet. Her venta dei på ulven og skaut når dei nærma seg.

Askeladden: Det er ikkje registrert freda kulturminne på Rå. Men kulturmiljøet har eit variert utval av element knytte til det tradisjonelle kulturlandskapet.

## **6. Dagens bruk og tilstand**

Stykket Oppkommerusti blir framleis nytta som beiteområde for sau og storfe. Sauer beitar her om våren og hausten. Om sommaren beitar kalvar her. Det er oppført eit leskur for både solskins- og regnversdagar.

Grunneigaren viser stor interesse for både tekniske og biologiske kulturminne på garden. Han har prøvt å ta opp att den gamle tradisjonen med lauving og har restaurert ein del ungbjørker langs Nivla. Han har også opna opp gamle vegfar i hagemarka, og sett opp skilt som informerer om stadnamn og stiar.


## **7. Vurdering**

Rå utgjer eit samansett kulturlandskap som delvis er i hevd. Det kan framvise ulike tradisjonelle kulturmarkstypar som naturbeitemark, hagemark og haustingsskog. Det har også høgt innhald av biologiske og tekniske kulturminne.


Arealet inngår i kjerneområde kulturlandskap i Lærdal kommune sin kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern.

Grunneigaren er interessert i å ta vare på området, og har lagt ned mykje eigeninnsats for å utvikle dei historiske verdiane som er i området.

## 2.10 Lokalitet: Stuvane og Sloane



Figur 45. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkilde: Fylkesatlas.



Figur 46. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkilde: Fylkesatlas.

### **1. Naturtype**

Slåttemark, naturbeitemark, hagemark og frukthage. Tekniske anlegg med vatningsveiter og tufter etter gamal husmannsplass.

### **2. Lokalisering og naturgrunnlag**

Stuvehagane ligg på ei elveslette mellom stamvegen (E-16) og bergfoten på Ljøsne (Hauge & Austad 1989) (figur 45 og 46).

Grunnen i området er steinrik, både med gamal elvestein, men også jorvejord og blokkmark frå steinsprang. Jorvejord er i utgangspunktet flaumskredmateriale med blanding av ulike lausmanssar (jord og stein i ulike fraksjonar). Også elvesletta er grunnlendt med mykje stein, dels også steinblokker.

Berggrunnsgeologisk ligg område innanfor sona med kvartsmonzonitt som stadvis kan vere omdanna til augegneis. Monzonitt er ein middel baserik bergart som ikkje gjev spesielt rike avsetjingar.

### **3. Historisk bakgrunn**

Stuvane og Stuvehagane har eit namn som peikar attende på lange tradisjonar med lauvsank. Området har lenge tilhøyrt bruket Øvre Lysne. Gjennom tida har det vore mange husmannsplassar på elvesletta, og framleis kan mange av desse og også andre husgrunnar påvisast (Espe & Hovland 1990).

I Stuvehagane finst tufter etter husmannsplassaen Sloane. Sentralt i området er det også tufter etter fleire "stover", både frå Frammi-Stuvo, Midt-Stuvo og Atti-Stuvo. Dette var små tømra bygningar med torvtak oppførte i den såkalla Akershusiske stilen. Planløyvinga var tre rom, ei stove og to kammers. Inngongen var på langveggen direkte inn i stova gjennom eit overbygd inngongsparti, skruv. Ofte var det ein lem over kammerset og kjøkenet. Med innføring av peis med skorstein fekk stovene ofte påbygg til to etasjar med loft.

Desse stovene er også kjende frå dei historiske fotografa til Knud Knudsen (1832-1915) og Aksel Lindahl (1841-1906). På desse bileta ser ein både tunskipnad, tekniske strukturar og folkeliv. Ein ser også fleire uthus og fjøsar, gjerne i reisverk med bordkledning. Fleire av bygningane har tilbygg med vedhus eller lagerrom. Her er også uthus murte opp av runda elvestein og med torvtak. På desse fotoa ser ein bønder i aktivitet, både med slåttonn, ved- og lauv- og høysank (sjå delrapport 1). Ein ser hesjar på mindre slåtteteigar og opparbeidde potetåkrar i den skrinne og steinete grunnen. Karakteristisk på bileta er dei snaue fjellssidene og dei mange lauvingstrea i utmarka.

På åkrane dyrka bøndene og husmennene både poteter og korn, helst bygg. Også nepe var ein vanleg åkervekst i området. No er åkrane attgrodde og har fått ein grasdominert flora med vanlege engartar.

Det gamle stabburet på Stuvane («Atti-Stuvo») er det einaste som står att av gamle bygningar i tunet i dag. Av bygningane i tunet Midt-Stuvo kan ein berre sjå grunnmurane. Mange av desse vil bli påverka av omlegginga av Undebakkeveiti og oppjusteringa av E-16 gjennom området.

### **4. Naturtypar og biologisk mangfald**

Tradisjonelle slåttemarker ligg på noko skrinne grunn. Dei fylgjer stort sett terrengformene og kan vere småkuperte og oppdelte. Namnet "Skorpa" er nok avleia frå dei grunne jordtilhøva,

der det organiske jordsmonnet utgjør eit tunt lag oppå grusavsetjingane.

Floraen på desse gamle slåtteengene er heller artsrik, t.d. med grasartar som hundegras, engreverumpe, dunhavre, smyle, engkvein, engrapp, engsvingel og sauesvingel. Vanlege urter er kvitmaure, raudkløver, kvitkløver, fuglevikke, tiriltunge, lintorskemunn, gjeldkarve, ryllik, raudknapp, blåklokke, markjordbær, engtjøreblom og engsoleie. Botnsjiktet har ofte høg dekningsgrad av mosar, helst engkransmose og etasjemose (Hauge og Austad 2008 ab).

Naturbeitemarkene kan vere artsrike (figur 47) og stadvis ha ein god del mose. Grasartar toler langvarig og hard beitegang betre enn dei fleste urtene. Det skrinne jordsmonnet set føringar for floraen, som stort sett er samansett av nøysame artar som sauesvingel, engkvein, gulaks, gulmaure, markjordbær, tepperot, blåklokke, blåkoll, tepperot og vanleg augnetrøyst.

Det er også oppslag av ein del søyleforma einer på beitemarka. Einerane er oppstamma og opptek lite beiteareal. Delar av beitemarka vart rydda for buskforma einerar på 1990-talet. Langs grusterrassar og skredjord ser ein krokete bjørker med tydelege spor etter langvarig lauving. Det er både frittstående tre, men også tettare samlingar som må karakteriserast som bjørkehagar. Desse utformingane er spesielt vanlege på skredjorda på Sloane der bjørkene både er mange og store.

Feltsjiktet i desse hagemarkene varierer ein del gjennom friske og turre utformingar med dominans av lyskrevjande gras og urter. På friskare parti dominerer engartar som sølvbunke, engrapp, timotei, gulaks, dunhavre, engfrytle, engsoleie, engsyre, engfiol, kvitkløver, raudkløver, ryllik, småengkall, gulmaure, blåklokke, markjordbær og gjeldkarve. Stadvis finst meir storvaksne urter som vendelrot, tyrihjel, stankstorkenebb, hundekjeks, bringebær, mjødukt og nesle. Dei gamle bjørkene har også innslag av truga lavartar som praktlav med skoddelav på berg og steinblokker (Naturbase).



Figur 47. Naturbeitemark med høgt artsmangfald ved Stuvane.



*Figur 48. Gamal frukthage med ulike eple- og pæresortar som gjev ein spesielt variert og fargerik bløming. I framgrunnen renn Undebakkeveiti og i lia bak går Ljøsnaveiti.*

På skrint underlag er artsrikdomen lågare. Vanlege artar er engkvein, smyle, småmarimjelle, tveskjeggveronika, vanleg arve, engmarikåpe, gullris, legeveronika og fugletelg.

I lia bak Ljøsnaveiti ligg eit område med rikare edellauvskog, hovudsakleg med lågrurt-hasselkratt. Den ber preg av kontinuitet og inkluderer fleire karakteristiske livsmiljø (ur, styvingstre, tørrbakke, hasselkratt og bekkesig). Dette gjev grunnlag for eit høgt artsmangfald. Lokaliteten har truleg potensiale for kravfulle og dels raudlista artar både av karplanter og insekt. I dette området er det innslag av ein del almar, fleire med gamle spor etter fôrsank (lauving og rising).

Fruktdyrking har vore ei viktig næring i Sogn og i Lærdal gjennom eit par hundre år. Spesielt i dei lune og solrike delane av dalføra var grunnlaget for fruktdyrking godt. Eplehagen på Stuvane ligg i eit område med innslag av store steinar og fjell i lia bak (figur 48). Frukthagen har ein struktur som ei tradisjonell "hagemark" der ein kombinerte hausting av gras, gjerne også husdyrbeite og fruktdyrking. Trea er nok planta fyrst på 1900-talet og har truleg fleire gamle fruktsortar.

I det lune området ved bergfoten på Stuvane var det tidlegare også ein humlehage (Hauge og Auestad 2011). Humle er ei kjend kulturplante som vart dyrka i inngjerda hagar. Planta veks kraftig på våren og treng oppstøtting. Humleplanta står ofte oppstøtta til steingardar, murar eller eit reisverk av staurar og strenger. Det er hokonglene som vert nytta, desse vert plukka og tørka tidleg på hausten.



### Naturbase:

I Naturbase er eit større område med gamal slåttemark, naturbeitemark og hagemark omtala som Stuvehagane (BN 00017584). Lokaliteten er verdivurdert til viktig (B). Lokaliteten har høgt potensiale for varmekjære og sjeldsynte insektsartar. Den norske ansvarsarten aurskrinneblom er registrert i lokaliteten (Naturbase).

Langs Ljøsneterrassen ligg også lokaliteten «Ljøsne terrasse» (BN 00017561) som er vurdert til svært viktig (A). Her er restar av gamle slåttemarker og naturbeitemarker i ei sørvendt terrasseskråning med rike førekomstar av austlege, varmekjære turrengplantar. Lokaliteten har også høgt potensiale for varmekjære, sjeldsynte insektsartar.

I lisida like over Ljøsnaiveiti ligg lokaliteten Øvre Ljøsne (BN 00090027) som er ein rik edellauvskogslokalitet med verdi A (svært viktig). I Naturbase er det også omtala ein lokalitet med ballblom på Stuvane. Denne lokaliteten vart øydelagt i samband med utbetringa av E-16 ut på 2000-talet.

## **5. Kulturhistoriske verdiar**

Området er rikt på kulturhistorie, m.a. har dei gamle ferdeslsvegane gjennom Lærdal, Borgund og over Filefjell gått forbi Stuvane. Desse ulike veggengasjonane har nok stort sett gått langs same trase der dei gamle ridevegane vart avløyste av kjerrevegar under opprustinga av vegnettet kring 1792. Den gamle ferdselsvegen kan ein sjå på mange teikningar og fotografi der den gjekk langs elva og etter kvart gjennom dei ulike tuna på Stuvane. I lia og fjellet bak er det også fleire stølsvegar.

Ved Stuvane er det mange ulike steinarbeid, både tradisjonelle opplødde steingardar og rydningsrøyser. Steingardane gjekk langs grensegjerde og danna solide inngjerdingar og kve. Dei fleste steingardane er tørrmurar, gjerne kvilande på dei største steinane og jordfaste steinar. Steingardane fylgjer terrenget og kan gjerne ha opningar for grinder. Ved oppdyrking er steinar lagde i haugar/røyser. Svært mange slike rydningsrøyser ligg i dalbotnen. Desse rydningsrøysene er vanlegast oppbygde av avrunda elvestein.

På plassen Sloane kan ein finne tufter og strukturar etter ein «komplett» husmannsplass (figur 49).

I området ved Stuvane er det storsteina urer med store holer. Desse urahola var naturlege skjul og har gjennom tidene hatt ulike funksjonar, m. a. vore nytta av all slags vegfarande til overnatting. Dei fungerte sikkert også som husly for arbeidsfolk som arbeidde i utmarka. Urahola tente også som lagringsstad for vinterfôr, både høy og lauv. Mange av dei naturlege hellerane og store steinhellene i området fekk oppmura steinvegger avstengde med dører/grinder. Dei utgjorde på dette viset godt eigna lagerplassar for fôr, godt skjerma både mot husdyr, regn og snø. Spesielt viktige var lagringsstadane i nærleiken av løypestrenger frå utmarka.

I lia over Stuvane og Sloane er det mange spenn med løypestrenger. Sidan som regel både festepunkt og trommel var av tre, er desse no råtne bort. Gamle nedfalne løypestrenger finn ein mange stadar, m.a. når ein går langs etter Ljøsnaiveiti.



Figur 49. Den gamle husmannsplassen Sloane med eit mangfald av tufter og teigar.

I samband med utbygginga av Lærdalsvassdraget finansierte utbyggaren Østfold fylke eit klekkeri for laks og sjøaure i Lærdal, oppført like vest for Stuvane. Klekkeriet vart bygd i 1973 og skulle drivast og administrerast av fiskerirådet. Dei skulle drive og vedlikehalde anlegget og stå for stamfiske og utsetjing av yngel. Her skulle også vere ein avdeling for innlandsaure tilpassa Lærdalsvassdraget sitt behov (Hovland 1999).

Askeladden: I Askeladden er det registrert eit lausfunn i form av eit «bergartsavslag» på husmannsplassen Sloane (Røberg 1993). Vest for Stuvane mot terrasseflata på Øvre Lysne er det derimot mange funn både av lause og faste automatisk freda kulturminne, inkludert mange gravrøyser frå jernalderen. Desse ligg ikkje så langt frå Ljøsnaveti, men utanfor det definerte delområdet Stuvane.

## 6. Dagens bruk og tilstand

Stuvehagane blir nytta som beiteområde for både sau og storfe. Nyleg er større areal med ungskog rydda bort for å utvide og forbetre beiteområdet. Beitemarka har innslag av einer (både busk- og søyleforma), i tillegg til bjørk, selje og gråor. Her finst ulike tekniske anlegg, som fôrhalдар for uteføring av sau og storfe, feste for løpeprestreg, og restar etter eit leskur for husdyr. Ei telefonlinje går gjennom beitemarka.

Slåttemarka på «Gjerdet» blir framleis slått. Men veitene der er ikkje vedlikehaldne sidan på midten av 1990-talet. Køyning med traktor rundt og delvis i veitene, har gjort at dei tidlegare markerte kantane på veiteløpene har blitt avrunda. Graset på den største slåttemarka Gjerdet vert slått ein gong kvart år, vanlegvis i juli. Vegetasjonen i enga er prega av eit godt utvikla jordsmonn, jamn fuktighetstilgang og noko tilførsel av gjødsel. Høgvaksne grasartar som sølvbunke, engrapp og hundegras dominerar i feltsjiktet saman med ryllik, marikåpe og kvitkløver. For dette delområdet er den kulturhistoriske verdien større enn den biologiske. Sjølv om det biologiske mangfaldet er moderat, finst det også innslag av meir lågvaksne gras

og urtar som engkvein, gulaks, blåklokke, blåkoll, gjeldkarve og markjordbær.

Frukthagen har innslag av ulike sortar. Den blir ikkje kultivert lenger, men blømer i ulike fargenyansar om våren og bidreg til å auke den estetiske verdien til området.

## **7. Vurdering**


Området i Stuvehagane viser restane etter jordbruk på marginal grunn. Her var det små rydda husmannsplassar med bygningar plasserte i tun, innmark og utmark. Her finn ein eit småskala og mosaikkprega kulturlandskap med innslag av mange strukturar. Fleire av teigane er framleis i bruk som beiteområde for sau og storfe (kalvar).

Området «Stuvehagane» ligg også inne i naturbase som eit område med variert kulturlandskap med mange kvalitetar. Området har slåtteteigar, naturbeitemarkar og bjørkehagar. Engene har innslag av turrengartar trass i at nokre har preg av noko gjødsling.

Sentralt i området er også dei ulike utformingane av vatningsveiter frå den lange tilførselsveita Ljøsnaveita til den vassførande Undebakkeveita med forgreiningar.

Det relativt avgrensa geografiske området viser attende på den mangfaldige bruken av vatn både i jordbrukssamanheng, knytt til elvefiske og også kultivering av fiskeyngel i klekkeri.

## 2.11 Vatningsveitene Ljøsnaveiti, Undebakkeveiti og Semløyveiti



Figur 50. Omtrentleg avgrensing av inntak og utløp for Ljøsnaveiti (blå stipla strek) og Undebakkeveiti (raud stipla strek). Kartkjelde: Fylkesatlas.

### 1. Kulturminne

Teknisk struktur i verdifullt kulturlandskap.

### 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Ljøsnaveiti går frå Saue til Nedste Ljøsnelva, ein strekning på godt over 4 km. Undebakkeveiti går frå Stuvane og renn ut i Lærdalselvi ved Midt Ljøsnelva (figur 50).

Stuvehagane ligg på ei elveslette mellom stamvegen (E-16) og bergfoten på Ljøsnelva (Hauge & Austad 1989).

### 3. Historisk bakgrunn

#### Ljøsnaveiti

På Ljøsnaterrassen kan ein påvise gamal busetjing og jordbruk. Her låg gardane solrikt og trygt for den stadig flaumstore og skiftande hovudelva i dalbotnen. Dessutan var oversikta over dalføret og ferdsla gjennom dalen god. Gardane var store med flat og lett driven dyrkjingsjord. Eitt av dei større problema var å få framført nok vatn.

Ein har påvist ei fjellveit med utspring 1200–1400 moh. Denne leidde vatn gjennom Kattgjelsfossen og Krokafossen ned til Ljøsnaterrassen. Fjellveiti vart bygd på 1700-talet og var i bruk til 1860-åra (Seim 1965). Men stadige steinsprang og vårflaumar resulterte i omfattande vedlikehald og mykje innsats for lite vatn.

Ut på 1800 talet starta planlegginga av Ljøsnaveiti som skulle føre vatn frå den vassikre Lærdalselvi og ned på Ljøsnaterrassen. Sjølve veita skulle bli nesten 5 km lang og måtte framførast gjennom ulendt terreng, dels med storsteina urer. Sjølve nivelleringa vart utført i 1857 der ein hadde fylgjande beskrivelse (Aarehun & Aspevik 1991): *"Femten Fod, ni Tomer og tre Linier er den virtselige Stigning frå øvre Lysne til en angiven Stor Stens øverste Side som ligger i Elven. Ved denne Vandstand som Faldet er afnivellert er oppgivet til av ligge 2 Fod under almindelig Lavt Sommervand"*.

Det vart uttrykt stor skepsis til desse ambisiøse planane, ein hadde ikkje planlagt og utført tilsvarande konstruksjonar tidlegare. Ein søkte kunnskap frå vatningsanlegg andre stadar, både i Italia, Egypt og jamvel India. Fleire hadde skeptiske kommentarar til planane; *"Fær Wendelbo vatn or Sausøyn, då vert eg konge i Norge"* og *"Det vatnet som kjem te Nesta-Ljøсне, ska e drikka opp"* er hermer etter mistruande husmenn. Ljøsnaveiti hadde inntak i Lærdalselva ved Saue, like nedanfor Sausgjelet og Sloane. Plassen der med inntaket er i dag endra i samband med tidlegare utbetring av vegen (E-16). I eit parti under Sausgjel vart vatnet framført med store treslok. Dette av di hyppige og store snøras i Sausgjel kunne gjere stor skade på anlegg nedanfor.

A. Grimæs utforma ein detaljplan i 1891 som m.a. fastslo at *"kanalen er forutsat at kunne føre frem til Lysnebrekken 100 liter/sekund"*. Utrekningar på breidde, djupn og fall vart utført. Beskrivelsane var nøye og omtala både storleik på fraksjonar (pukkstein), utsprenging (dynamitt var akkurat teken i bruk), og tetningsmateriale (sement). Ljøsnaveiti fekk eit tverrsnitt med ei skrånande oppside mot fjellfoten og ura, og ei steil side mot dalen (fig. 51). I tilrådinga frå "Amtformanskabs Forhandlinger" om amtsbidrag til anlæg af vandledning til Lysne i Lærdal vart det også konkludert med at *"...det er utilraadeligt at yde Amtsbidrag til et Foretagende med saa begrænset Interesse som nærværende...."*.

Det var i alt sju gardseigarar som finansierte veita. Dei søkte om midlar frå staten og fekk eit lån på 7200,- kr. Dei lånte pengane vart attendebetalte over ein 20 års periode. Mot slutten av betalingsperioden skal Bård Lysne, den eine av utbyggjarane, ha uttalt om det dyrt kjøpte vatnet: *"Me vatna med bayerøl"*.

Veita stod ferdig i midten av 1890-åra (Aarehun & Aspevik 1991). Muraren og vegoppsynsmannen Anders Grøte ("Grøten") var arbeids-formann, og var nok den som stakk veita (Seim 1965). Fleire husmenn i grenda hadde óg godt betalt arbeid i anleggsperioden. Til slutt nådde vatnet fram til Wendelbo og Nedste Ljøсне. Veita vart ein modell for andre tilsvarande prosjekt i bygda, og også andre stadar i Sogn.

Bruken, delinga av vatnet og vedlikehaldsplikter, vart nøye regulert ved forlik og utskiftingar. Så seint som i 1957 måtte Statens Vegvesen søkje for å endre løpet til veita i samband med vegopprusting (Seim 1965). Det som i dag stort sett blir kalla "Ljøsnaveiti" har likevel hatt fleire namn; både Storaveiti, Sausveiti og Uppåbakkeveiti har vore brukt.

Ljøsnaveiti var nesten 5 km lang frå inntaket ved Hønjum til garden Nedste Ljøсне (figur 51). Veitestrekninga i dag er ikkje samanhengjande, men har likevel mange relativt intakte delstrekningar (Haugsbø og Hovland 2006, Møller 2006, Hauge og Auestad 2011). Spesielt imponerende er veitepartiet som går i grovsteina ur like bak tunet på Øvre Lysne og også eit tilsvarande, men litt kortare parti ved Midtre Ljøсне.



Figur 51. Ljøsnaveiti går delvis gjennom storsteina ur. Legg også merke til styvingstrea av bjørk som står i grovura.

### Undebakkeveiti og Semløyveiti

Undebakkeveiti er opparbeidd i dalbotnen under Ljøsnaveiti (figur 52). Veita har inntak i ei lita forgreiningselv (kvitl) med utspring i hovudelva like aust for husmannsplassen "Sloane". Herifrå blir vassføringa inn i veita regulert med ei opparbeidd demmeluke i tre. Demmeluka har fleire innstillingar for vasstiltførsel.

Deretter går veita langs nedsida i av E-16 kring 100 meter før den kryssar under vegen i eit røyrsystem. Herifrå går veita i dagen, rundar opp mot rasvifta langs fjellfoten og renn open nedover langs dalbotnen på Ljøsne.

Ved Stuvane er det nok ei demmeluke som kan leie vatnet inn i ei avgreining, Semløyveiti eller Slettaveiti. Delar av denne veita er ei terrengveit eller "lenda", dvs stadvis opparbeidd over søkk og små utgravingar. Veita fører vatnet på ny under E-16 i ei stikkrenne. Tid for opparbeiding er ikkje dokumentert, truleg er dette eit gammalt vatningssystem. I ein skjønnsforretning frå 1960 blir det hevda rett til veitetak i området frå før 1860. Langs veita, gjerne i samband med eigedomsgrenser og stikkrenner, er det oppsett fleire finmaska nettverksgjerde, "tråsgardar" som har til føremål å fange opp flytande kvistar, lauv, gras og anna lausmateriale ("trås"). Veita har gitt veitevatn til heile elvesletta frå Stuvane, og halvveges inn på Midtre Ljøsne (Gnr. 10.3), Med åra har dette vorte endra slik at den dei siste åra har forsynt området ved Stuvane med vatn.




Figur 52. Den vassførande Undebakkeveiti med demmeluke i bakgrunnen.

Det var også andre, mindre veitesystem i tillegg til Undebakkeveiti (figur 53). Vatnet frå Sausgjel vart oppdemt og leia mot plassområdet "Sloadn" (Seim 1965). Husmennene på Stuvane fekk ikkje vatn frå Ljøsnaveiti, men måtte vatne åkrane sine med eigne vatningsanlegg med uttak frå Sausgjeli. Vatnet vart ført fram mot plassane i slók (trerenner). Slóka enda opp like bak bruket på Stuvane. Like aust for dette var det eit nytt slók som førte overskotsvatn ned i Undebakkeveiti når det ikkje vart vatna på Stuvane. Husmennene kunne nytte seg av vatn frå Undebakkeveiti (Aspevik & Aarethun 1991).

I 1934 vart det gjort skjønnsforretning på Lysne der saka var "utdeling av vatningsvatn i Undebakkeveiten". På denne tida var veita i heller dårleg stand. Her vart det fastsett at veita skulle vere 1,20 meter brei ved hovudinntaket. Lukene skulle vere "forsvarlege". Ein stad skulle veita bli senka med 20 cm, andre stader rettast ut eller reinskast. Vedlikehaldet skulle fordelast etter bruk av veitevatn.

Veitevatnet vart utdelt både i dag- og nattetimar, søndag vart ikkje utdelt. Vatn må ikkje unødig bli demt og spillvatnet skal fritt kunne bli nytta nedanfor (Seim 1965). Seinare (1955) var det også justeringar av bruksrettane. Heretter vart det ikkje vatn på torsdagar, og fleire protesterte mot arealoppgåvene til andre brukarar. Alle vart tildelt vatn to gonger i veka der vatningsveka vart rekna til 144 timar, framleis unnateke søndagar. Til slutt peika skjønnet på at veita var i svært dårleg stand (Seim 1965).

Etter ein turkesommar i 1955 vart det strid mellom Statens Vegvesen og brukarane med omsyn på vedlikehaldsplikter for stikkrenner. Langs vegen var det heile 13 gjennomføringar (stikkrenner og klopper).



Figur 53. Namn på dei ulike veitene. Semløyveiti går ut frå Undebakkeveiti og fører under noverende E16. Veita er no ikkje vassførande sør for E16. Lokalveita til enga "Gjerdet" går ut frå Semløyveita. Olaf Stuvene vatna med veitene som er farga lyseblå, dei grøne veitene er ikkje vedlikehaldne og delvis attgrodde.

Undebakkeveiti vart nytta årleg til vatning til fram på 1990-talet. Olaf Stuvene demonstrerte ofte teknikken for interesserte, og i 1992 vart det gjort nokre video-opptak som m.a. vart nytta i fjernsynsprogram (Lysne 2018). På denne tida vart likevel det meste av arealet vatna med spredar. Eit pumpehus var bygd ved Undebakkeveiti og ein nytta vatnet derifrå til eit røyropplegg tilkoppa ein tradisjonell "Grev"-spredar.

Veita blir også nytta til undervisning frå grunnskule- til høgskule- og universitetsnivå. Det har vore eit fast ekskursjonsmål for fjerde årstrinnet ved Lærdalsøyri barne- og ungdomsskule. Det pedagogiske utbytet blir rimelegvis størst når det er mogeleg å føre fram vatn i veitene.

I samband med opprustinga av E-16 i 2009-11 vart det også gjort endringar i løpet til veita. Veita kryssar no vegbana kring 100 meter lenger aust med opparbeiding av ein ny veitestrekning på nordsida av vegen.

#### 4. Naturtypar og biologisk mangfald

##### Naturbase:

Langs Ljøsneterrassen ligg lokaliteten «Ljøsne terrasse» (BN 00017561) som er vurdert til svært viktig (A). Her er restar av gamle slåttemarkar og naturbeitemarkar i sørvendt terrasseskråning med rike førekomstar av austlege, varmekjære turrengplantar. Lokaliteten har også høgt potensiale for varmekjære, sjeldsynte insektsartar. I lisida like over Ljøsnaveti ligg lokaliteten Øvre Ljøsne (BN 00090027) som er ein rik edellaauvskogslokalitet med verdi A (svært viktig).



## **5. Dagens bruk og tilstand**

Veitesystemet med Undebakkeveiti og Semløyveiti er framleis vassførande og fungerande. Men veitekantar rasar stadig ut og gjer veiteløpet udefinert. Veitene treng opprensning. Rotstubbar og tre langs kanten må fjernast, og utrasa steinar må leggjast på plass. Den tekniske tilstanden for både klopper, «tråsågardar», demmeluker o.l. blir stadig dårlegare og må reparerast.


Det er utarbeidd ulike skjøtselsplanar for veitesystema. Hovudveita Ljøsnaveiti har ikkje vore vassførande på nesten 100 år. Etter ein omfattande restaureringsprosess på midten av 1990-talet har det berre vore utført heilt nødvendig utbetringstiltak, t.d. etter steinsprang.

## **7. Vurdering**


Både den lange tilførselsveita Ljøsnaveiti og systemet med Undebakkeveiti og Semløyveiti utgjer i dag kjerneelementa for denne eldgamle vatningstradisjonen i Lærdal. Dette kulturminnet er saman med dei gamle vegane unikt for Lærdal og kanskje for heile landet. På same viset som ein har rusta opp dei gamle vegane, bør ein her få til eit eksempelanlegg for tradisjonell vatning.

Kanskje særleg bør Undebakkeveiti bli funksjonell. Dei fleste veitestrekningane her bør vere operative og innehalde variasjonen av veitetypar med t.d. steinveiter, veiter i torv, oppbygde lendaveiter og forgreinigssystem. Vidare er det viktig også å ta vare på alle dei ulike delelementa og strukturane som var typiske for eit velfungerande veiteanlegg som demmeluker, tråsågardar, treslôk og avskjer.

## 2.12 Lokalitet: Saue



Figur 54. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 55. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkjelde: Fylkesatlas.

## **1. Naturtype**

Naturbeitemark, hagemark og haustingsskog.

## **2. Lokalisering og naturgrunnlag**

Saue ligg på nordsida av E-16 ved Hønjum. Området strekker seg frå Sloane til Bjørkum, men kjerneområdet omtala her ligg mellom Sausgjelsgrovi og Jutlaelvi (figur 54 og 55).

Kulturlandskapet strekkjer seg oppover lisa på eit par skredvifter. I nedkant er skredjorda oppdyrka med opne grasdominerte naturbeitemarker, lenger opp i lia er det skogdanning i rasmark og til dels grov ur (Hauge og Austad 1989).

Berggrunnen i området er i hovudsak korna kvartsmonzonitt som stadvis kan vere omdanna til augegneis. Monzonitt er ein middel baserik bergart som ikkje gjev spesielt rike avsetjingar.

## **3. Historisk bakgrunn**

Saue er eit utmarksområde som ligg under gardane på Midtre Ljøsne. Etter utskiftinga i 1910 vart nye eigedomsgrenser fastsette.

Omtale av plassen Saue med «Vetle-Saue» og «Store Saue» kan ein finne i historiske dokument frå 1660-åra då det vart registrert tre husmenn her.

Plassen «Galtebakken» ligg fremst mot vesle Jutla-elvi. Namnet kan ha utspring frå ein fjellformaasjon eller «kult» oppe i Jutlafossen som dei kalla «Galten». Kring 1830 budde Samuel og Mari Sande på plassen saman med dei 9 borna sine. Dei hadde ei kyr og nokre sauer. Det hørde slåtteteig, beite- og skogrett til plassen og dei hadde også stølsrett. Plassleiga skulle vera å lauva 3 rauk, skjera eit par åkrar med korn og hjelpe til i ei onneveke på hovudbruket (Espe og Hovland 1990).

I 1865 er plassen nok utvida og dyretalet har auka monaleg, då var her 5 storfe og 30 sauer. Åkervidda var stor nok til å så 1 tønne bygg og tre tønner poteter. På slutten av 1800-talet bygde dei ny og romsleg stove med kjøkken og kammers. Auka inntekt kan nok skuldast at husmannen arbeidde på veganlegg eller elveførebyggingsarbeid i bygda (Espe og Hovland 1990).

Frå 1870-åra kan ein også finne fleire foto frå dei fyrste omreisande landskapsfotografane, særleg frå K. Knutsen og A. Lindahl. På bileta legg ein spesielt merke til dei store frittstående bjørkene med tydelege lauvingsspor.

Galtebakken vart fråflytt og nedlagd som plass omkring 1930. Etter dette har Saue og Galtebakken tent som beiteområde for hovudbruket på Midtre Ljøsne. Her har vore ein del uttak av ved og emnevirke.

Fyrst på 2000-talet var det omfattande utbetring på E-16 med opparbeiding av rasteplass. I samband med dette vart det også gjort store sikringsarbeid av Sausgjelsgrovi med opparbeiding av ein større skredvoll mot dei jamlege store snøskredene som kjem ned her.

## **4. Naturtypar og biologisk mangfald**

Grasdominert naturbeitemark er den vanlegaste kulturmarkstypen i nedkanten av skredviftene. Feltsjiktet varierer ein del gjennom friske og turre utformingar. På friske parti dominerer engartar som sølvbunke, engrapp, timotei, gulaks, dunhavre, engfrytle, engsoleie, engsyre, engfiol, kvitkløver, raudkløver, ryllik, småengkall, gulmaure, blåklokke,

markjordbær og gjeldkarve. Stadvis finst meir storvaksne urter som vendelrot, tyrihjel, gullris, skogstorkenebb, hundekjeks, bringebær, mjødukt og nesle.

På skrint underlag er artane noko færre og meir småvaksne. Vanlege artar er engkvein, smyle, småmarimjele, tveskjeggveronika, vanleg arve, engmarikåpe og legeveronika. Her finst også fleire typiske kant- og skogsartar som t.d. stankstorkenebb og fugletelg.

Dei gamle slåtteteigane er framleis opne med høg dekning av gras og urter som avspeglar den tidlegare kulturpåverknaden med t.d. gulaks, engkvein, hundegras, engrapp, raudsvingel, gjeldkarve, kvitkløver, skogkløver, engsyre, hundekjeks og prestekrage. Stadvis er det areal i attroing med eit markert oppslag av bringebær, nesle og myrtistel.

Naturbeitemarka har eit visst innslag av gamle, storvaksne bjørker med styvingsspor (figur 56). Stammene på bjørkene er tydeleg greina, og ein kan lett sjå dei gamle kappunkta. Trea varierer ein del i omfang, men er gjennomgåande omfangsrike spesielt der dei er frittstående og står på godt utvikla jordsmonn. Feltsjiktet i hagemarka er samansett av nøysame urter og gras.

På skredviftene er det også ein god del hasselbusker som i tidlegare tider nok har vore nytta til ulikt virke som hesjastaur, gjerdestolpar og gjerne også til sal som bandstakar for tønnebandproduksjon.



*Figur 56. Rydningsrøyser og ei lauva «kluftabjørk» ved Bakkelassen.*



*Figur 57. Gamle styva almar som framleis står i den gamle risingskogen ved Saue. Ris var friske skot av alm som vart nytta som fôr i bladlaus tilstand vinterstid.*

Området ved Saue er ei lun lomme i dalføret med god solinnstråling. Lokalklimaet i lisida kan vere godt og her finn ein også ein av dei større områda med edellaauvskog i bygda. Her står fleire store frittståande almar med styvingsspor (figur 57). Enno kan eldre minnst at dette vart kalla risingskogen, eit område der dei sankt sevjerike kvistar med bladknoppar om våren for å gje det som fôr til husdyra. Her er også ein god del lind, mange av desse med spor etter fôrsanking (ris) og kanskje også uttak av bast til produksjon av tau og reip som var vanleg i fjordbygdene i Sogn (Direktoratet for naturforvaltning 2011). Her er innslag frå eit austleg, og varmekjært floraelement med funn av artar som bakkefiol, bakkemynte, kvit bergknapp, åkermåne, kransmynte, trollurt, storklokke, engtjøreblom og sandløvetann. Her er også artar med eit meir vestleg tyngdepunkt som bergperikum, lodneperikum, myske, vårerteknapp og krattfiol. Det er også gjort funn av sjeldne lavartar (sjå under).

Stadnamnet Humlehagen vitnar nok om at det her tidlegare vart dyrka humle. Humle vart nytta i samband med brygging av maltøl, kanskje det også vart dyrka av husmennene for sal?

Naturbase: I Naturbase er dei sentrale områda rekna inn i lokaliteten Stuvehagane (BN 00017584) med ei felles omtale for desse. I eit belte i lia over Bakkegarden er lokaliteten med edellaauvskogen «Stuvane» (BN00017583) avmerkt som rik edellaauvskog. Her er det registrert næringskrevjande artar som alm, lind, hassel, åkermåne, bergmynte, springfrø, krattslirekne, neslesnyltetråd og gulmaure (Korsmo 1975). Gaarder (1995) har registrert raudlistearane blådoggnål (VU), bleikdoggnål (NT) og skorpeglye (VU) på gamle almetre. Dessutan er det ein del lavartar knytte til lungenever-samfunnet som lungenever, skrubbenever, grynfiltlav, vanleg blåfiltlav og raudlisteararten praktlav (Bøthun 2003). Mest



*Figur 58. Jutlamannen er ein kjend steinformasjon ved Sloane. Jutlamannen er ein «Olavsstein» med ei segn knytt til reisa til Olav den Heilage gjennom dalføret i år 1023.*

truleg er det også sjeldne soppar og insektartar her og lokaliteten har «potensiale for kravfulle og raudlista artar (Gaarder 1995).

Ved Jultaelvi (BN 00090025) er det i Naturbase også lagt inn eit bekkekløft-område med spesiell naturtype (Mork og Høgberg 2008). Lokaliteten er stor og middels godt utvikla sjølv om eksposisjon og vassføring ikkje er til stades for å gi gode vilkår for dei mest kravfulle «fossesprut-artane». Vanlege artar her er bergfrue, løkurt, gulsildre, fjellskrinneblom, aksfrytle og bergveronika. Dei siste er fjellartar der elvevatnet har frakta med seg frø nedover. Her er ein del artar i lungenever-samfunna både på bergvegger og tre, også dei sjeldne artane olivenlav og rund porelav (Gaarder 1995).

## **5. Kulturhistoriske verdiar**

Jutlamannen er ein steinformasjon som står i fjellet ved Saue (figur 58). Jutlamannen hadde nok tidlegare både folketru og religiøs tru knytt til seg. Sett nedanfrå dalen kan steinen ha ein menneskeleg profil, ein jotne som stirrar ned i bygda. Jotnane var farlige vesen som det gjaldt å halde seg på godfot med (Ramstad 2018).

I fylgje biskop Erik Pontoppidan si skildring av reisa gjennom Lærdal i 1749 stod det då to koner (gygrer) oppe i berget, den eine skulle også ha eit barn på armen. Såleis var det ein heil familie som var på veg oppover i lia. Men den eine steinfiguren fall over ende mellom 1749 og 1822, steinstilken viser at dei to stod tett på kvarandre (Ramstad 2018).

Steinen er knytt til ei av fleire St. Olav-segner i dalen. Historiske kjelder gjev att segna i ulike variantar, den eine er slik: Kong Olav (seinare med tilnamet den heilage) og mennene hans hadde meint seg over fjellet for å kristne valdresane i 1023. Dei kvilte i tunet på garden

Nordre Bjørkum. Olav skulle sko hesten sin, men bomma på saumen slik at hamaren gjekk i ein stein. Då kom det ein kaldskratt frå fjellet. Eit troll sto der og lo av kongen. Olav vart sint og mana trollet til stein og bad han stå der til han kom att neste gong. Provet på at denne segna er sann, er steinen med eit djupt merke etter hamaren. Denne steinen låg lenge i vegkanten på Bjørkum, men vart seinare frakta til Husum og plassert på hotelltrappa (Bosheim 2001).

Elles låg inntaket til Ljøsnaveiti i dette området. Her var veita ei lendaveit, dvs. ei stilleflytande veit i grasmark med torv langs sidene. Ved Saue var terrenget mykje meir steinete og rasutsett, så her var det parti med trefrenner, eller treslók.

I området låg det tidlegare fleire husmannsplassar med ulike bygningar. Ein kan framleis sjå mange tufter etter desse. Ved munninga av Jutlaelvi kan ein også sjå ei utløe bygd i elvestein og sement. I området finst mange steingardar, rydningsrøyser og steinopplegg.

Askeladden: Det er ingen registreringar av automatisk freda kulturminne i dette området.

## **6. Dagens bruk og tilstand**

Området vert i dag beita av sauer vår og haust. Det føregår ein god del rydding av kratt og ungskog om vinteren. Det er også ein del uttak av ved, spesielt i aust.

Etter eit uvanleg stort regnskyll i august 2017 vaks dei til vanleg små bekkane seg flaumstore. Flaumvatnet grov djupt i bekkefara, tok nye laup og flytte på lausmassar. Naturbeitemarkene vart stadvis overrisla med sand og grus. Også gamle styvingstre i lisida vart øydelagde av dei steinførande vassmassane.


## **7. Vurdering**

Kulturmiljøet ved Saue er samansett med varierte kulturmarkstypar og også spor etter eit tidlegare samansett bygningsmiljø med fleire husmannsplassar. Det står framleis fleire bygningar her. Eitt er bygd i laftaverk med kraftig dimensjonert og kvaerik furutømmer. Her er også enkle ståande bygningar i reisverk med bølgjeblegg og også ein restaurert steinfjøs murt opp med sement og avrunda elvestein.

Mest spesielt for dette området er den store edellauvskogen som tidlegare var svært viktig for lauv- og rissank, nok ein av dei største haustingsskogane dominert av edellauvtre i Lærdal.

Det er opparbeidd ein rasteplass i tilknytning til E16 i nedkant. Herifrå er det lett å ta seg inn i området og også opp mot Jutlamannen. I samband med opprusting av E-16 er det også gjort ein del større inngrep i vegnære område, m.a. med oppføring av ein mektig flaumsikringsvoll vest i området.

## 2.13 Lokalitet: Hønjum med Hønjahagane



Figur 59. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 60. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkjelde: Fylkesatlas.



## 1. Naturtype

Heilskapleg kulturlandskap med slåttemark, åker, naturbeitemark og hagemarker.

## 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Hønjum ligg på sørsida av Lærdalselvi kring 10 km aust for tettstaden Lærdalsøyri (figur 59 og 60). Området strekkjer seg over kring 1 km hovudsakleg langs elva med inn- og utmarksareal. Tunet på garden ligg ca. på 130 moh.

Hønjum ligg i eit trongt parti i dalføret med elva som eit sentralt element. Langs elva er det små grusbankar og ein større grusterrasse. Elles er her mykje tunn skredjord og naken berggrunn. Stadvis er også ein del skredjord, delvis med steinblokker.

Berggrunnen er hovudsakleg bygd opp av granittiske grunnfjellsbergartar (kvartsmonzonitt) som gjev heller lite og næringsfattige lausmassar. Det er mykje berg i dagen og gjennomgåande tunt organisk dekke (Hauge og Austad 1989).

## 3. Historisk bakgrunn

Området har lang busetjingshistorie. I samband med utbetring av E16 gjennom dalen vart det i 2009 gjort arkeologiske undersøkingar på Bjørkum, like nord for Hønjum. Analysar av organisk materiale viser at Bjørkum vart rydda i overgangen mellom steinalder og bronsealder og at det føregjekk oppdyrking fram til romartida (ca. 400 e. Kr.). Det er også dokumentert korn og gjort funn av trekolstøv som vert sett i samanheng med bålbreining på staden (Ramstad 2018). Det utgravde området var konsentrert til eit område på kring 1,5 daa. Her fann ein spor etter 9 hus, i tillegg til fleire skur og bygningar som berre vart nytta til opphald i periodar. Det vart også funne 13 grophus, den største konsentrasjonen av grophus som er funnen i Norge (Ramstad 2018). Grophus er gjerne tolka som verkstadar knytte til handverksproduksjon. Det vart også funne rundt 40 kokegroper, fleire med mange beinrestar. Ein teori er at dette kan knytast opp mot ofringar, eller rituell tillaging av kjøtt, t.d. ved bloting.

I utgravinga vart det også gjort mange funn av kvardagslege objekt; både knivar, økser, nøklar, spinnehjul, vevlodd, hesteko og pilspissar. Lystergaffel for fangst av fisk vart og avdekka. På Bjørkum kom det til syne mange objekt i bein og gevir som nåler og spillbrikkar. Svært mange funn av kammar i bein tyder også på at dette var ein sesongbasert produksjonsstad for kammar (Ramstad 2018). Radiologiske dateringar peikar mot at det var aktivitet i området frå ca. 700-1050 e. Kr, altså stort sett samanfallande med vikingtida.

I Hønjahagen er det spor etter ein husmannsplass, plassen Vønøyini, med både tufter, ei gamal løe og også eit restaurert sauefjøs i stein. Ein kan spore denne plassen attende til 1833. Då hadde ein familie festekontrakt her og husmannen Lasse «Bonde» budde i ei smie saman med kona. Sonen Bård vart fødd i denne smia. Kampen for livsopphaldet var vanskeleg, og det vart fortalt at Bård og mora måtte gå på tigging i bygda for å overleve. I 1885 budde husmennene Ola Olson Stuvo og kona Mari på denne plassen. Dei hadde 2 kyr og 9 sauer og sådde ut  $\frac{3}{4}$  tønne bygg og 3 tønner poteter i åkrane sine. Dei utvandra etter kvart til Amerika (Espe og Hovland 1990)

I det lokalhistoriske heftet «Are tie 2» skriv bonden Agnar Berge om arbeidslivet sitt på Hønjum på 1950-talet (Berge 2018). Viktig på den tida var dyrking av nytt jordbruksland. Det var vanleg å sprengje større jordfaste steinar med dynamitt. Først måtte dei grave rundt steinane, så var det til å lage hol til dynamittgubbane med minebor og feisel. Hola måtte undervegs reinskast for boreslam gjennom spyling av vatn. Før sprenging vart steinane dekkja



*Figur 61. Hønjahagen med restaurert steinfjøs, høyløe, rydningsrøyser, vatningsveiter, slåttemarker og haustingsskog.*

med bjørkegreiner som vart surra saman med streng for å hindre at skotstein skulle sprute utover marka.

Det var også vanleg å rydde bort større steinar frå åker og eng. Steinane kunne takast opp med stubbebrytar om hausten og lastast over på ein kraftig steinslede om vinteren og fraktast bort med hest.

I utmarka vart det også hogge ved om vintrane, ofte var dette gamle krokvaksne styvingstre av bjørk. Som regel kunne ein kløyve desse med sleggje og jernkilar, men dei tjukkaste og mest «knudrete» kubbane måtte ein sprengje med dynamitt (Berge 2018). Veden vart stort sett frakta ned på løypestreng frå det viktigaste hogstterrenget på kring 700 moh. Dei hogg også tømmer til uthusa i utmarka. Hogsten skjedde helst om vinteren og tømmerstokkane vart lagra i lunner gjennom sommaren. Om vinteren måtte stokkane rullast utover hamrar og stup, ofte med stor skade på tømmeret. Snø hindra slagskader, og elveis hjelpte på transporten. Berge fortel at dei jamvel la busker ut i elva for å få gode «isband»; at elveisen lettare fraus til då (Berge 2018).

Berge skriv også om utkøyring av talle og møk på åker og eng. Her var det viktig at tallen låg i dungar og fekk varmgang, då var den mykje lettare å knuse og spreie på markene. Etterkvart tok ein også i bruk kunstgjødsel, denne måtte spreiest ut for hand. Dei lauva mellom slåtteonna og håonna. Av og til måtte områda der dei lauva stengjast av med gjerde då kyrne gjerne ville ete lauvet og reiv kjervane ned frå trea. Stundom opparbeidde ein også lauvrauk (lagringsstakkar), og køyrde lauvet inn i løer etter kvart som det vart ledig plass der. For å få opp potetene nytta ein åkerplog og pløgde opp jorda slik at det etterpå vart lettare å grave. Potetriset vart hesja, turka og nytta til fôr til kyrne. Då hakka ein opp potetriset og blanda gjerne inn noko kraftfôr (Berge 2018).



*Figur 62. Haustingssskogen ligg på storsteina skredmateriale som ligg heilt i elvekanten. Små teigar er rydda inntil skredvifta, ei vatningsveit fører også frå elva, gjennom haustingsskogen og inn til dei rydda engene.*

Elvefisket var ei viktig næring på Hønjum. Her vart det fiska både med stong og garn. I elva var det mange gode plassar for garnfiske. Men produksjon og vedlikehald av garna var eit tidkrevjande arbeid. Dei laga alle garna sjølve, festa tauet i glaskarmane og sat i stova og batt saman garnet fyrst av hampetråd, seinare også av nylontråd (Berge 2018).

#### **4. Naturtypar og biologisk mangfald**

På innmarka er det både slåttemarker og åkrar. Slåttemarkene er gjerne innsådde med frøblandingar, eller i rotasjon med åker slik at dei stort sett er kulturenger (fig. 61). Men med tida kjem stadig fleire naturlege og lokale artar inn og eldre enger kan gjerne vere ganske artsrike med stadeigne artar. Engene fylgjer dei naturlege terrengformene. Ei karakteristisk eng ligg langs bratthellinga på ein grusterrasse, gjerne med tydlege stisystem forma av beitande sauer.

Vanlege artar på eldre slåttemarker er gulaks, engkvein, hundegras, engrapp, engsyre, engsoleie, kvitkløver og gjeldkarve. Sidan det framleis beitar husdyr her er det stadvis også noko meir næringskrevjande artar som brennenesle, kvassdå, hundekjeks og bringebær. Naturbeitemark og hagemark er vanlege utformingar. Naturbeitemark er opne areal som gradvis går over i bjørkehagar. Gamle bjørker med spor etter lauving står langs heile bergfoten og også oppover i fjellsida. Bjørkene står på skrinn grunn, stundom nesten på naken berggrunn og også i urar. Ein karakteristisk bjørkehage er også opparbeidd like ved Lærdalselvi, eit område som gjerne er overfløymt ved høg vassføring i elva. Trea står her så tett og på så steinete underlag at den må definerast som haustingsskog (Hauge og Austad 2015) (figur 62). Feltsjiktet her er samansett av nøysame gras og urter som gulaks, engkvein, blåklukke, følblom, ryllik, gulmaure og markjordbær.



Figur 63. Bjørkehage og naturbeitemark i aktiv bruk på naboeigedomen Søre Bjørkum.

På grannegarden Søre Bjørkum er det framleis store hagemarksområde med bjørk i bruk (figur 63). Store bjørker, dei eldste framleis med spor etter lauvsank, står i grasdominerte kulturmarker. I hagemarka er det også opplegg for kunstig vatning med eit system av større og mindre plastslagar som er påkopla spredarar. Dette området er sentralt beiteområde for storfe på garden. Deler av området er rydda for einer og oppskytande kratt. Her er også mange ulike steinopplegg som vitnar om det samansette driftsmønsteret som var her tidlegare med kombinasjon av slått, beite og lauvsank.

Stadvis er oppslaget av einer høgt. Eineren er kultivert gjennom at dei buskforma og krypande buskene er rydda bort til fordel for dei rettvaaksne eksemplara med ei tydleg hovudstamme. Dei søyleforma einerane er gjerne stamma opp ved at sidegreiner er hogne bort. Heilt inntil nyleg har einerstaur vore nytta til hesjestaur og også til gjerdestaur. Ein finn framleis små lager av hesjastaur og også emne til staur og stolpar under store steinar og bergframspring.

Feltsjiktet i einerhagane er gjennomgåande lågtytande med kortvaaksne og turketålande urter, gras, mosar og lav. Vanlege artar er engkvein, gulaks, krypkvein, raudsvingel, sauesvingel, gulmaure, ryllik, markjordbær, blåklokke, hårsveve, følblom og engtjøreblom. Vanlege mosar er etasjemose og furumose. I noko friskare skorer er det litt frodigare vegetasjon, gjerne dominert av hundegras og røyrvkvein.

Naturbase: I «Naturbase» er området omslutta av naturtypeområdet Hynjahagane som eit «kulturlandskap med mange kvalitetar. Området har slåtteteigar, naturbeitemark og bjørkehagar. Engene har innslag av turrengartar trass i at nokre har preg av noko gjødsling. Bjørkehagane har trua lavartar som praktlav og skoddelav.



Figur 64. Delar av det gamle tunet på Hønjum.

## 5. Kulturhistoriske verdier

På Hønjum er det gamle hus i tradisjonell byggjestil både i lafta konstruksjon og stein (figur 65).

Stovehuset er kring 350 år gammalt. I tunet er det elles eit uthus, fjøs, låvebygning, to små lører to gamle stabbur og eit sauefjøs. Tidlegare var det her og ei smie og turkestove. I Hønjahagen er det ei lør i laftaverk på høge steinmurar og eit sauefjøs i gråstein med torvtak (fig. 61). Tidlegare var det og ei lør og kvern i Hønjaskori (Espe og Hovland 1990).

Langs grensegjerde og teigar i inn og utmark er det mange særprega steingardar. Ein karakteristisk steingard går langs gamlevegen og husmannsplassen i Hønjahagen. Ved enger og åkrar er det større og mindre rydningsrøyser frå oppdyrkinga.

Elles finst naturlege holrom og lagerplassar i den grovsteina ura og under store steinblokker. I tilknytning til det steile bergframspringet ved tunet er det fleire lagringsplassar, m.a. vognskjul for traktor og reiskap. Ein finn også eit naturleg overbygg for hesjastaur og emnevirke under større blokker, tidlegare var dette gjerne lagerrom for høy og lauv.

I terrenget er det elles små opplegg av stein, oppstøttingsmurar og stengsel. Viktig er også den lokale vegen mellom Bjørkum og Stuvane. Denne er farbar i dag og fungerer som jordbruksveg og alternativ ferdselsrute for Kongevegen gjennom Lærdal.

På gardane Søre Bjørkum og Hønjum tok dei inn vatn frå hovudelva til lågareliggjande åkrar og enger. På Hønjum var det to veiteinntak frå elva. Ved større flaumar kunne inntaka bli fylte med stein og grus og måtte reinskast før bruk. Kvar år måtte ein også reinska og spa opp att veitene på innmarka. Det måtte også opparbeidast provisoriske og årvisse veiter som gjekk inn til og gjennom åkrane (Berge 2018).

Frå gamalt gjekk også eit 2 km langt veitesystem frå fjellvatna «Smaotjodnedn» ved Børkjastølen og ned til dei grunnlendte hagemarkene langs bergfoten bak gardstuna (Espe & Hovland 1990). Det er framleis spor etter demningar og slók i fjellet. Det er også restar etter dei gamle fjellveitene nedover fjellsida og utover ein hammar i Skardsli. Stadvis renn vatnet i naturlege bekkefar, og kan ende opp i ein kum for magasinering av vatn (Berge 2018). Her er og eit meir moderne vatningsanlegg basert på pumpevatn frå Lærdalselvi. Heilt inntil nyleg var det eit system av permanente og nedgravne røyrrer i grunnen. Etter kvart er dette erstatta med overflateslangar i plast som lettare kan flyttast og også lettare skiftast ut ved skade.

Askeladden: I Askeladden er det registrert eit arkeologisk minne frå Hønjahagane. Dette er eit lausfunn av ei tann i samband med «stamvegregistreringa» (Røberg 1993).

## **6. Dagens bruk og tilstand**

Garden Hønjum har vore busett og i drift heilt fram til godt ut på 2000-talet, vesentleg med sauehald. Agnar Berge og kona Helga budde på Berge fram til 2018. No er det ein nabo som haustar innmarka og dyrkar åkrane. Han har også sauene sine beitande her vår og haust.

## **7. Vurdering**

Hønjum er eit spennande heilskapleg kulturmiljø med eit variert bygningsmiljø i inn og utmark. Bygningane avspeglar den karakteristiske og tradisjonelle byggjeskikken i bygda med mange små og spesialiserte gardshus. Dei fleste av husa er oppførte i lokalt bygningsmateriale, tømmer frå eigen skog, stein og torv frå nærområdet.


Garden viser korleis ein måtte vere fleksibel og utnytte naturressursane best mogeleg med stor grad av sjølvberging. Ein måtte hente fôr frå utmarka og også gjennom lauving. Både kyr og sau beita i inn og utmark og heldt kulturmarkstypane produktive.

Vatn frå Lærdalselvi måtte nyttast til å overrisle den stort sett marginale grunnen. Spora etter vatningsveiter er mange og forklarande. Elva var også svært viktig for fiske som ei god kjelde til matauk og etter kvart også til utleige.


Grunneigaren har også prøvd ut restaurering og etablering av styvingstre. Dette er viktig for å få kunnskap om dynamikken i kulturmarkene og korleis strukturen av bjørkehagane opphavelg var. Gamle bjørker vert i liten grad restaurerte, ein satsar heller på unge tre for å forme greinveksten på styvingstrea. Det er også forma styvingstre av alm og selje i nærmiljøet.

I det heile er dette eit instruktivt og heilskapleg kulturmiljø som fortel om tidlegare variert og intensiv utnytting av lokale naturressursar. Området bør oppmålalt med utarbeiding av ein eigen skjøtsels- og restaureringsplan.

## 2.14 Lokalitet: Kongevegen Seltun – Sjurhaugen



Figur 65. Omtrentleg trase for den gamle kongevegen forbi Galdane. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 66. Ulike veg- og stisystem og lokale namn på strekinga mellom Sjurhaugen og Seltun.



Figur 67. Del av Kongevegen som fører forbi husmannsplassen Galdane. Vegen vart erstatta av ny veg over Seltåsen kring 1843. Men storflaumen i 1860 øydelagde brua ved Bruknappen slik at dette vegstykket måtte brukast fram til «nyevegen» langs motsett side av elva vart ferdig på 1870-talet.

### 1. Naturtype/kulturminne

Gjennomgåande gamal vegtrasé med tilliggjande plassar, rydda teigar og fleire kulturminne.

### 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Kongevegen går gjennom heile dalføret, men denne omtala strekninga går frå Sjurhaugen i aust til Seltun i vest (figur 65 og 66).

### 3. Historisk bakgrunn

Lærdalsdalføret og Filefjell har i uminnelege tider vore nytta til gjennomfart mellom Vestlandet og Austlandet. Vegen forbi Galdane var fyrst berre ein vanskeleg framkomeleg sti mellom berghamrar, storsteina urar, gjel og elvar. Segna fortel om mange historiske personer som har reist forbi Galdane, både fleire norske kongar på 1000- og 1100-tallet, og på 16- og 1700-talet kjenner ein m.a. til både kong Fredrik den V og biskop Pontoppidan. Vegen vart mykje nytta både av handelsmenn og driftekarar, husmenn og gardbrukarar, pilgrimar, geistlege, soldatar og adelsmenn.

Ferdsla auka på denne tida og kravet til køyrbar veg meldte seg, og i 1791-93 vart den «Bergenske hovedveg» over Filefjell og Galdane opparbeidd med «hengebro på stokker som var boltet fast i fjellet påfylt stein og jord og med rekkverk på utsiden». Vegstrekninga forbi Galdane gjekk ut av bruk i 1840-åra då vegen vart lagt over til den andre sida av dalføret ved Bruknappen og ein ny trasé vart bygd over Seltunåsen. Den gamle vegtraséen forbi Galdane måtte nyttast også etter at 1860-flaumen tok brua ved Bruknappen. Men då nyevegen langs elva stod ferdig vart den gamle traséen ikkje i bruk lenger og utsett for steinsprang, jordras og utrasingar og forfall gradvis. Vegen har seinare vore restaurert fleire gonger og er i dag fullt gangbar og ein mykje nytta turveg (figur 67). Sjå meir fyldig omtale av vegen i delrapport 1.



#### 4. Naturtypar og biologisk mangfald

Vegetasjonen langs vegen varierer med ei randsone med høgvaksen og næringskrevjande vegetasjon langs bergfoten med m.a. bringebær, brennensesle, storborre, tyrihjel, skogsvinerot, mjødukt, kratthumleblom og ulike tistel-arter. Fuktigheita er også god her. Oppslag av einstape på lysopen grasmark fleire stadar langs vegen tyder på attgroing av tidlegare slåttemark. Store almetre er elles særst vanlege langs heile vegstrekninga, fleire stadar er det oppslag med ung (juvenil) alm. Den frodige vegetasjonen vekslar med meir turketålände vegetasjon på bergknausar og ved bergframspring. Her veks m.a. stemorsblom, dunkjempe, bergmynte, gulmaure og kvitmaure, sølvmaure og markjordbær.

Naturbase: Fleire viktige naturområde ligg i området. På oppsida av brua ved Seltun ligg eit større område med rik edellauvskog – gråor-almeskog (Liaråshaugane). Ved Seltøyni er det restar etter flaummarksskog – gråor-heggeskog på elveøyrene. Det er kalkrik fosseeng/fosserøykvegetasjon ved Store Sokni, og rik edellauvskog med gråor-almeskog ved Glorhelleren. Mange ulike og også raudlista lav-, sopp- og moseartar er knytte til desse områda.

Mellom Seltøyni/Fjellheim og Galdane er ei rekkje lav-, sopp- og moseartar opplista i tillegg til funn av insekt og sommerfuglar. Registreringa er utført både langs stien og i lisida og på elveøyere ute i Lærdalselvi. Her er nemnt funn av fingernever (LC), rimrosett (VU), svart steinlav (LC), fagerlemenmose (LC), stor køllelav (LC), beikdoggnål (NT), almebroddsopp (VU). I tillegg er sommerfuglarten rubinmålar (*Plemyria rubiginata*) (LC) og hagtornsommarfugl (*Aporia crataegi*) (EN) registrert.

#### 5. Kulturhistoriske verdier

Vegtrasèen i seg sjølv er eit viktig kulturminne. I tillegg til bygningsmiljøa på Seltøyni og Galdane, er det registrert ruinar og tufter etter husmannsplassane Glorhelleren og Bruknappen (sjå omtale av desse nedanfor). Mellom Seltøyni og Galdane er det elles registrert ruinar etter to løebygningar som har høyrte til garden Øvre Ljøsne. Dette tyder på at det her har vore haustbare utslåttar. Langs vegen mot fjellet ligg store steinar/blokker, hellerar, der det er tydeleg at desse har vore nytta som lagringsplassar og/eller opphaldsplassar for småfé i tillegg til Glorhelleren der det også har budd folk. Fleire krigsstillingar frå andre verdskrig finst i området.

##### Husmannsplassane langs vegen

Langs den gamle Kongevegen låg det mange husmannsplassar. Seltøyni/Fjellheim som vert skildra nærmare her, var opphaveleg ein slik husmannsplass. Det same gjeld Galdane, Glorhelleren og Bruknappen, alle lokaliserte i tilknytning til den gamle Kongevegen. Seltøyni er sjølveigarbruk i dag. Berre her og på Galdane står det enno bygningar frå den tida plassane vart nytta av husmenn. Stove- og driftsbygningane er både mange og svært små, men er representative og typiske. På Glorhelleren og Bruknappen er det berre murar og tufter etter bygningane i dag. Lokaliseringa av plassane må karakteriserast som marginal. Enten er det skrint og utvaska jordsmonn, turkeutsett, eller utsett for jord- og steinskred. Strekinga er også heller brattlendt med mykje stein, bart fjell og ur og er lite eigna for oppdyrking. Lisidene er likevel soleksponerte i høgda, og gras, lauv, ris og ved frå utmarka har vore viktig for å overleve på desse plassane. Innhaustingsarbeidet var både farefullt og strevsamt, buføringa til fjellet vanskeleg, og mang ein husmann skada seg eller sette livet til under arbeidet (Dagfinn Hegg Lunde, pers. oppl.)



*Figur 68. Den gamle vegen ved Bruknappen.*

## **6. Dagens bruk og tilstand**


Den gamle Kongevegen er godt opparbeidd og merkt med fleire informasjonsskilt undervegs der både plassane, spesielle segn, ras og gamle vegfår er omtala. Det er spesielle info-skilt og tilretteleggingstiltak ved Seltun, Galdane og Sjurhaugsfossen/Nedre Hegg. Det er opparbeida parkeringsplassar ved Seltun og Sjurhaugsfossen.

Den gamle vegen er stort sett grasdekket (figur 68), delvis er traséen med grus/stein eller går over svaberg. På størstedelen av strekninga er vegen brei. Stadvis, mellom Galdane og Fjellheim/Seltøyne er vegen smalare. Vegen er utbetra av sherpaer frå Nepal. Dette er elles ein god og trygg veg å ferdast på, ein tur til fots som tek 1 – 1 ½ time.

## **7. Vurdering**

Kongevegen er eit nasjonalt kulturminne som spesielt det siste tiåret har fått stort fokus. Vegen forbi Galdane er ein del av Kongevegen som i 2015 fekk «Vakre vegars pris» og Europa Nostra (EU) sin kulturminnepris for 2017. Kongevegen har strekningar frå ulike tidsperiodar. Vegen forbi Galdane fylgjer terrenget og er lagt der det er mest naturleg i høve til tilgang på byggemateriale. Vegen ligg på nordsida av Lærdalselvi mellom elva og rasfarlege bergsider. Dei siste åra er vegen mykje restaurert og det er også bygd eit par nye bruer i autentisk utføring.

## 2.15 Lokalitet: Seltøyne/Fjellheim



Figur 69. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkilde: Fylkesatlas.



Figur 70. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkilde: Fylkesatlas.

## 1. Naturtype

Småskala kulturlandskap med bygningsmiljø, innmark, gamal frukthage, vatningsveiter og nærutmark.

## 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Seltøyni eller Fjellheim ligg i dalbotnen på nordsida av Lærdalselvi, ca. 1 km aust for Seltun (figur 69 og 70). Den gamle Kongevegen går gjennom tunet. Mot vest grensar garden mot Seltun 2/1 og mot nord-aust til 9/1 (Øvre Ljøsne). Innmarksareala som opphaveleg må ha vore ein del av ei større elveslette (Storøyni som ligg sør for elva), omfattar ca. 11 daa.

Jordsmonnet må karakteriserast som skrint. Naturbeitemarkar, utmarksareal og tilhøyrande skogteigar ligg i dei bratte lisidene nord for tunet. Desse areala har god solinnstråling og god produksjon sjølv om her er mykje berg, ur og rasmark. Store almetre står i tilknytning til garden og i nærutmarka. Til garden høyrer det også ein del furuskog (Espe & Hovland 1990). På gardskart (NIBIO) er garden registrert med totalt 420,7 daa, der 10,6 daa er klassifisert som fulldyrka jord, 4,1 som innmarksbeite og 210,8 som produktiv skog.

## 3. Historisk bakgrunn

Seltøyni var opphaveleg ein husmannsplass, rydda i 1745 under Midtre Ljøsne (10/1). Seltøyni vart kjøpt opp som ein sjølvstendig gard så seint som i 1932. Då plassen låg under Midtre Ljøsne var fiskerettane i elva nytta av plassfolka, men elverettane gjekk attende til hovudbruket då plassen vart seld. Både heimestøl og fjellstøl låg i Ljøsndalen. Heimestølen til Seltøyni i dag er på Dragesete ca. 450 moh. ovanfor tunet. Her oppe vart det tidlegare også slått. Stølen har ikkje vore i bruk etter andre verdskrig.

Garden er marginal og det har vore mange plassfolk på Seltøyni som budde her både i kortare og lengre tid. Det var viktig å utnytte naturressursane best mogeleg, og i 1865 var det 4 storfé, 18 sauer, 6 geiter og 1 gris på plassen. På åkerareala vart det sådd ut vel 1 tønne bygg og 4 tønner poteter. I 1875 er tala 4 kyr, 1 ungnaut, 20 sauer og 2 geiter. I tillegg leigde to familiar seg inn med til saman 3 kyr, 12 sauer og 6 geiter. På denne tida budde også 3 ugifte vegarbeidarar på plassen; til saman var 18 personar fordelt på dei små husa (Espe & Hovland 1990).

Dåverande plassfolk måtte flytte i 1880. Dei kom seinare til Galdane (sjå lokalitet 13). Dei nye brukarane måtte betale 400 kr i festepengar, «200 kr straks og resten etter ett år». Den årlege avgifta var 32 kr. Elles skulle dei skjere kornet på ein åker, hogge 2 rauk lauv og slå tre namngjevne teigar. Furuskogen på Drageset skulle kvistast og stellast. Kor mange dyr dei kunne ha var regulert: 3 kyr, 1 kårku, 10-12 sauer og like mange geiter. Også omfanget av lauv og ris til husdyrfôr var regulert. Ved og mose kunne plassfolket ta så mykje som dei trong. Dei kunne nytte alle åkrane og slåtteteigane som høyrde til plassen og i tillegg kunne dei også slå visse teigar på hovudbruket. Siste plassmannen (Bård) var både snikkar, smed og dreiv med lagging i tillegg.

I 1913 gjekk det eit stort steinskred som slo inn ein vegg på stovebygningen. Resten av huset vart då demontert og flytta lenger ned mot elva. Ein av sønene (Anders) overtok seinare og vart i 1932 sjølveigar. To av barna hans, søskenparet Leif og Anna Fjellheim tok over garden i 1954 og dreiv med sauehald i tillegg til arbeid utanom garden til ut på 1990-talet (Espe & Hovland 1990).



Figur 71. Småbruket Seltøyni med variert bygningsmiljø og kulturlandskap.

#### 4. Naturtypar og biologisk mangfald

Dei største innmarksareala ligg nord-vest og sør-aust for tunet. Innmarksengene, i dag kultuarengar, er flate og opne. Engareala er relativt artsfattige og grasdominerte. Vanlege artar er engreverumpe, hundegrass, engrapp, engkvein, dunhavre og kvitkløver, men spreidde oppslag av hundekjeks, engsoleie, engsyre, vanleg arve og minneblom er vanleg. Oppslag av lauvkratt i kantsoner tyder på at enga ikkje har vært slått på nokre år. Sør-aust for tunet ved den gamle Kongevegen ligg eit engareal med ei tydeleg vatningsveit. Vatningsveita leier fram til innmarka. Engene her er meir urterike med ryllik, blåklokke, gulmaure, kvitmaure, markjordbær, harerug, tiriltunge, marikåpe og oppslag av dunhavre og hundegrass. Botnsjiktet er moserikt med eit tjukt strølag.

Naturbase/artsdatabanken: Langs vegen og i nærliggjande skog og lisider frå Seltun til Seltøyni/Fjellheim er det registrert fleire ulike lavartar som stor eikelav (LC), brun punktlav (VU), piggbeger (LC), klippepulverlav (LC) og fingernever (LC). Sommarfuglarten rubinmåler (LC) er også registrert her. Elles kan ein nemne funn av vårarve (LC) og lodnebregne (LC). Elles ligg eit viktig område med flaummarksskog like vest for Seltøyni (BN 009003-Storøyni).

#### 5. Kulturhistoriske verdiar

Askeladden: Det er ikkje registrert fornminne på garden, men området ligg langs den freda Kongevegen (Kulturminne 249244).

Fylkesatlas-kulturmiljø: Bygningsmiljøet er spesielt og er samansett av ni små hus (fig. 71). Dei ståande bygningane på garden er gamle, og dei fleste stammar frå husmannstida. Fem bygningar er registrert i Sefrak-registeret: ei smie, ein driftsbygning, to stover og eit stabbur.



*Figur 72. Smia murt i stein ligg utanfor tunet. Her finn ein enno noko av det gamle interiøret.*

## **6. Dagens bruk og tilstand**


I tunet er det fleire bygningar med stove, «gamlestove», eldhus, stabbur, fjøs, uthus og silo. Den gamle smia murt i stein har framleis ein del av interiøret intakt, m.a. med ein stor blåsebelg (figur 72.) Det har ikkje vore fast busetjing på garden dei siste åra og bygningsmiljøet har trong for vedlikehald.

På oversida av tunet, truleg tidlegare nærutmark/beitemark, står det i dag fleire velvaksne almar og furutre. I området er det også nokre gamle piletre (korgpil) som delvis er falne overende. For nokre tiår sidan stod det også ei rekkje med styva pilar langs vegen mot Galdane. Inntil vegen i vest er det planta inn frukttrær. Fleire av desse er i live og kan representere gamle fruktsortar. Langs vegen i sør-aust er denne kanta med bjørketre og fleire heggetre. Både hengebjørk, hegg og frukttrær dannar ei vakker trekkkje langs vegen.


## **7. Vurdering**

Fjellheim/Seltøyne er ein inngangsport til den gamle «Galdavegen». I tillegg er dette ein plass som har bevart mykje av den opphavslege strukturen som vi finn på husmannsplassar med mange små, og gjerne spesialiserte bygningar. På dei fleste plassane er det helst berre tufter attende, men her er det ståande bygningar. Bygningane bør derfor sikrast i den tilstanden dei har i dag. At det kunne bu så mange i dei små stovene og at det har vorte sankt for så mange dyr som det vart på 1860-1870-talet, er vanskeleg å forstå i dag. Fjellheim/Seltøyne gjev viktig bakgrunnskunnskap om og forståing av tilhøva som ei stor samfunnsgruppe i Lærdal tidlegare levde under.

## 2.16 Lokalitet: Galdane



Figur 73. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkilde: Fylkesatlas.



Figur 74. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkilde: Fylkesatlas.

**1. Naturtype:** Heilskapleg kulturlandskap, bygningsmiljø, slåttemark, naturbeitemark, utslåttar, styvingstre/haustingsskog av alm og bjørk.

## **2. Lokalisering og naturgrunnlag**

Galdane ligg på Ljøsne i Lærdal i det tronge Lærdalsdalføret ca. 260 moh. (figur 73 og 74). Galdane har gardsnummer 1 med bruksnummer 1 i Lærdal kommune, og er i dag eigd av garden Øvre Ljøsne 9/3. Galdane omfattar totalt ca. 279 daa (Gårdskart/NIBIO). Av dette er ca. 265 daa skog, berg og ur og 5 daa er innmark (tidlegare åker og slåtteteigar). Ein tidlegare åker og slåtteteig, Kvilet ligg eit stykke høgare opp, og en større teig, Furesete der det vart dyrka poteter er lokalisert ca. 500 moh.

Berggrunnen er bygd opp av grunnfjellsbergartar, hovudsakleg granitt og granittisk gneis. Eit tilstøytande fyllittbelte heller mot Ljøsndalen og Galdane, og grunn- og sigevatnet er truleg påverka av dette. Jordsmonnet som derfor stadvis kan vere baserikt, har ein mosaikkstruktur med nakne berg og grovt skredmateriale tilført minerogent finmateriale, vesentleg sand som byggjer opp terrassen nordvest for tunet, og lommer med djupare og meir organisk jord nedanfor tunet, opparbeida gjennom lang tid ved åkerbruk og gjødsling. Marka er gjennomgåande turkeutsett. Vegetasjonen har innslag frå både av suboseaniske og kontinentale floraelement, og er elles sterkt prega av kulturpåverknad gjennom fleire hundre år.

## **3. Historisk bakgrunn**

Det er usikkert når plassen Galdane vart rydda. Den eldste busetjinga kan førast attende i tid til 1600-åra då ein husmann, Lasse Galden, skal ha budd på plassen. Det budde folk her fram til 1947. Det vart betalt leige for plassen i tillegg til arbeid på hovudbruket inkludert lauving. Husmannen kunne ta ved av gråor, men ikkje av furu. Vart jorda utvida måtte ein rekne med større leige. Plassen var i ein tidsperiode sjølveige bruk (1810-1856). Plassen vart seinare aldri innløyst. I 1865 var det 5 kyr, 14 sauer og 10 geiter på plassen. Det vart sådd ut 1,5 tønner bygg og 3 tønner poteter. Fleire av husmannsfamiliane som budde på Galdane utvandra til Amerika (Austad & Hauge 1987).

## **4. Naturtypar og biologisk mangfald**

På dei ulike areala vekslar vegetasjonen mellom frodig gråorskog nede ved elvekanten, edellauvtre av alm og hengebjørk rundt tunet, og blandingsskog av hengebjørk og furu opp mot Furesete. Feltsjiktet er prega av langvarig kulturbruk. Vi finn frodige enger, tidlegare åkerareal som har vore sterkt oppgjødsla nedanfor tunet, men elles er marka generelt turkeutsett og skrinn. Solinnstrålinga er høg. Restar etter tidlegare slåttemark og naturbeitemarkar dominerer, gjerne med spreidde oppslag av lauvtre. Ved Furesete finn vi frodig engmark; her har det tidlegare vore åker med dyrking av poteter. Arter som kransmynte, engnellik, engtjøreblom, kattedot, tiriltunge, ryllik, gulmaure, legeveronika, engsmelle, småsyre, hårsveve, lodnebregne, stemorsblom, gjeldkarve, blåklokke, tranehals, vårrubom, bakkemynte, vårarve og dunkjempe veks i dei godt oppvarma bakkane, saman med engkvein, gulaks, piggstarr og dunhavre, medan tyrihjel, moskusurt og fjellfiol (kontinentale innslag) er registrert på meir skuggefulle plassar. I området er det også oppslag av fjellplanter som fjellsyre, fjellfiol og fjellmarikåpe.

Dei meir frodige engene er dominerte av kraftige gras og urter som m.a. hundegras, engsvingel, sølvbunke, kveke og engsoleie med stadvis oppslag av nitrofile artar som brennesle, bringebær og krusetistel. Området vart vegetasjonsøkologisk skildra av Austad & Hauge 1987.





Figur 75. Husmannsplassen Galdane med restaurert stovehus, kyrafjøs, sauefjøs, høyløe og smie. Ein ser og at tunområdet og delar av innmarka er nyslått..

Naturbase/Artsdatabanken: Galdane (BN 00017558) er registrert som ein viktig naturtype, spesielt som slåttemark. Vegetasjonen er mosaikkprega med turreng, turrberg, enger, fuktenger, edellauskog, gråorskog, bjørkeskog, furuskog og einerbakkar. Lokaliteten er prioritert som A, sær viktig, grunna det omfattande restaureringsarbeidet som har fått fram att mykje av det opphavelege preget. På Galdane og i skogen rundt er lavartane bleikdoggnål (NT) og gråtalg funne og vårveronika (NT) og tranehals (LC) er registrert. Ved elva er det registrert skrubbenever (LC), ulike vårflugeartar (LC) og også oter (VU). Det er elles særleg rundt elva og fossen Store Sokni at det er ein spesiell lav- og mosevegetasjon knytt til høg fuktigheit og fosserøyk. Her er registrert fosseringlav (CR), olivenlav (NT), hårkurlemose (VU), buttstråmose (LC) og rødmesigdmose (LC). Her veks også rosenrot (LC).

Ved Store Sokni ligg det viktige området BN 00092714 med naturtypen fosserøyksone med førekomst av den kritisk truga fosserøykspecialisten *Rinodina stictica* (CR). Like aust for Galdane ligg eit større område med rik edellauskog, Nedre Skori (BN 00017557). Edellauskogen utgjer eit relativt stort areal med varierte naturverdiar knytte til fleire prioriterte naturtypar. Det viktigaste funnet er den raudlista laven *Gyalecta derivata* (EN) som er funnen på alm.

## 5. Kulturhistoriske verdiar

Lokaliseringa av tunet på Galdane på svaberg høgt opp i lisida er typisk (figur 75). Slik kunne ein spare matjord og utnytte solinnstålinga. Fem av bygningane (6 i alt) ligg på berg og utnyttar terrenget med omsyn til spreining av møk og gjødselssig til åkerareala nedanfor. Bygningane er stort sett oppførte på midten av 1800-talet, og er delvis restaurerte og i god stand og utgjer i dag eit spesielt og autentisk bygningsmiljø på ein husmannsplass/småbruk på den tida. Dei fleste bygningane er Sefrak-registrerte. Nede ved elva er utløa registrert, og i

tunet er sauefjøs, eit kufjøs, ei løe, eit eldhus og to ruinar etter stover omtala. På Furesete inkluderer Sefrak-registeret tufter etter to løer og eit sel. Her er det også restar etter ein jordkjellar/potetkjellar. Det er elles også murar etter ei løe mellom elvane Store Sokni og Vesle Sokni. Området er også rikt på kulturhistoriske spor, m.a. steingardar, veiter og gamle veganlegg. I tida med støling gjekk store drifter gjennom tunet på Galdane og vidare forbi Furesete opp i Ljøsndalen.

Askeladden/Fylkesatlas - kulturminne: Det er ikkje registrert fornminne i Galdane-området, men plassen ligg langs den freda Kongevegen (Kulturminne 249244). I Ljøsndalen er det eit felt med skålgroper.

## 6. Dagens bruk og tilstand

Lærdal kommune har sidan slutten av 1980-talet teke ansvar for kulturlandskapet på Galdane med gjennomføring av årlege skjøtselstiltak med m.a. slått av mesteparten av innmarksareala (figur 76). I nedre del ned mot Lærdalselvi er vegetasjonen prega av kraftig og nitrofil vegetasjon med dominans av bringebær, brennnesle og tyrihjel. Engene kan tidvis ha eit kraftig oppslag av hundekjeks. Elles veks artar som engsoleie, kvitkløver, engrapp, hundegras, engreverumpe, dunhavre og åkertistel her. Oppe ved bygningane, særleg i tilknytning til kyrafjøsen er det flekkvis dominans av brennnesle, mjødukt og bringebær, tydelege teikn på godt oppgjødsla jord. Mot vest og under småféfjøset har vegetasjonen utvikla seg til ei grasrik eng med dominans av hundegras. Innmarksareala har generelt ein mosaikkstruktur med frodig grasvegetasjon, parti med nitrofil vegetasjon, mest truleg tidlegare åkerareal og svaberg med grunt jordsmonn med stemorsblom, engsmelle, sølvmore, gjetartaske, småsyre og faks-artar.




Figur 76. Galdane var ein av dei fyrste husmannsplassane i landet med restaurering av både bygningsmiljø og kulturlandskap på midten av 1980-talet.

## **7. Vurdering**

Galdane er eit område som fekk mykje merksemd på 1980-talet både med omsyn på bygningsmiljø og landskapsverdiar. Det vart gjennomført restaurering av bygningane, og utført detaljerte vegetasjonsøkologiske registreringar og ulike skjøtselstiltak. Plassen er godt marknadsført og det er viktig at skjøtelsesarbeidet held fram. Tilrettelegging og informasjon er en sentral del av dette arbeidet. Ein ny og revidert skjøtelsplan bør utarbeidast der ulike delområde truleg bør få ulik og meir tilpassa skjøtsel i høve til vegetasjonsutviklinga. Mellom anna ser vi det som positivt at dei gamle åker-lappane visuelt kan identifiserast i terrenget med en tydeleg nitrofil vegetasjon. Sentrale er også dei store styva almane. Desse er restaurerte og skjøtta og ein har innhenta mykje kunnskap om skjøtsel av gamle styvingstre.

## 2.17 Lokalitet: Glorhelleren og Bruknappen



Figur 77. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkilde: Fylkesatlas.



Figur 78. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkilde: Fylkesatlas.

## 1. Naturtype

Spor i terrenget og vegetasjonen etter tidlegare husmannsplassar. Naturbeitemark og gamal slåttemark. Edellauvskog med særprega vegetasjon.

## 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Glorhelleren (ca. 279 moh.) og Bruknappen (ca. 250 moh.) har tidlegare vore husmannsplassar under Nedre Hegg (Nedre Øygarden), g.nr. 48, brnr.1, 2. (figur 77 og 78). Nedre Hegg ligg ved Sjurhaugsfossen, lenger oppe i dalen, ca. 2,5 km aust for Galdane. Naturtilhøva på desse plassane varierer. Medan det på Glorhelleren er frodig, men sær avgrensa areal når det gjeld oppdyrking og slått, var det store, men skrinne og turkeutsette areal knytte til Bruknappen. Særleg var det vanskeleg å føre frem vatn til vatning av åkrar og slåttemark her (Espe & Hovland 1990).

## 3. Historisk bakgrunn

Begge plassane var truleg i bruk frå 1750-talet og fram til midten/slutten av 1800-talet. Fleire av plassfolka utvandra til Amerika. Husmannsplassane kunne overtakast av barn, men oftast vart dyr og innbu selt når folk flytta til andre stadar eller emigrerte, og plassen vart overteken av ein ny familie. Likevel kan ein støyte på folk frå dei same familiane på dei ulike plassane i området.

Historisk bakgrunn for Glorhelleren: Plassen vart kalla «Hedleren» etter den store steinhelleren der folk budde i kortare eller lengre periodar (figur 79). Helleren har seinare utgjort tilhaldsstad for husdyr og lagringsplass for gras og lauv. Glorhelleren skal ha blitt rydda tidleg. Men plassen vart rasert av eit jordras, og den fyrste husmannen som ein kjenner til, Jokum Einarsson (Maristova), rydda opp att Glorhelleren på midten av 1700-tallet. Han skal ha rydda «11 mælesland åker og bygd 5 hus på plassen» (Espe & Hovland 1990).



Figur 79. Dette store overhengande bergframspringet har nok gitt namn til «Glorhelleren».



Figur 80. Sjølve stovhuset på Glorhelleren låg ikkje under bergframspringet, men ein kan sjå tuftane like på nedsida av Kongevegen.

Det er vanskeleg å forstå dette når ein ser plassen i dag. Jokum skal tidlegare også ha rydda land på Bruknappen (sjå nedanfor), men måtte reise derifrå då farbroren Gullak Nedre-Hegg ønskte at andre skulle overta denne plassen.

Jokum måtte også reise frå Glorhelleren etter at plassen var godt rydda og nye hus oppført (figur 80). Også denne gongen var det farbroren på Nedre Hegg som var ansvarleg for dette (Espe & Hovland 1990). Seinare budde det tre husmannsfamiliar på plassen fram til 1860-åra.

Historisk bakgrunn for Brukappen: Bruknappen som ligg nede ved Lærdalselvi vart truleg rydda på midten/slutten av 1700-talet (figur 81). Som tidlegare nemt er marka turkeutsett, men det er også frodige område her. I 1865 vert det oppgitt at husmannen hadde to storfé og tre sauer. Det vart sådd ut ½ tønne bygg og 1½ tønne poteter. Minst fem familiar budde på denne plassen i kortare eller lengre periodar. Fleire av dei utvandra til Amerika, den siste familien i 1893 med tre små barn; 7, 4 og 2 år gamle (Espe & Hovland 1990).

#### **4. Naturtypar og biologisk mangfald**

Området i tilknytning til sjølve Glorhelleren og tuftene er prega av storvaksen, nitrofil vegetasjon i dag. Tyrilhjelm, brennesle, storklokke, borre, mjødur og skogsvinerot er dominerande saman med storbregner. Også gåsefot er registrert ved tuftene. I områda rundt helleren både under og over vegen står skogen tett og tidlegare dyrka areal og utslåttar er grodd att.



Figur 81. Gamle steinhus på Bruknappen delvis verna av store steinblokker.

Naturbase/Artsdatabanken for Glorhelleren:

Det er registrert rik edellauvskog (gråor-almeskog) i området. Vegetasjonen har mosaikkpreg med restar etter små lysopne, tidlegare slåtteteigar, sterkt påverka vegetasjon med oppslag av nitrofile artar som bringebær og brennenesle og tettare skog/krattoppslag. Her veks eit stort mangfald av urter som storklokke, bergmynte, engnellik, gulmaure, dunkjempe, sølvmure, raudknapp, engknoppurt, kranskonvall, gjeldkarve, prikkperikum og hengepiggfrø, alle lyskrevjande artar og knytte til gamal slåttemark. Elles er det registrert almebroddsopp (LC) og stuvkraterlav (LC).

Naturbase/artsdatabanken for Bruknappen:

Bruknappen er mosaikkprega når det gjeld areal og vegetasjon. Her er det frodige engparti med hundegras, engsyre og løvetann, bringebær og nesle ved tufter og på mest truleg tidlegare åkerareal, og turrberg og turrenger med mellom anna gulmaure, stemorsblom, bitter bergknapp, dunhavre, minneblom og fuglevikke. Ned mot elva er det tydlige oppbygde terrassar.

Dette er eit turkeutsett område med skrint jordsmonn. Her er registrert gåsefot (EN), heimose (LC), narreoransjelav (LC) og sommerfuglartane hagtornsommarfugl (*Aporia crataegi*) (EN) og mørk rutevinge (*Melitaea diamina*).

Glorhelleren og Bruknappen grensar til eit større område med rik edellauvskog, Nedre Skori (BN 00017557). Edellauvskogen utgjer eit relativt stort areal med varierte naturverdiar knytt til fleire prioriterte naturtypar. Det viktigaste funnet er den raudlista lavarten *Gyalecta derivata* (EN) som er funnen på alm.

På motsett side av Lærdalselvi ligg eit større område med gamal barskog, BN 00017559 Sælthunåsen. Området med urskogsprega furuskog vert vurdert som svært viktig. Dei største

naturverdiane ligg i skuggefulle og fuktige skrentar ned mot elva, der ein finn rik og sjeldsynt kryptogamflora. Forutan elfenbenslav (EN), skoddelav (NT), praktlav (VU) og rimrosettav (VU), veks og vortenål og kvithodenål (NT) her.

## **5. Kulturhistoriske verdiar**

Det er den interessante historia på begge plassane, den marginale lokaliseringa, dei små rydda teigane, restar etter åkrar (særleg på Bruknappen) og dei mange tuftene, steinstrukturane (små steingardar og røyser) i og nær tuftene, som gjer desse områda spesielt interessante (figur 81).

Askeladden: Det er ikkje registrert fornminne korkje på Glorhelleren eller på Bruknappen. På motsett side av Lærdalselvi ligg ein heller der det er funne flint- og kvartsittavslag (kulturminne 1000879-1).

Fylkesatlas: I Sefrak-registeret er det registrert tufter og ruinar etter fleire bygningar på begge dei tidlegare husmannsplassane. På Glorhelleren er det ruinar etter to bygningar der den eine truleg utgjer restar etter ei stove. På Bruknappen er det registrert tufter etter fem bygningar; både fjøs og løe og etter fleire stover.

## **6. Dagens bruk og tilstand**

Dagens tilstand for Glorhelleren: Kraftig attgroing og høgvaksen nitrofil vegetasjon sommarstid gjer det vanskeleg å identifisere plassen utan kjennskap til lokalisering og skiltmerking. Korleis plassen har sett ut då det budde folk her med åkerdrift og husdyr, er vanskeleg å førestille seg i dag.


Dagens tilstand for Bruknappen: Areala er ikkje lenger i bruk og under attgroing. Dei frodige engene har høg produksjon. Fleire av tuftene er overgrodde og vanskelege å finne i terrenget. Likevel gjer omfanget av karrig mark (bergframspring og tunt jordsmonn) at attgroinga og forfallet er mindre omfattande her enn på Glorhelleren.

## **7. Vurdering**

Bruknappen og Glorhelleren er viktige delar av kulturhistoria for området og synlege og instruktive prov på korleis enkelte familiar måtte leve og livnære seg på 1800-talet i Lærdal. Det var rift om plassane, og det vart reist hus, dyrka korn og poteter på svært marginale område. Glorhelleren er ekstrem og slik svært viktig å synleggjere og fortelje om. Begge plassane kan ha ein mykje meir heilskapeleg opplevingsverdi dersom det blir gjennomført restaurering av områda. Tufter og steinopplegg må fristillast og marka stellast. Ved Glorhelleren trengst det ein omfattande rydding av skog i tillegg.



## 2.18 Lokalitet: Nese



Figur 82. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 83. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkjelde: Fylkesatlas.

## 1. Naturtype

Slåttemark og naturbeitemark, tun med klyngetunstruktur.

## 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Nese ligg i Borgund, kring 1,5 km sørvest for Borgund stavkyrkje (figur 82 og 83). Nese har gardsnummer 52 og bruksnummer 2. Totalt er bruket på kring 150 daa, kring 20 daa av dette er innmark. Gardstunet ligg på kring 360 moh. like inntil fylkesveg 630 med innmarksareal på begge sider av Lærdalselvi. Det aktuelle området med gamal slåttemark og naturbeitemark strekkjer seg frå vegen og nord-vestover i lia i høgdeintervallet mellom ca. 370 - 450 moh..

Bergartane i området er for det meste grunnfjell med granittiske bergartar, og eit sterkt omdanna skyvedekke dekkja med kvarts. Mellom desse laga kjem det også fram eit band med kambrosilurisk fyllitt (Espe et al. 1987). Langs elva i dalbotnen ligg elve- og bekkeavsetjingar og oppetter dalsidene er det morene-, skred- og forvittringsmateriale stadvis med høgt blokkinnhald (Klakegg et al. 1989). I området er det også ein del turrberg med tunt morenedekke.

I dalbotnen er landskapet prega av jordbruk, stort sett med grasproduksjon. Det er framleis ein del husdyr i området (sau) som beitar, og held som den nære utmarka noko open.

## 3. Historisk bakgrunn

Nese er ein gamal gard med skrivne kjelder attende til 1300-talet. Den har nok namn etter fjellframspringet, neset, som endar opp i eit lite dalrom ved Lærdalselvi.

I dag er det to bruk på Nese, bruk nr. 1 «Uppigarden» og bruk nr. 2 «Nigarden». Fellestunet som har karakter av eit klyngetun ligg på flatt lende ved elva. I dei siste åra er bygningsmiljøet modernisert med utflytting av bustadhus og oppføring av ein moderne driftsbygning.

Bortsett frå dei flate teigane i dalbotnen, er jorda dårleg arrondert, lite samanhengande og med grunt og steinete jordsmonn. Bruka bygde i fellesskap eit vatningsanlegg i 1953 som betra på veksttilhøva (Espe et al. 1987). Det meste av fôret vart tidlegare henta i utmarka. Dei beste teigane på innmarka var åkrar med dyrking av korn. I uthusa på garden vart det berre lagra korn, alt høy låg lagra i utlør i dalsidene og i utmarka (Espe et al. 1987). Høyet køyrde dei heim om vinteren.

Nese har også rettar til store utmarks- og fjellområde, spesielt innover dalføret langs elva Dylma heilt mot grensa til Hallingdal. Fjellet vart nytta til både jakt, fiske og utleige av fehamner og til tamreinsbeite. Bruk 1 har fjellstøl på Areberg og heimestøl i Engi, medan bruk 2 har støl i Bjordalen. Elles var det tidlegare mange ulike stølar i utmarka og fjellet, både vår- og sommarstølar.

Gjennom tidene har det vore fleire delingar og utskiftingar mellom dei to bruka, både skog, utmark og fjellrettar. Mange husmannsplassar låg tidlegare under bruka på Nese, både på «Nestråni», «Granden», «Nesgjerdet», «Træet» og «Nesbakkane». Dette var små plassar på begge sider av elva med bygningar og små innmarksareal. I dag kan ein finne mange tufter og restar etter desse plassane, i tillegg kan ein sjå spor etter tekniske strukturar som steingardar, bakkemurar, rydningsrøyser, bruer og kverner.



Figur 84. Kontrastar mellom gamalt og nytt. Gamalt lager for hesjastaur og moderne driftsbygning i klyngetunet på Nese.

#### 4. Naturtypar og biologisk mangfald

Dei brattlendte teigane på Nese har tidlegare vore intensivt utnytta til både slått og beite. Ein finn gamle slåttemarkar i lisidene på begge sider av elva. Dei gamle slåttemarkene kan stadvis vere oppdyrka, men fylgjer stort sett terrengformene. Sidan det tidlegare ikkje var åkrar i lisida har engene lang kontinuitet og høg artsvariasjon.

I lisida er grunntilhøva varierende, alt frå godt opparbeidd jordsmonn til skrin jord og turrberg. Dette gjer også at artssamansetjinga på engene varierer over små avstandar, og at det veks artar frå ulike vegetasjonstypar. Her er planter både frå skogsamfunn til turrbergsartar, eit relativt høgt artsmangfald på eit heller lite areal.

På dei frodige partia veks kulturmarksartar som engreverumpe, timotei, hundegras, engsvingel, engsyre, hundekjeks, krypsoleie og løvetann. Engene har lang kontinuitet og som regel høg artsvariasjon med artar som t.d. gulaks, dunhavre, engrapp, engkvein, firkantperikum, prestekrage, raudknapp, gjeldkarve, småengkall, kvitmaure, gulmaure, engsmelle, engsoleie, vanleg arve, karve og sumpmaure. På dei svakt gjødsle naturengene finn ein og beitemarkssopp.

Innslaget av kontinentale artar aukar noko austover i Lærdalsdalføret og på Nese har ein også innslag av artar som dunkjempe, raudkjeks, engnellik, bakkemynte og flekkmure. Artane marinøkkel og vårveronika indikerer noko rikare grunn, dei veks gjerne på område med innlag av av fyllitt i grunnen. Vårveronika blir nytta som ein indikator-art «for kalkrik turreng med klart hevdpreg» i klassifikasjonssystemet NiN.

På skrint jordsmonn finn ein ei rad turrbergartar som smyle, sauesvingel, hårsveve, bitter bergknapp, kvit bergknapp, småbergknapp, aurikkelsveve, småsmelle, sølvmure, legeberonika, markjordbær, tepperot, flekkmure, lintorskemunn, mørk kongsllys, åkerminneblom og småsyre.

Nokre av dei gamle slåttemarkene er i dag i attgroing med aukande innslag av mjødurt, kvitbladtistel, tyrihjem og skogstorkenebb. Sidan areala no helst blir nytta til sauebeite med trakk og oppgjødsling, har engene stadvis innslag av som brennesle, bringebær, høymole, kvassdå, raud tvetann og fleirårsknavel.

Det er også gradvise overgangar mot open beitemark i skog. Her finn ein meir typiske skogsartar som teiebær og liljekonvall.

Naturbase: I naturbase er det fleire område med ulike naturtypar som er avgrensa på Nese. Naturbeitemarka Nese (BN00017571) ligg i lia nord-vest for gardstunet. Dette arealet vert nytta til sauebeite vår og haust. Jorda er skrinne med turkeprega vegetasjon. Her er registrert beitemarkssopp, m.a. den raudlista arten vridd køllesopp. Lokaliteten Nese beitemark (BN 00090019) er ei tilgrensande naturbeitemark som inn til nyleg var klassifisert som slåttemark. Denne er artsrik med fleire turrbakkeartar. Nese slåttemark (BN00090015) er ein utvald naturtype som har vore slåttemark fram til det siste, men er no hovudsak nytta som beitemark. Her er innslag av mange karakterartar for slått. Lokaliteten Neshagen (BN00017572) ligg på motsett side av Lærdalselvi. Dette naturtypeområdet er registrert som gråor-heggeskog. Langs sideelva Dylma og oppover dalføret ligg tre avmerkte naturtypeområde: Nesdaalen vestsida (BN00092735) som er registrert som «gamal boreal lauvskog», Nesdaalen austside (BN00092721) som er ein «sørboreal blandingskog» og naturtypen Dylma (BN00092726) med rik vegetasjon langs bekkekløft og bergvegg.

## **5. Kulturhistoriske verdiar**

På Nese er det mange kulturminne, spesielt knytt til samferdsle og religion. Frå kyrkjene på Borgund kan ein fylgje Sverrestigen som går rundt Klanten, eller Vindhellavegen som går gjennom Vindhellaskaret. Langs Sverrestigen finst element som rydningsrøyser, kvier, naturbeitemarker, hagemarker, slåttemarkar og heilskaplege tradisjonelle gardsmiljø som t.d. Tråve. Frå Sverrestigen tek det av fleire mindre stisystem, m.a. gamle Nevlosvegen og gamle Bergi. Gamle Nevlosvegen var ein god kjerreveg frå garden Nevlo, og gamle Bergi var ein kløvveg ned til garden Nese. Den siste ser ein i dag berre som ei grøft (Vatn 1991).

Tunmiljøet på Nese er spesielt. Det har framleis karakter av klyngetun sjølv om det har vore ein del utflytting frå tunet og nybygging dei siste åra (figur 84).

I direkte tilknytning til den konkrete slåttemarka er det fleire rydningsrøyser, som delvis tener som oppstøttande bakkemurar (figur 85). I tilknytning til slåttemarka har det tidlegare stått fleire løer. Framleis står det nokre karakteristiske lafta løer på sørsida av Lærdalselvi. I hellinga over gardstunet står det eit ope lagerskur for oppbevaring av hesjastaur som tidlegare vart nytta på dei omkringliggjande slåttemarkene.

Askeladden: I Askeladden er det ingen oppføringar av automatisk freda kulturminne. Derimot er det mange oppføringar for tilgrensande område både ved stavkyrkja, langs veganlegga og ved Husum. Den nærmaste lokaliteten er 128903 Borgund vegmiljø med Sverrestigen.



Figur 85. I beitemarka ved dei gamle slåttemarkene på Nese ligg mange store rydningrøyser.

## 6. Dagens bruk og tilstand

Dei gamle slåttemarkene blir i dag helst nytta som sauebeite. Inntil nyleg har også område vorte slått og hesja på tradisjonelt vis. Lokaliteten «Nese slåttemark» er definert som utvald naturtype og grunneigaren søkjer om skjøtselmidlar for denne. Spesielt i utkantane av slåttemarka/naturbeitemarka er attgroinga merkbar, fyrst med einstape og seinare skogkratt. Einstape dannar no stadvis eit belte mellom dei opne naturbeitemarkene og bjørkeskog og i bakkant.

## 7. Vurdering

Systemet av slåtteteigar i mosaikk med andre naturtypar er eit godt eksempel på den småskala drifta på Nese som er representativ for Borgund. Ein nytta heile det potensielt dyrkbare landskapet og hadde opparbeidde slåtteteigar rydda i ulendt utmarksterreng. Her er det kontinuitetsprega slåttemark og naturbeitemark med lite preg av gjødsling.

Dei gamle slåttemarkene, og no helst naturbeitemarkene, er artsrike med sjeldne artar som marinøkkel og engnellik og dei raudlista artane vårveronika og vridd køllesopp. Dei mange rydningsrøysene og åkerholmar i tilknytning til slåttemarkene vitnar også om intensiv arealutnytting, gjerne basert på slått med høg manuell innsats. Dette systemet med gamle slåttemarker som grensar inntil turrbakkar, hagemarker og småskog har også potensielt eit mykje høgare artstal enn vanlege opne slåttemarker. Enzensberger (2019) har på oppdrag frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vurdert tilstanden til Nese. Ut frå standard verdisetjingsmatrise har området fått verdien viktig, B. Ho tilrår også å slå saman dei tilgrensande lokalitetane «Nese slåttemark» og «Nese beitemark» til ein lokalitet i Naturbase.

## 2.19 Lokalitet: Nevlo



Figur 86. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 87. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkjelde: Fylkesatlas.

## 1. Naturtype

Slåttemark.

## 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Nevlo ligg i Borgund, nokre hundre meter sør for Borgund stavkyrkje (figur 86 og 87). Nevlo har gardsnummer 55 og bruksnummer 1. Totalt er bruket på kring 150 daa. Kring 20 daa av dette er innmark. Garden ligg på kring 390 moh. like inntil riksvegen nedanfor Svartegjelsberga. Yttergrensene går mot Kyrkjevoll, Tråi og Nese. Landskapsrommet her er ope, avgrensa av to tronge gjel.

Naturtilhøva er som på nabogarden Nese (sjå førre område).

## 3. Historisk bakgrunn

Nevlo er eit gamalt naturnamn som kan førast heilt attende til tidlege skriftlege kjelder kring år 1300. Førestavinga ”nev” har truleg samanheng med never eller neverskog, medan ”lo” tyder ”engmark attmed sjø eller vatn” (Espe et al. 1987). Lo er då også namnet på eit større, og flatare jordbruksområde like aust for Borgund stavkyrkje.

Nevlo har frå 1300-talet vore knytt til kyrkja, både til presten i Borgund og i Hauge sokn. Bøndene har vore sjølveigarar, men har betalt relativt store ”månadsmatabol” til kyrkja. I 1716 hadde bonden 1 hest, 7 ungnaut, 25 sauer og 14 geiter med 11 killingar. Seinare finn ein fleire festesetlar for garden. I 1866 fødde dei 1 hest, 3 kyr og 14 sauer her. Dei sådde ut 2,5 tønner bygg og 5 tønner poteter. Til garden høyrde også rett til hausting av 600 kjervar lauv. Det dyrka arealet av åker og eng var 6 mål (daa) medan natureng og ”heimeslætte” var 26 mål. Sjølv om garden var ”godt dyrka og heller lettbrukt” var det fleire familiar herifrå som utvandra til Amerika på slutten av 1800-talet (Espe et al. 1987).

Nevlo har nytta fleire stølar opp gjennom tidene, ”Skåri”, ”Trodokk”, ”Leihaug” og ”Øystølen”. Dei slutta med stølsdrift i 1948 (Espe et al. 1987).

Den mest artsrike slåttemarka ligg i utkanten av ei kultureng og er berre stadvis overflatedyrka (figur 88). Overflata fylgjer terrenget med små raviner og flater i ulike nivå. Ein tilpassa jordveg er opparbeidd mellom dei største teigane slik at der er mogeleg å nytte traktor med reiskap både til slåtten og høykøyringa.

Fleire teigar som no er slåttemark vart rydda av besteforeldra til noverande brukar, mest truleg ein gong på 1930-talet.

Det har lenge vore kjent at enga her har vore artsrik. Blomar herifrå vart plukka saman til bukettar for å dekorere borda på Husum hotell.

## 4. Naturtypar og biologisk mangfald

I området er det fleire små bergknauser, område som ikkje vert slått (figur 89). Her får artane stå utan slåttepåverknad. Dei mange holmane med varierende djupn på jordsmonnet gjer at det er ein heller stor variasjon på substratet frå friske enger til turre ryggar. Dette gjer at artsmangfaldet er relativt høgt på eit heller lite areal.

Dei frodigaste engene har mange kulturmarksartar som timotei, engreverumpe, hundegras, engsvingel, engsyre, hundekjeks, krypsøleie og løvetann.



*Figur 88. Slåttemarka er artsrik med prestekrage, raudknapp, engkall, kvitbladtistel, engstorkenebb, raudkløver, engsoleie og blåklokke.*

Naturengene fylgjer terrenget og har i historisk tid ikkje vore overflatedyrka eller lege opne som åkrar. Engene har difor lang kontinuitet og som regel høg artsvariasjon med artar som t.d. gulaks, dunhavre, engrapp, engkvein, firkantperikum, prestekrage, raudknapp, gjeldkarve, småengkall, kvitmaure, engsmelle, engsoleie, legeveronika og markjordbær. Graset frå desse slåttemarkene vart turka i fleire småhesjar.

Nokre av slåttemarkene er i dag i attgroing med aukande innslag av mjøddurt, kvitbladtistel, tyrihjelms og skogstorkenebb. Stadvis har engene innslag av nitrofile artar og «ugrasartar» som brennesle, bringebær, kvassdå og raud tvetann. Det er også gradvise overgangar mot open beitemark i skog. Her finn ein meir typiske skogsartar som teiebær og liljekonvall.

Naturbase: I Naturbase er det ikkje avmerkt område på Nevlo, sjå derimot omtale av naturtypar på den tilgrensande lokaliteten Nese.

### **5. Kulturhistoriske verdiar**

I direkte tilknytning til den konkrete slåttemarka er det fleire rydningsrøyser, som delvis tener som oppstøttande bakkemurar. Av bygningar på garden er det den gamle turkestova på oppsida av garden som er mest spesiell.

I området er det elles mange kulturminne, spesielt knytte til samferdsle. Sjå omtale under nabolokaliteten Nese.





*Figur 89. Tradisjonell slåttemark med hesjar ved Nevlo. Område kring fjellknausar blir ikkje blir slått og har tilhald av fleire turrbergsartar.*

Askeladden: I Askeladden er det ingen oppføringar av automatisk freda kulturområde på garden Nevlo. Derimot er det mange oppføringar for tilgrensande område både ved stavkyrkja, langs veganlegga og ved Husum.

## **6. Dagens bruk og tilstand**

Slåttemarka var i drift som beiteområde for kring 20 lamsauer, og til slått og hesjing fram til 2018. Slåttetidspunktet var i midten av juli og det sto som regel til saman 6-7 hesjar på enga. Den lengste hesja hadde om lag 30 golv. På tilgrensande areal var det også små slåtteteigar der det årvisst stod hesjar. Dei fleste av desse slåttemarkene har i dag ein vegetasjon utan det same høge biologiske mangfaldet som den største og lysopne enga.

Enga grensar mot småskog helst med osp og bjørk der ikkje har vore så lett å kome til med slåttereiskap. Her får ein innslag av skogsartar. Det er også oppslag av einstape i randsona øvst mot utmarka og mange renningar av bjørk i enga, særleg ved jordfaste steinar, røyser og langs vegkanten.

## **7. Vurdering**

Dette systemet av små slåtteteigar som ein finn på Nevlo er eit godt eksempel på den småskala drifta i Borgund. Ein nytta heile det potensielt dyrkbare landskapet og hadde opparbeidde slåtteteigar og åkerlappar rydda i ulendt terreng. Slåttemarkene fylgjer terrengformene og er avgrensa av framstikkande svaberg og små ryggar og bergframspring.

Eit hovudmål er å oppretthalde slåttemarkene i god hevd utan teikn til attgroing og med høgt artsmangfald. Det er mykje lettare å vidareføre drifta i ei slåttemark i aktiv bruk, enn å


restaurere etter nokre års opphald i drifta.

Slåttemarkene utmerkar seg med høg artsdiversitet og blir lagt merke til gjennom det meste av vekstsesongen. Før engene utviklar seg er det gjerne stadvis høg førekomst av liljekonvall i randsoner. På føresommaren er feltsjiktet fargerikt, gjerne med eit høgare innslag av prestekrage enn det som er vanleg for slåttemarker i Borgund.

Dei siste åra med slått og hesjing vart også sjølve slåttonna lagt merke til. Med hesjar på små teigar i det kupert terrenget fanga dette merksemd hjå forbipasserande

Bonden her er ein tradisjonsberar for oppføring av store tradisjonelle kjegleforma vedlad som år om anna også er eit sentralt visuelt miljøelement.

## 2.20 Lokalitet: Tråve og Sverrestigen



Figur 90. Omtrentleg avgrensing av lokaliteten. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 91. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkjelde: Fylkesatlas.

## 1. Naturtype

Heilskapleg kulturlandskap, naturbeitemarker, hagemarker, eldre byningsmiljø og våtmarksslått.

## 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Tråve, eller frå gammalt kalla Tråo, med gardsnummera 53 og 54 ligg i Borgund litt sør for stavkyrkja ved den gamle riksvegen gjennom dalen, tett ved dei gamle veganlegga; Vindhella-vegen og Sverrestigen. Tunet på «Frammi - Tråo» ligg på ca. 450 moh., medan «Atti-Tråo» ligg noko høgare, 475 moh. (figur 90 og 91). Innmarksareala er brattlendte og jorda er tungdriven. Gardsvegen er å rekna som svært bratt, og både vinterstid og for større køyrety som mjølkebilan byr vegen på utfordringar. Vatnforsyninga var vanskeleg tidlegare og marka kunne vere turkeutsett (Espe & Hovland 1990). Gardstuna er omgitt av frodig engmark og bjørkeskog.

## 3. Historisk bakgrunn

Garden er nemnt i middelalderen, men kan vere eldre. Namnet kan kome av opptrakka areal der kyra gjekk og venta på å bli mjølka.

Garden vart delt på 1300-talet i «Atti-Tråo» og «Frammi-Tråo». «Atti-Tråo» vart sjølveigarbruk i 1830, «Frammi-Tråo» i 1831. I 1865 budde det 4 personer på «Atti-Tråo» og 9 personar på «Frammi-Tråo», på det sistnemnde fordelt på tre husstandar. Det var høvesvis 1 hest, 5 kyr, 14 sauer, 9 geiter og 1 gris på bruk nr. 1 og 1 hest, 8 kyr, 19 sauer, 9 geiter og 1 gris på det andre. Det vart sådd ut 3 tønner korn og sett 4 tønner poteter på «Atti-Tråo» og 3 tønner korn og 3 tønner poteter på «Frammi-Tråo» same år. For «Atti-Tråo» vert det opplyst at det også vart hausta 258 våger høy og 300 kjervar lauv. Slåtteteigane var på 19 mål, medan hamnehagen var «utilstrekkelig» (Espe & Hovland 1990). På «Frammi-Tråo» hausta dei også 258 våger høy og det kunne hoggast 500 kjerver med lauv. På denne garden var det 14 mål dyrka eng og 27 mål slåttemark.

Fram til 1961 var det to gardsbruk, men i 1961 vart «Atti-Tråo» kjøpt av eigaren av «Frammi-Tråo» og etterpå driven som ein gard. På NIBIO-gårdskart er det innteikna 30 daa fulldyka jord, 16 daa overflatedyrka jord, 56,8 daa innmarksbeite, 280,6 daa produktiv skog, 99,7 daa anna markslag (stort sett berg og ur) og 2,5 daa utbygd areal, noko som totalt utgjør 485,6 daa.

Det skal ha vore ein husmannsplass under «Atti-Tråo»; Maurehaugen. I tillegg kan det ha vore folk på Bjøberghaugen (stove) og på Oppheim. Dei to sistnemnde er fyrst og fremst omtala som buplassar (Espe & Hovland 1990). «Atti-Tråo» har også hatt stølsrett.

## 4. Naturtypar og biologisk mangfald

### Tråve

Det er store engareal på Tråve, fleire med eit variert artsinnhald. På dei frodige og bratte engene der fleire er dominerte av engreverumpe veks også skogstorkenebb, hundekjeks, engsoleie, engsyre, løvetann og sølvbunke. Stadvis finst parti med grunnare mark og berg med innslag av mellom anna stemorsblom, kvitmaure og gulaks.

I nedkanten av eigendomen på grensa mot Nese ligg eit større område med naturbeitemark. Marka er turkeutsett og hårsveve er karakteristisk. Her veks også den vesle sporeplanta marinøkkel. Elles er det registrert fleire utsette og sårbare beitemarkssopp-arter som vridd køllesopp (VU) og lutvokssopp (NT) i dette området.



*Figur 92. Eit større myrslått-område dominert av skogrøykvein i sørvest.*

I sør mot Husum på vestsida av Sverrestigen er det eit parti med våtmark/myr (figur 92). Dette skal tidlegere ha vore nytta til slått (myrslått). Våtmarka er dominert av skogrøykvein og har ein klar avgrensning mot kringliggjande skog. I nord i tilknytning til våtmarka er det ein fint oppbygd brønn i naturstein. Slåttemyra skal tidlegere også ha omfatta eit parti aust for stien, men dette er i dag grodd att, og råmetilhøva er truleg endra.

Naturbase: I Naturbase er det ikkje område som omtalar Tråve. Sjå omtale av lokaliteten Nese for andre viktige naturområde i nærleiken.

### Sverrestigen

Sverrestigen var den viktigaste ferdselsvegen før Vindhellavegen vart ferdigstillt, og mange segner og historiar knyter seg også til denne vegen. Vegen er godt merka og på ulike plassar finst skilt med namn og omtale. Vegen er godt vedlikehalden, delvis grasdekka, delvis med jord og stein (figur 93). Langs vegkanten står lysopen lauvskog, både med hengebjørk og vanleg bjørk; innslag av osp, gråor, hegg, rogn og selje. Turr og daud einer står mellom trea. Stadvis er det mindre felt med grasmark, skrapslåttemark, utslåttar og naturbeitemark. Fleire areal er inngjerda med tydelege steingardar. I skogbotnen veks mellom anna gaukesyre, skogstjerne, fugletelg, skogburkne, fjellfiol, hengeving, tepperot og skogmarimjelle. Stadvis er feltsjiktet prega av meir lyskrevjande kulturmarksartar som mellom anna sølvbunke, engsoleie, gulaks, hårfrytle, gullris, engsyre, legeveronika, raud jonsokblom, grasstjerneblom, marikåpeartar, av og til tyrihjelms, brennensle og bringebær som tydelege spor etter husdyr. I vegkantane ved Tråve veks tveskjeggveronika, markjordbær, ryllik, enghumleblom, kvitmaure, markkrapp, blåklokke, liljekonvall og kvitkløver for å nemne nokre artar.



Figur 93. Store styva bjørker står langs Sverrestigen som går gjennom garden Tråve.

## 5. Kulturhistoriske verdier

Det er ikkje registrert forminne i tilknytning til garden. Fleire stadar langs Sverrstigen finn vi større og mindre steingardar delvis som grensegjerde mellom inn og utmark, men også som inngjerda teigar (tidlegare slåttemark).

Fleire av bygningane på Tråve er registrerte i Sefrak-registeret. På «Frammi-Tråo» er dette fire bygningar og tufter i tunet; høvesvis ein stovebygning, ei smie, eit vedhus og tuft etter ei stove. Lenger nede på engmarka ved campinghyttene er det registrert ei løe. Oppe ved Sverrestigen over tunet ligg nok ei tuft/ruin etter eit hus. På «Atti-Tråo» som i dag framstår som eit heilskapleg eldre byningsmiljø er fire bygningar i tunet registrert; ein driftsbygning, ei matbu/stabbur, ei stove og ein ruin/tuft etter ei gamal stove (figur 94). Det er også ei tuft i marka sør-vest for «Atti-Tråo».

Askeladden: I Askeladden er det ingen oppføringar av automatisk freda kulturminne på Tråve. Derimot er det mange oppføringar for tilgrensande område både ved stavkyrkja, langs veganlegga og ved Husum.

## 6. Dagens bruk og tilstand

Dagens eigar driv med spelsau (gamal norsk rase) og har kring 30 vinterfôra sauer og 39 lam (2019). Alle engareala vert slått, og attgrodd naturbeitemark og utslåttar er under rydding. Eigaren utfører også ein omfattande innsats for å merke opp gamle stiar og vegfår i området. Tidlegare, frå 1977 var det tilrettlagt for turisme på Tråve og det vart bygd fleire utleiehytter. I tillegg er fleire bygningar på «Atti-Tråo» ominnreia til overnatting. Totalt var overnattingskapasiteten på 60 sengeplassar. Det er ikkje turisme på Tråve i dag, men eigaren har planar om å pusse opp att nokre bygningar for på ny å starte med utleige.




*Figur 94. Det gamle tunet på «Atti-Tråo» ligg tett inntil Sverrestigen.*

## **7. Vurdering**

Tråve ligg strategisk til ved Sverrestigen mellom stavkyrkja på Borgund og den gamle skyssstasjonen på Husum. Sverrestigen utgjer ein viktig del av ein rundtur som kan fortsetje over Vindhellavegen og attende til stavkyrkja/Husum. Det autentistiske bygningsmiljøet på «Atti-Tråo» har stor kulturhistorisk verdi. Dagens eigar er interessert i å ta vare på gamle tradisjonelle bygningar og kulturlandskap og gjer ein omfattande innsats når det gjeld å rydde fram gamle tufter og steinstrukturar og attgrodd kulturmark. Slåttemyra er interessant som kulturmark då dette er ein type som ein ikkje finner mange andre stadar i Lærdal.

## 2.21 Lokalitet: Sprakehaugen



Figur 95. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 96. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkjelde: Fylkesatlas.



## **1. Naturtype**

Naturbeitemark.

## **2. Lokalisering og naturgrunnlag**

Sprakehaugen ligg på Borgund like ved riksveg 630 og den gamle bensin- og servicestasjonen på Borgund. Naturbeitemarka er lokalisert i lisdida like bak busetnaden (figur 95 og 96).

Grunnen er for det meste bygd opp av morene- og skredjord. Massane har tydeleg ravinepreg med små søkk og ryggar. Området er delvis overflatelydda, her finst få større steinar.

## **3. Historisk bakgrunn**

Naturbeitemarka ligg under bruk 65/8, Jonasgarden. Denne garden har innmark på begge sider av riksvegen med 35 daa kultureng og 40 daa innmarksbeite (Gårdskart, NIBIO). Jonas Helgeson Hunderi (1854-1929) dyrka og rydda mykje på bruket. Han og kona sette opp stovehus og uthus i eit nytt tun. Jonas fekk i 1910 diplom frå landbruksstyresmaktene for innsatsen sin (Espe et al. 1987).

Over garden ligg naturbeitemarka som vart utskift i 1946. Jordsmonnet er skredjord med ein god del stein. Det er heilt naudsynt med kunstig vatning for å få brukbare avlingar. Vatningsanlegg vart utbygd i 1956. Før den tida dreiv dei mykje med «férvatning», noko som var svært arbeidskrevjande (Espe et al. 1987). Jonasgarden har også stølsrett, rett til skog og til ein slåtteteig på ein tidlegare husmannsteig.

## **4. Naturtypar og biologisk mangfald**

Utbreiinga av dei ulike artane varierer ein del gjennom naturbeitemarka, spesielt om dei ligg nede i ravinene eller oppe på dei turrare ryggane (figur 97). Utformingane er også sesongavhengige, og endrar seg ein god del med vêrlaget om sommaren. Solrike og nedbørsfattige somrar gjer at feltsjiktet lett turkar ut, og ein får ein visuell dominans av turketålende gras og urter. Vanlegast då er dunhavre, gulaks og engkvein.

Artssamansetjinga varierer med kulturpåverknaden, men har gjennomgåande eit høgt biologisk mangfald. Breiblada grasartar er vanlege, slike som timotei, engsvingel og hundegras. Blømingfrekvensen varierer frå år til år, avhengig av både bruk og økologiske tilhøve. Den avtakande bruken av beitemarka fører til stadige oppslag av meir forveda planter som einer og nyperose. Det er også aukande oppslag av bregnene skogburkne og einstape. Urtefloraen i naturbeitemarka er helst prega av fargerike urter som raudkløver, gulmaure, kvitmaure, raudknapp, ryllik, gjeldkarve, markjordbær, blåklokke, lintorskemunn og engminneblom.

I turre bakkar er det ein del innslag av varmekjære artar frå det sør-austlege floraelementet, slike som mørkkongslis, engnellik, kransmynte, ullurt, smånøkkel, vårrubloom og vårveronika. Her er også planter frå det austlege floraelementet som rankfrøstjerne, sandfiol og dvergmispel (A. Skogen pers. oppl.)



*Figur 97. Naturbeitemarka har tydeleg ravinepreg med små søkk og ryggar. Her veks mange varmekjære artar frå det sør-austlege floraelementet. Lokaliteten var lenge ein fast stopp på ekskursjonar for botanikkstudentar på Universitetet i Bergen.*

Forutan dei mange varmekjære artane veks her også typiske turrengsartar som ryllik, lintorskemunn, småmarimjelle, vanleg følblom, tiriltunge, kvitmaure, åkermåne, kratthumleblom og blåkoll. Turrbakkesamfunna har også innslag av marinøkkel, bakkestjerne, kattefot, vårveronioka og bakkemynte. Det er også gjort funn av bakkeminneblom og dvergminneblom og førekomstar av planter som vanlegvis har tyngdepunkt i fjellet som fjellarve, snøsildre og setermjelt (A. Skogen, pers oppl.).

I naturbeitemarka er det registrert fleire beitemarksoppar, også raudlisteartar, t.d. sauevokssopp, vridd køllesopp, gulbrun narrevokssopp, mørkskjella vokssopp, lillagra raudskivesopp og fiolett raudskivesopp (Naturbase). Små søkk kan vere frodige med breiblada gras og kraftige urter. Vanlege artar her er hundegras, engreverumpe, tyrihjelmsle og brennensle.

Naturbase: Området ligg inne i naturbase som naturbeitemarka Sprakehaugen, BN 00017540. Dette området har utbreiing på begge sider av elva Volldøla. Det blir påpeika at delar av området er i ferd med å gro att, men at det kan skiljast ut tre mindre delområde som har store biologiske kvalitetar. Ovanfor Sprakehaugen ligg fleire grusvifter på rekke og rad der særleg den austlegaste av viftene er særskild rik på beitemarkssopp og naturengplanter. Vegetasjonen har preg av turrbakkesamfunn.



Figur 98. Mellom innmarka og beitemarka ligg omfattande steinstrukturar med steingardar og rydningsrøyser. Godt tilpassa er også eit gammalt sauefjøs i stein.

## 5. Kulturhistoriske verdiar

Beitemarka er rydda, men har få kulturspor. Her finst ein del små rydningsrøyser. Langs grensa til teigen mot aust ligg eit mindre granplantefelt som tydeleg markerer denne grensa. Midt i beitemarka er det oppført ein liten hoppbakke i trekonstruksjon. Mellom innmarka og beitemarka ligg omfattande steinstrukturar med steingardar og rydningsrøyser (figur 98).

Askeladden: Det er ikkje oppført arkeologiske funn i området i Askeladden. Men på nabogarden på vestsida av Volddøla er det funn av ein gamal åker med kring 16 rydningsrøyser og ei mogleg mosegrodd gravrøys. Det er også funn av eit par store jordfaste steinar med skålgroper, der den eine steinen har 19 synlege skålgroper. Dei største er 5 cm i tverrsnitt og 1 cm djupe (Røberg 1994).


## 6. Dagens bruk og tilstand

Naturbeitemarka har tidlegare vore nytta til slått og beite. Den er framleis i drift med beiting av sau og lam. Det blir framleis rydda i naturbeitemarka.

## 7. Vurdering

Denne naturbeitemarka representerer lang kontinuitet. Den blir no beita, og oppskytande kratt blir rydda bort, spesielt i nedre deler. Den har innslag av karakteristiske "turrbakkeartar" som representerer eit meir austleg og kontinentalt floraelement på Vestlandet. Området har vore mykje nytta som ekskursjonslokalitet, m.a. av Universitetet i Bergen. Naturbeitemarka har eit høgt innslag av engartar, og kan spesielt i fuktige somrar ha eit fargerikt uttrykk. Den noko lågtytande beitemarka representerer ein tradisjonell kulturmarkstype basert på avgrensa gjødsling og kultivering. Beitemarka har eit heller høgt biologisk mangfald.

## 2.22 Lokalitet: Eråksgrandane



Figur 99. Omtrentleg avgrensing av lokaliteten. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 100. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkjelde: Fylkesatlas.

### 1. Naturtype

Marginalt, heilskapleg kulturlandskap. Husmannsplassar. Omfattande steinarbeid og tekniske strukturar.

### 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Eråksgrandane ligg på Borlaug på elvesletta der elva Mørkedøla frå Hemsedalsfjellet og Smedøla frå Filefjellet møtest (figur 99 og 100). Området er lett tilgjengeleg frå både E 16 og RV-52 og vidare gjennom ein gardsveg inn til dei sentrale delane av området. Ein oppmerka tursti fører gjennom området.

Eråksgrandane omfattar ein stor elvegrande bygd opp av grovmateriale; stein, grus og sand avsett som ei halvøy. Den store flaumen i 1860 gjorde stor skade både på innmarka til gardsbruka på Eråker og på Eråksgrandane (Espe et al. 1987). Jordsmonnet har stor permeabilitet og turkar lett ut. Det var derfor nødvendig med eit omfattande vatningssystem. Det er tydelege spor etter fleire veiter. Store steinopplegg (rydningsrøyser og steingardar) saman med mange tufter etter tidlegare husmannsplassar set eit tydeleg preg på landskapet.

### 3. Historisk bakgrunn

Plassane som ligg på Eråksgrandane har tidlegare høyrte til gardsbruka på Eråker. Eråker er ein gamal gard og var eit større middelaldertun på 1300-talet, men busetnaden er truleg mykje eldre. Garden kan ha vore audegard i ein periode etter Svartedauden, men marka kan likevel ha vore kontinuerleg i bruk. Jordsmonnet er turt og spesielt utsett for turke. Det må ha vore nytta mykje tid, krefter og husdyrgjødsel for å bygge opp eit humusrikt jordsmonn til åkerareal (figur 101).



*Figur 101. I Eråksgrandane er det fleire engareal med mange steingardar, buvegar av stein, rydningsrøyser og vatningsveiter.*



Figur 102. På flyfoto ser ein tydeleg tufter og steinstrukturar på Eråksgrandane.

I bygdeboka er det nemt fleire plassar under Eråker. Ute på «Grandane» var det opphavelg tre plassar: Grandaplassen, Tåkel(h)eim og Granden. Rundtupp med tre oppdyka flater og to murar (tufter) i skogen og Tåkeleim (uthus, stove og to stabbur) (figur 102). I tillegg var det tre plassar vest for Eråker og tre plassar på austsida ved vegen over Hemsedalsfjellet.

På plassane braut husmennene opp åkerareal. Høy og anna fôr vart vanlegvis hausta i utmarka og i fjellet. Under storflaumen i 1860 kjenner vi til at folk på Grandaplassen/Tåkeleim/Granden, truleg også folk på dei andre plassane, måtte rømme området for ei tid. På Grandaplassen skal det ha stått ei stove med kove, eit oppmurt fjøs med to rom og eit stort stabbur. Fjøset skal ha vorte flytta på grunn av underjordiske så det kan vere enno ei tuft her. I 1865 hadde dei 3 storfè og 6 sauer, tidvis var det også gris på plassene. Husmannen dreiv med lasskøyring og hadde i ein periode også hest. Det vart sett ut tre tønner poteter. Plassen vart nedlagd i 1918, stova og uthuset vart då flytta.

Rundtupp var ein annan plass der fleire husmannsfamiliar budde i kring hundre år; frå ca. 1800 til ca. 1900, då plassene (bygningane) vart flytta. I 1865 er dyretalet oppgitt til to storfè og seks sauer. Det vart sådd ut ½ tønne bygg og sett to tønner poteter. Fire husmannsfamiliar skal ha budd på denne plassene i kortare eller lengre tid.

Tåkel(h)eim er den tredje plassene som vi kan finne spor etter i det aktuelle området. Plassen skal ha vore busett frå 1801 fram til 1925. Fem husmannsfamiliar skal ha hatt utkome frå denne plassene. I 1865 var det 3 storfè og to sauer her. Det vart sett ut 4 tønner med poteter. På plassene skal det ha stått ei stove med kove, ei løe med fjøs under og eit stabbur. I tillegg til oppdyrka åkerareal hadde husmennene på denne plassene også ei slette i utmarka til slått.



*Figur 103. Det turkeutsette jordsmonnet var avhengig av vatning. Fleire veitesystem hadde inntak frå elva Mørkedøla og leidde gjennom Eråksgrandane.*

Folk budde på plassane i kortare eller lengre tid før dei flytta til andre plassar, kjøpte gardsbruk eller emigrerte til Amerika. Heile familiar drog frå plassane her. Det skal ha og vore eigne husmannsstølar på fjellet, mellom anna hadde husmannsplassen Rundtupp støl i fjellområda i sør (Dagfinn Hegg Lunde, pers. oppl.)

Alle husmannsplassane ligg sør for traktorvegen/turvegen som fører gjennom området. Det er i randsonene mellom opne slåttemarkar og den lysopne bjørkeskogen at vi finn tufter etter eit høgt tal plassbygningar og også restar etter mange små oppdyrka areal.

På grunn av eit turkeutsett jordsmonn var det nødvendig med vatning, og det finst spor etter fleire gamle vatningsveiter med inntak frå Mørkedøla og fram til husmannsplassane (figur 103). I tillegg er det et innfløkt system av gamle vatningsveiter der fleire i dag er vassførande.

#### **4. Naturtypar og biologisk mangfald**

I dag er det fire større engareal sør for traktorvegen. Dei to engareala som ligg lengst mot aust nyttast til moderne grasfôrmark som vert beita av småfé vår og haust og slått på sommaren. Begge areala er inngjerdar med solide steingardar. Dei to andre engareala på sørsida av traktorvegen kan karakteriserast som gamle kulturenger. Desse engene har ein meir artsrik vegetasjon mellom anna med fuglevikke, markjordbær, gulmaure, kvitmaure, karve, engkvein, gulaks, sølvbunke, engreverumpe, engsyre, gjeldkarve, raudkløver og kvitkløver. Ved plassen Tåkelheim veks unge oppslag av gråor ut i enga. Tuftene og tidlegare smååkrar og slåttekvier i tilknytning til plassane er sterkt attgrodd med einer. Her er også mykje daud einer. Både her og i den lysopne kringliggjande bjørkeskogen veks mange lyskrevjande engartar som ryllik, engrapp, sølvbunke, marikåpe, raudknapp, blåklokke, kvitmaure,

engsoleie, markjordbær, gulaks, engkvein og tveskjeggveronika saman med kantartar og noko meir råmekrevjande artar som vendelrot og tyrihjelms.

Naturbase/Artsdatabanken: Det er ikkje registrert spesielle naturverdiar i området.

## 5. Kulturhistoriske verdiar

Askeladden/Fylkesatlas: På Eråksgardane er det registrert fleire fornminne, både graver og gravrøyser (figur 104). Kulturminne 101061-1 er lausfunn på Eråksøynene ved den store steinblokka, kulturminne 100793-1 er dyrkingsspor og dyrkingsflate medan kulturminne 101226-1 er ein rydningsrøyslokalitet. Trass i at husmannsplassane er fleire og steinopplegga og tuftene mange, er det i Sefrak-registeret berre nemnt to tidlegare bygningar lengst vest i området: ruin etter eit våningshus og ruin etter ein driftsbygning. Dette er nok ei underrapportering av alle dei spesielle og godt bevarte tuftene, steingardane, rydningsrøysene, vatningsveitene og ikkje minst dei små, oppdyrka og inngjerda åkerlappane som ligg i dette området. I dag er dette eit fysisk dokument over ei gruppe menneske som levde på eit eksistensminimum i vår nære fortid som vi sjeldan finn maken til.

## 6. Dagens bruk og tilstand

I dag er areal som kan nyttast maskinelt til grasproduksjon i drift. Dette gjeld mellom anna dei to engareala som ligg lengst mot nord-aust. Vegetasjonen her består av kulturartar frå moderne engfrøblandingar. Engene vert beita av sau tidleg på våren, slått på sommaren før dei på ny vert nytta til haustbeiting. De to andre engene vert også beita av sau, men desse vert ikkje slått. Her er vegetasjonen noko meir tua. Sjølv om areala framleis er opne, er det her tydlege teikn til attgroing frå kantane med oppslag m.a. av gråor.



Figur 104. «Store steinen» er omkransa av ein steingard. Nokre meiner dette berre er ei innhegning for husdyr, medan andre hevdar det har vore ein gamal offerplass. Under arkeologiske utgravingar er det gjort funn av avslag frå lærdalskvartsitt her.



Tufter i tilknytning til engareala kan på sikt også fungere som kjernar for spreining då dei er overgrodde med einer, også med oppslag av lauvtre. Småfê beitar i randsonene og i kringliggjande skog, men nedbeitinga er ikkje omfattande nok til å hindre attgroing.

## **7. Vurdering**


Det er viktig å ta vare på dette området, alle tuftene og alle steinopplegga og gjere desse fysisk og visuelt tilgjengelege for komande generasjonar. Området er eitt av dei viktigaste og mest instruktive i Lærdal når det gjeld husmannsvesenet i dalen. Området har stor pedagogisk verdi. Både lokalisering og jordsmonn er typisk, og spora er mange og godt bevart.

Arbeidsinnsatsen som er lagt ned i rydding og oppmuring på de ulike plassane er imponerande. Arealbruken og kulturlandskapsstrukturen er variert og enno tydeleg.

Steingardane som omkransar dagens og tidlegare dyrka mark, dei mange rydningsrøysene, og ikkje minst dei mange bygningstuftene er svært interessante og eit kulturhistorisk dokument. I tillegg finst ei rekkje vatningsveiter og steinsatte grøver frå elva og ut til dyrka mark.

Traktorvegen er i dag mykje nytta som tursti inn i området. Frå denne går stien forbi husmannstuftene til garden Eråk. Området må dokumenterast og oppmålast. Det bør også utarbeidast ein skjøtselsplan for området.

## 2.23 Lokalitet: Borlo med Borloshagen og Borlo bygdatun



Figur 105. Omtrentleg avgrensning av lokaliteten. Kartkjelde: Fylkesatlas.



Figur 106. Flyfoto som viser området med naturtilhøve og infrastruktur. Kartkjelde: Fylkesatlas.

## 1. Naturtype

Heilskapleg kulturlandskap. Naturbeitemarker. Husmannsplassar.

## 2. Lokalisering og naturgrunnlag

Borlo ligg heilt aust i Lærdalsdalføret på kring 500 moh., og har i uminnelege tider vore eit viktig knutepunkt for samferdsla mellom aust og vest (figur 105 og 106). Her møtest vegane frå Valdres, Hemsedal og Lærdal. Borlo var opphaveleg eitt bruk, men vart seinare delt i tre, der det siste var Borloshagen/Hagen, eige gardsbruk frå 1812. Gardane ligg noko utsett til når det gjeld flaum og skred. Særleg var ei rasulykke i Borloshagen i 1873 katastrofal då både brukarane og fem av borna deira omkom. Innmarksareala på Borlo er tilnærma flate, medan slåttemarkar og naturbeitemarker ligg i skrånande terreng med høg solinnstråling.

Utmarksareala er steinete med mange urer. Gamle utslåttar og naturbeitemarker er i dag vaksne til med lysopen lauvskog med oppslag av selje, rogn, gråor og einer. Jordsmonnet har generelt høg permeabilitet og er turkeutsett. Bruk nr. 1 på Borlo vert driven, men har ikkje fast busetjing, medan bruk nr. 2 har heilårsbusetjing. I Borloshagen er det reist ei ny hytte eit stykke lenger nord-aust frå skredområdet.

## 3. Historisk bakgrunn

Garden Borlo er truleg svært gammal noko som nok skuldast den sentrale lokaliseringa ved den gamle ferdsselsåra over Filefjell og med lett tilkomst til fjellområda på Hemsedalsfjellet. Garden er nemnt på 1300-talet, men kan vere langt eldre. Nokre hundre år etter Svartedauden kan den ha vore audegard da garden så seint som i 1701 vart omtala som ein «rødningsplass» (Espe et al. 1987).

Det har vore fire husmannsplassar under garden: Breisletti som opphaveleg låg vest på innmarksareala, Uri som låg på oversida av det noverande tunet og Brusletti som låg sør for tunet heilt nede ved elva. Det har også vore ein annan husmannsplass som vart kalla Uri midtveges mellom Borlo og Borloshagen. Også Borloshagen/Hagen var tidlegare ein husmannsplass under Borlo. I 1866 vart Borlo-gardane rekna for tungbrukte. Men det var rikeleg med utslåttar og jordsmonnet vart vurdert som god mold- og sandjord. Garden hadde også stølar på fjellet, fleire med slåtteteigar. Det var tradisjonell stølsdrift fram til 1961 (Espe et al. 1987).

I 1865 var det 11 personar, 1 hest, 11 kyr, 20 sauer, 10 geiter og 1 gris på det eine gardsbruket, og 13 personar, 3 hestar, 15 kyr, 22 sauer, 13 geiter og 2 svin på det andre. I Borloshagen var det 11 personar, 2 hestar, 6 kyr, 15 sauer og 19 geiter, altså eit ganske høgt dyretal som det måtte skaffast fôr til. Det vart sådd ut høvesvis 4 tønner korn og 4 tønner poteter, 5 ½ tønner korn og 4 tønner poteter, og 2 tønner korn og 4 tønner poteter. Det store talet på hestar tyder på at karane også var skysskarar og/eller lasskøyrarar (Espe et al. 1987). Det var også naturleg å ta inn på Borlo både for mat og overnatting, og gradvis utvikla denne trafikken seg til ei turistverksemd med ungdomsherberge og bensinpumpe, fyrst på oversida av vegen, og seinare etter ein brann, på den andre sida av vegen der det framleis er eit overnattingstilbod.

## 4. Naturtypar og biologisk mangfald

Innmarksareala med moderne kulturenger vert beita av sau vår og haust og slått om sommaren. Sauene går også i periodar på nærutmarka der dei held oppslag av lauvkratt nede. Likevel er store delar av utmarka og tidlegare plassar (Uri og Borloshagen) i attgroing. Det har vore periodar med svak drift og både hustufter, gamle åkerareal og slåttekvier har vore dekkja med einerkratt. Det er mykje daud einer i området.



*Figur 107. Borlo bygdetun er eit «kulturlandskaps-museum» med ei omfattande samling av tradisjonelle bygningar, reiskap, gardsminne og tekniske strukturar som steingardar og vatningsveiter.*

Utmarka nord og vest for tunet (tidlegare slåttemark og beitemark) er dominert av turrbakkeartar som m.a. ryllik, stemorsblom, dunkjempe, tveskjeggveronika, legeveronika, markjordbær, gjetartaske, gulmaure, kvitmaure, bergmynte, gjeldkarve, fiol, flekkmure, gjeldkarve, frøstjerne, raudknapp, fuglevikke, minneblom, tiriltunge, lodnebregne, engkvein, gulaks, engfrytle, hengjeaks og sauesvingel. Stadvis er det noko frodigare med oppslag av m.a. engsoleie, engsyre, marikåpe, blåtopp, sølvbunke, slåttestarr og åkersnelle. Lengst mot vest er det fleire område der rydda kvistar og daud einer er brent. I noko skugge og i tilknytning til grøver veks vendelrot, ulike små- og storbregner, saman med gråor og selje.

Naturbase/Artsdatabanken: Vest og nord for tunet og innmarksareala er det registrert to viktige naturbeitemarker, BN00017553 Borlo og BN00090026 Øvre Borlo. Områda kan karakteriserast som velstelte og ugjødsle beitemarker. Den gamle Kongevegen går gjennom dette området. Her er også tydelege spor etter vatningsveiter. I tillegg til mange turrbakkearter, er det mykje beitemarkssopp, fleire av dei er raudlista. Rødnende lutvokssopp (VU), musserongvokssopp (NT), prydrødspore (VU), vrangtunge (NT) og honningvokssopp (VU) er nokre av dei som kan nemnast. Av spesielle karplanter veks vårveronika (NT) og dvergforglemmegei (NT). I Borloshagen er det også registrert bakkesøte (NT), dvergmispel, kort trollskjegg og sprikeskjegg.

## **5. Kulturhistoriske verdiar**

Gardbrukaren på bruk 1 har i mange år samla gamle bygningar og bygd opp et lite bygdetun og gardsmuseum (figur 107). Området kan karakteriserast som et kulturlandskap med høg formidlingsverdi. I tillegg til bygningar som er samla og flytta til bruk nr. 1, er det i utmarka fleire spor etter ein tidlegare særst intensiv utnytting av marginale, turkeutsette, brattlendte og

steinete lisider. Her ligg m.a. tuftene etter fleire bygningar på husmannsplassen Uri (som høyrer til bruk nr. 2) saman med oppbygde terrasser og inngjerda tidlegare små åkerareal (figur 108). Ein kan finne spor etter raset på Borloshagen og murar etter fleire bygningar ned mot vegen her. Lenger oppe i lia ligg murar etter ei større løe og etter små rydda areal. Oppslag av bringebær, nesle og tyrihjelms tyder på område med sterk oppgjødsling. Det finst ulike traséar/stier mellom plassene og gardene. Det er også parti med restar etter den gamle Kongevegen i området og også spor etter vatningsveiter. Særleg er vatningsveitene vest for tunområdet ved Borlo mange.

Askeladden/Fylkesatlas: Det er ikkje registrert fornminne i området, men i nærområdet i søraust er det funne graver med våpen frå romartid og vikingtid. Det er gjort funn av ein smieplass (kulturminne 134662-1) og ein gravhaug (kulturminne 100864-1). Gravhaugen er tydeleg plyndra. Med eit tydeleg krater i haugen tyder dette på at den kan ha hatt ein sekundær funksjon seinare som t.d. potetkjellar eller fundament for ein bygning. I Sefrak-registeret er seks bygningar på Borlo registrert: to våningshus, turkestove og driftsbygning, stove og stabbur.

## 6. Dagens bruk og tilstand

Dei mest sentrale og flataste innmarksareala med grasproduksjon vert drivne maskinelt. Bygningane er godt vedlikehaldne og samlinga av gamle bygningar på tunet og på innmarka på bruk 1 er velhaldne. Meir marginale innmarksareal og nærutmark vert beita av småfå tilhøyrande bruk 1 og 2. Her føregår det noko ryddearbeid for å hindre atgroing. Utmarka elles og store areal i utmarka med viktige kulturminne er framleis dekkja av einerbusker og tett lauvskog. Innimellom er det ganske mykje daud einer. Omfattande ryddearbeid er tilrådeleg for å vise heilskapen og dei store kulturlandskapsverdiene som finst i området. Den gamle Kongevegen med alternative traséar er merkt, men kan vere noko vanskeleg å finne utan kjentmann.



Figur 108. Husmannsplassen Uri under bruk nr. 2 (ikkje bygdetunet).

## **7. Vurdering**

Initiativ og interesse for eldre kulturlandskap, bygningar og tekniske strukturer er unikt på bruk nr. 1 og bør stimulerast vidare. Informasjon og formidling er viktige tiltak. Elles skal spesielt den gamle husmannsplassen Uri med tufter og ulike dyrkingsareal framhevast. Her bør det utførast ein meir detaljert oppmåling og utarbeidast ein skjøtselsplan.

Naturbeitemarkene på bruk nr. 1 er artsrike og må haldast opne gjennom husdyrbeiting og rydding. Borloshagen med skredulykka er viktig informasjon om tilhøva som folk levde under. Også her kan det vere aktuelt med ein skjøtselsplan. Kongevegen og veitene er viktige deler av infrastrukturen på disse gardane/plassane og må haldast ved like.

### 3.0 Supplerande lokalitetar i Lærdal

I det føregåande er berre eit utval av lokalitetar med verdifullt kulturlandskap presentert. I tillegg finst mange andre område som kan inngå i ordninga. Den fylgjande oversikta viser ein del område som tidlegare er registrert og som ligg inne på Naturbase og Fylkesatlas. Til liks med dei presenterte områda, kan ein finne utfyllande opplysingar om desse på nettet.

#### 3.1 Område Ofta – Tønjum

Området strekkjer seg frå Ofta i nord til Tønjum i sør. Dalbotnen her er ei gamal og relativt vid elveslette med lite relieff. Elvesletta er stort sett oppdyrka og elva er førebygd slik at innmarksareala sjeldan blir erodert i flaumar. Her blir det drive moderne jordbruk med både åker og grasproduksjon. Her er også ein del bær- og grønssaksdyrking (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2017). Tidlegare var her ein god del mjølkeproduksjon med storfehold. I dag er det stort sett mest sauehald. Inntil nyleg var det også eit par sentrale pelsdyrfarmar i dette området, men begge er no avvikla.

Det er langs fjellfoten på dei litt flatare partia av skredviftene ein finn dei fleste spora etter det tradisjonelle kulturlandskapet. Her er ulike utformingar av naturbeitemark, hagemarker med bjørk og einer, og også haustingsskogar (tabell 1). Her finst også gamle frittstående styvingstre av bjørk. Tidlegare var her også innslag av stubbeskotskog av gråor, men desse har grodd att til skogar. Dei mest artsrike områda ligg på Molde, her er sørvendte lokalitetar med høg solinnstråling. Her finn ein fleire varmekjære, austlege- og søraustlege artar (Bøthun 2003). Også insektsfaunaen her er spesiell og artsrik (Hauge og Vindedal 2017).

Området er rikt på kulturminne, vesentleg frå perioden etter 1537. Det er gjort funn av gamle buplassar og gravrøyser på Molde. Det mest særigne automatisk freda kulturminnet er den gamle kyrkjegarden på Hauge, kanskje ein offerstad med utspring frå før-kristen tid. Mest truleg var den opphavelige kyrkja ei stavkyrkje. Den stadig ombygde kyrkja vart riven i 1870. Kyrkjegarden vart utbetra kring 1771 og restaurert i 2015. Spesielt i området er også den lange vatningsveita frå Molde til Hauge, stadvis oppstøtta på mektige murar. Her er også fleire trykkvatnsanlegg langs fjellsida. På øvste Eri er det spor etter gamal busetjing, m.a. ei kyrkje.

Elles finst det mange spor etter busetjing og utmarksdrift langs bergfoten og i utmarka med tufter, lagringsstadar for fôr, løypestrenger og også ein del nyare kulturminne frå andre verdskrig.

Tabell 1. Lokalitetar med høge natur- og kulturlandskapskvalitetar mellom Ofta og Tønjum. Mange område er henta frå Miljødirektoratet sin Naturbase.

Lokalitet	Areal	Ønska tilstand
Øye (BN00017533)	11 daa	Hagemark med bjørk i hevd
Ofta (BN000175528)	66 daa	Hagemark i hevd
Hauge (BN00017542)	34 daa	Naturbeitemark i god hevd
Hauge vest (BN00090013)	27 daa	Naturbeitemark i god hevd
Haugsbakken (BN00017543)	24 daa	Hagemark med beitemarksopp og velhaldne eldre strukturar (vatningsveit, husmannsplassar, innhegningar, steingardar) i god hevd
Moldabakkadn (BN00017581)		Hagemark og haustingsskog
Molde 2 (BN00062527)		Slåttemark
Molde 1 (BN00089979)		Hagemark og haustingsskog
Eri, langs fjellfoten		Hagemark og naturbeitemark i hevd

### 3.2 Område Tønjum-Ljøsne

Tynjadalen er ein sidedal til hovuddalføret. Elva Kuvelda møter Lærdalselvi ved Grøte. På begge sider av Tynjadalen er det store grusterrassar. Også på Tønjum ligg det elveavsetjingar og slake stabile rasvifter som har gjort dette til eit trygt busetjings og jordbruksområde. På grunn avkulturlandskaps- og kulturminneverdiar er Tønjum teke med i dette kjerneområdet.

Tynjadalen har utgjort eit viktig beiteområde for bruka på Voll og Tønjum. Inne i botnen ligg vårstølar for mange bruk, og stølsvegar førde herifrå til sentrale stølsområde i fjella i sør, heilt inn til grensa mot Aurland.

I munninga av dalføret ligg eit rikt og samansett tradisjonelt kulturlandskap (tabell 2). Sentralt ligg husmannsplassen Halabrekka med hagemark og bygningsmiljø, hagemarksområdet Fossteigen og slåttemarka Holkperhagen. Områda peikar seg ut med rikt biologisk mangfald i beiteområda.

I området er det store mengder steinopplegg i form av gjerde, ledevegar/geilar og tufter, m.a. etter husmannsplassar. Her er både fungerande vatningsveiter og restar etter nedlagde veitesystem. Tidlegare låg her fleire anlegg som vart drivne av vasskraft som kverner og ei stampe.

Også naturbeitemarka ved Grøte er i hevd med mange steinstrukturar. Bjørkehagen på Bøe er tradisjonell, framleis med ein del gamle styva bjørker. Området vert no nytta til storfebeite.

Tønjum var kyrkjestad i mellomalderen, og kyrkja nemnd i 1340. Noverande kyrkje vart reist etter at stavkyrkja på staden bles ned i 1824. Totalt 7 bygningar i bygningsmiljøet ved Lærdal prestegard er og freda som ein del av «Plan for fredning av prestegardar» (Askeladden 2019).

Tabell 2. Lokalitetar med høge natur- og kulturlandskapskvalitetar på Tønjum og Ljøsne. Områda er henta frå Miljødirektoratet sin Naturbase.

Lokalitet	Areal	Ønska tilstand
Tønjum beitemark aust (BN00089999)	12 daa	Naturbeitemark i god hevd og synlege kulturlandskapselement
Tønjum beitemark vest (BN00089987)	12 daa	Naturbeitemark i god hevd og synlege kulturlandskapselement
Huldahaugen (BN00089986)	15 daa	Naturbeitemark i hevd
Halabrekka (BN00017563)	87 daa	Heilskapeleg kulturlandskap med bygningar på husmannsplassen, slåtteeng og beitemark
Holkeperhagen (BN00090005)	12 daa	Slåttemark i hevd
Grøte (BN00090021)	23 daa	Naturbeitemark i god hevd
Fosseteigen (BN00017565)	89 daa	Bjørkehage i god hevd
Bøe (BN00017568)	126 daa	Bjørkehage med stort tal hengebjørker med stor, konsentrert samling styvingstre
Nedre Ljøsne øst (BN00089975)	5 daa	Naturbeitemark med tørrbakkeartar
Ljøsne skog (BN00090022)	26 daa	Naturbeitemark i hevd



### 3.3 Område Ljøsne – Seltun

Dette området ligg sentralt på Ljøsne, både på elvesletta og oppe på grusterrassar og skredvifter (tabell 3). Viktig er også det småskala kulturlandskapet i munninga av Råsdalen.

I dalbotnen er det eit moderne jordbruk med gras- og åkerdrift, kanskje spesielt med dyrking av tidlegpoteter og gulrot. Også frukt- og bærproduksjon er sentralt, i det siste med stadig meir dyrking av moreller. Ein av dei største morellhagane i bygda ligg lunt og avskjerma eit stykke inn i Råsdalen.

Av kulturminne er vatningsveitene Ljøsneveiti og Undebakkeveiti dei mest spesielle. Ljøsneveiti av di den er særleg lang og går gjennom vanskeleg terreng, medan Undebakkeveiti framleis er delvis fungerande. Elles finst her eksempel på marginal jordbruksdrift med naturbeitemark, hagemark med bjørk og einer og også fragment med haustingsskog og rik edellauvskog på Saue.

Garden Hønjum har mange restar etter eit gammalt bygningsmiljø, både i gardstunet og i hagemarka. Hovudbygningen og den særlige låven på Rikheim er freda. Frå mellomalderen og fram til 1800-talet stod det også ei kyrkje på garden. Omlegginga av E-16 ved Bjørkum resulterte i utgraving av ein stor kaupanglokalitet med sentrale funn frå vikingtida. Spesielt for området er også steinformasjonen Jutlamannen.

Tabell 3. Lokalitetar med høge natur- og kulturlandskapskvalitetar mellom Ljøsne og Seltun. Mange område er henta frå Miljødirektoratet sin Naturbase.

Lokalitet	Areal	Ønska tilstand
Nedre Ljøsne øst (BN00089975)	5 daa	Naturbeitemark med tørrbakkeartar
Ljøsne skog (BN00090022)	26 daa	Naturbeitemark i hevd
Mo II (BN00090023)	12 daa	Naturbeitemark i hevd
Rå (BN00090016)	201 daa	Naturbeitemark med parti av gamal bjørkehage og veitesystem
Rikheim beitemark (BN00089996)	23 daa	Beitemark i hevd med preg av hagemark med bjørk, gråor og osp
Ljøsne terrasse (BN00017561)	152 daa	Opne artsrike engfragment i randsona av kultureng
Stuvehagane (BN000175584)	397 daa	Variert kulturlandskap i god hevd med mosaikk av slåtteteigar, naturbeitemark, bjørkehagar og veitesystem
Undebakkeveiti og Ljøsneveiti		Vatningsveiter

### 3.4 Område Seltun – Borgund stavkyrkje

Dette området strekkjer seg frå Seltun til Borgund stavkyrkje, kring 10 km gjennom eit dramatisk dallandskap med tronge gjel, elvestryk, mektige fossar og opne dalrom. Høgdeskilnaden er kring 200 m. Den naturleg lakseførande strekninga av Lærdalselvi gjekk tidlegare opp til Sjurhaugsfossen.

Lokalklimaet kan vere gunstig. Det er i dette dalpartiet ved Husum ein finn den største edellaugskogen i Lærdal som er verna som naturreservat (edellauvskogsreservat). Elles finn ein stadvis rik berggrunn med fyllitt her noko som avspeglar seg i ein rik flora.

I dalromma er det moderne gardar med oppdyrka innmarksareal. Her er mest grasproduksjon, og mindre fokus på åkerkultur og frukt dyrking. Nese med Tråve utgjer eit spesielt landskapsrom med eit tilnærma moderne klyngetun. Sauehald er vanlegast her og beitande sauer er karakteristisk i naturbeitemarkene. Nedre Kvamme ligg i eit jordbrukslandskap med fleire gardsbruk. Kvart gardsbruk har sitt eige tun med innmarka samla rundt tuna. Bygningane på Nedre Kvamme og organisert i to rekkjer med eit tun/gardsplass mellom rekkjene. Hovudhuset er freda.

Kanskje er Borgund stavkyrkje frå kring 1180 den mest spesielle og eldste bygningen i Lærdal . Særmerkt for området er også det godt vedlikehalde Husum Hotell i sveitserstil.

Husmannsplassen Galdane er ein av dei fyrste heilskapelege plassane med bygningsmiljø og kulturlandskap som vart restaurerte i Lærdal. På Galdane er det rik kulturprega vegetasjon, spesielle er også dei mektige styva almane.

Spesielt for området er dei mange veganlegga frå ulike tidsperiodar. Ein har her dei eldste gang- og ridevegane, Kongevegen med Vindhella, Sverrestigen, og Seltåsen/Steineåsen, postvegen og gamle E-68 langs elva. Nye E16 ligg for det meste i tunnel under Seltåsen, slik at den gamle stamvegen er bevart. Dette medverkar til at landskapet er lett tilgjengeleg for oppleving via dei eldre vegtraseane.

Elles har området ein rik kulturhistorie med mange gravminne, spesielt på nedre Kvamme, og også ei historisk bygdeborg som har gitt namnet til Borgund.

Tabell 4. Lokalitetar med høge natur- og kulturlandskapskvalitetar mellom Seltun og Borgund stavkyrkje. Områda er henta frå Miljødirektoratet sin Naturbase.

Lokalitet	Areal	Ønska tilstand
Galdane (BN00017558)	37	Heilskapeleg kulturlandskap med bygningsmiljø, slåttemark
Nese slåttemark (BN00090015)		Ugjødsla slåttemark og naturbeitemark i hevd, utan auke i einstape
Nese beitemark (BN00090019)		Ugjødsla slåttemark og naturbeitemark i hevd, utan auke i einstape
Nese (BN00017571)		Heilskapeleg kulturmiljø
Borgund stavkyrkje (BN00017515)	13	Urterik open slåttemark

### 3.5 Område Borgund stavkyrkje – Borlo

Dette rike kulturlandskapsområdet ligg der elvane Smedøla frå Filefjell og Mørkdøla frå Hemsedalsfjellet møtest. Denne elvesletta er nok sterkt påverka av dei to elvane, men har gjennom lang tid hatt ein stabil busetjing. Dalbotnen på Borlo ligg nesten 500 moh., og jordbruket er nok prega av dette. Her er stort sett slåttemark og beitemark. Hovudfokus er i dag på sauehald.

Området er rikt på kulturminne, særleg knytt til dei tre husmannsplassane Tåkleheim, Grandane og Rundtupp på Eråksgrandane, der det framleis er godt synlege hustufter i tillegg til ei rekkje steinopplegg, steingardar og vatningsssveiter og til Uri på Borlo (Hauge og Austad 1989). Spesielt på Eråksgrandane er «Store steinen» som er omkransa av ein steingard. Nokre meiner dette berre er ei innhegning for husdyr, medan andre hevdar det har vore ein gamal offerplass. Under arkeologiske utgravingar er det gjort funn av avslag frå lærdalskvartsitt her.

På Borlaug finn vi dag eit bygdetun med samling av ulike bygningstypar og gjenstandar frå lokalområdet, det er og mange gardsminne og tekniske strukturar som steingardar og vatningsveiter.

Tunet ligg i eit godt skjøtta kulturlandskap der delar er klassifisert som naturbeitemark. I dette kulturlandskapet framstår Kongevegen som eit viktig element. Det er elles arkeologiske funn frå både steinalder, bronsealder og jernalder i området som generelt er lett tilgjengeleg for oppleving.

Elles finst fleire hagemarker og naturbeitemarker langs bergfoten i dalføret som ved Voldum, Hegg og Bjøraker. Spesielle er også våtmarkene som ligg inntil «Borgundssjøen» som ved Hillestad og også våtmarkene ved Vettei.

Tabell 5. Lokalitetar med høge natur- og kulturlandskapskvalitetar mellom Borgund stavkyrkje og Borlo. Områda er henta frå Miljødirektoratet sin Naturbase.

Lokalitet	Areal i daa	Ønska tilstand
Voldum sør (Bn00089992)	27 daa	Open naturbeitemark i god hevd
Lo (BN00017555)	72 daa	Open fukteng i god hevd
Flintegarden (BN00017550)	37 daa	Open naturbeitemark i god hevd
Sprakehaugen (BN00017540)	176 daa	Naturbeitemark med store biologiske kvalitetar i god hevd
Vettei (BN00017541)	239 daa	Openfukteng i god hevd
Hegg (BN00017545)	75 daa	Open naturbeitemark i god hevd
Haugen (BN00017546)	26 daa	Open naturbeitemark i god hevd
Skårheim (Hillestad (BN00090032)	18 daa	Open naturbeitemark i god hevd
Brøyni (BN00017552)	122 daa	Open naturbeitemark i god hevd
Borlo (BN00017553)	18 daa	Open naturbeitemark i god hevd
Øvre Borlo (BN00090026)	9,6 daa	Open naturbeitemark i god hevd
Hagen – beitemark (BN00089976)	9,7 daa	Open naturbeitemark i god hevd

## 4.0 Oppsummering og prioriteringar

For å kunne ta vare på verdifulle kulturlandskap og spesielle kulturmarker, biologisk mangfald og viktige kulturminne og i tillegg løyse utfordringar i eit UKL-område, er det heilt avgjerande at ein har interesserte gardbrukarar som ynskjer å medverke aktivt i forvaltninga. Den viktigste prioriteringen for Lærdal er såleis å sikre at dagens drift med slått av sentrale innmarksareal, frukt-, grønnsaks- og bær dyrking vert oppretthalde samstundes med at husdyrhaldet og utmarksbeitinga held fram og gjerne også vert utvida. Den beste skjøtselen av verdifulle kulturmarker som er typiske særleg i randsoner, på marginal jordbruksmark og i utmarka, vil ein oppnå ved å ha eit aktivt og husdyrbasert landbruk.

Rydding av lauvskog og tynning i einersamlingar i grensesona mot utmark og ved bergfoten bør prioriterast. Dette er viktige visuelle kontaktsoner i dalen. Her er mange av dei mest typiske kulturmarkene som særpregar Lærdal lokaliserte: bjørkehagane og einerhagane, delvis naturbeitemarker og artsrike slåttemarkar. Det kan vere aktuelt å restaurere eller helst re-etablere bjørkehagar i utvalde område der dette var ei viktig kulturmark tidlegare. Gamle bjørketre er ømtålege for restaurering og eit mellombels tiltak vil vere å tynne og rydde i slike kulturmarker samstundes som at ein i mindre område etablerer unge styvingstre av bjørk som sidan vert hausta tradisjonelt. Husdyrbeiting (sau) er generelt viktig for å kontrollere oppslag av uønska lauvkratt. Formfulle einerar kan prege marginal og steinete mark. Tynning av eineren med fjerning av daud einer, fristilling særleg av søyleforma eksemplar, fjerning av lauvkratt/-skog som skuggar ut eineren, kan vere aktuelle tiltak i visse område. Småfebeiting helst med sau vil kunne oppretthalde særpreget samstundes som artssammensetjinga i naturbeitemarkene vert halden ved lag.

I Lærdal er syvingstre av bjørk vanlegast. Likevel finn vi nokre stadar styvingstre av alm. Dette kan være enkelttre, men fleire almetre kan danne større samlingar slik som på Stødno, Saue og Husum. Alm er eit kulturhistorisk viktig treslag, gjerne med ein spesiell epifyttvegetasjon knytta til stamme og greiner. Treslaget er sårbart og ein bør ta vare på dei ungtræa som etablerer seg. Vert almen trua av yngre lauvtræ (attgroing av osp, gråor, hegg, rogn), er det viktig å sikre lys- og næringstilgangen til dei aldrande træa gjennom fristilling. Der træa også har tydelige styvingsspor bør ein forsøke å restaurere dei slik det t.d. er gjort ved Galdane. Alm tåler kraftig attendeskjering. Interessant er det dersom også større samlingar kan reataurerast eller etablerast slik at ein også kan få eksempel på typiske haustingsskogar. Dette gjeld også større samlingar av hassel som tydeleg kan vise til ein historisk bruk.

Fragment av gamle og tradisjonelle slåttemarkar og naturbeitemarker som vi framleis kan finne i Lærdal har eit høgt og spesielt biologisk mangfald som bør få ekstra merksemd. Fleire lokalitetar vert tekne vare på gjennom ordninga med «utvalde naturtypar», men det kan finnast fleire som både kan ha kulturhistorisk og biologisk interesse. Slike enger og engfragment må sikrast gjennom spesielle og manuelle skjøtselstiltak. Særleg er «turrbakke-engene» verdifulle. Årviss slått og husdyrbeiting, helst av småfè vil vere eit nødvendig tiltak for å ta vare på den spesielle vegetasjonen.

Vegkantar i tilknytning til eldre fylkes- og kommunale vegar med liten trafikk og gamle veganlegg kan vere viktige erstatningsbiotopar for lyskrevjande engvegetasjon og bør sikrast skjøtsel der vegetasjonen er spesielt artsrik. Her vil eit samarbeid med Statens vegvesen, fylkeskommunen og kommunen vere naturleg.

Våtmarkene (strandenger og semi-naturlege våtmarker), både i tilknytning til deltaflatene ved utlaupet til Lærdalselvi og overrislingsmark langs elva, var tidlegare viktige

produksjonsområde og aktivt nytta som slåtte- og beitemark. Det er likevel svært utfordrande å ta vare på strukturen og artssamansetjinga til slike våtmarker og/eller restaurere dei. Det viktigaste tiltaket vil vere å sikre restane av dei mot ytterlegare inngrep (utfylling og oppdyrking), i tillegg til å overvake. (Her skal nemnast at m.a. delar av våtmarkene ved Hillestadstrondi på Borgund har fått utvikla ein karakteristisk og kraftig tuedanning med stolpestarr, noko som eigentleg er teikn på ei degenerert kulturmark. Området er i dag er eit svært karakteristisk innslag i dalen og ein bør vurdere om delar av denne spesielle strukturen bør ivaretakast).

Rydding av lauvskog og slått av høg og kraftig vegetasjon inntil steinstrukturar er ikkje berre eit viktig tiltak for å hindre spreiding av uønska artar, men også eit viktig pedagogisk og estetisk tiltak for å synleggjere det tidlegare, ofte marginale jordbruket som det framleis finst mange spor etter i dalen. Det er viktig å hindre trerøter i å sprengje ut og øydeleggje kulturhistoriske element som er sentrale for å kunne forstå samanhengar i landskapet. Utrasa stein i rydningsrøyser, steingardar, bakkemurar, tufter og vegfundament må leggjast på plass att.

Få kommunar i Sogn og Fjordane har eit så intrikat, omfattande og interessant vatningssystem som Lærdal. Spora etter desse vatningsveitene er framleis lette å finne. Det bør utarbeidast ein egen plan for å ta vare på, restaurere og evt. re-etablere nokre av dei mest sentrale anlegga. Slike anlegg er spesielt viktige å reetablere der dei har tilknytning til større, heilskaplege kulturlandskap, tidlegare husmannsplasser, slåttemarkar og naturbeitemarker. Ein kan her og nemne dei gamle stølsvegane.

I kulturlandskapet og kulturmarkene i Lærdal har vi i liten grad registrert framande artar med aggressiv spreiding. Likevel kan dette endre seg ved pågåande klimaendringar, og situasjonen bør overvakast framover.

Rydding omfattar også fjerning av søppel og jernskrap. Våren 2019 organiserte Lærdal kommune ein stor ryddeaksjon som ledd i målsetjinga om å bli ei «vakrare, ryddigare og reinare bygd». Det er nok framleis ein del ulovleg lagring, dumping av jernskrap og gammalt jordbruksutstyr, men mykje gammalt skrot er no etter kvart fjerna frå gamle lagringsstadar. Ei ryddig bygd er svært viktig for ei positiv oppleving av kulturlandskapet.

Då kulturmarkene og kulturlandskapet i Lærdal har stor pedagogisk verdi i tillegg til å vere bustad, arbeidstad og rekreasjonsområde, bør ein også ta høgde for at delar av området kan bli tilrettelagt for auka tilstrøyming og formidling av natur- og kulturhistorie. Viktige målgrupper er skuleverket og reiselivsnæringa. Mellom utvalde kjerneområde kan det opprettast eit stisystem som kan ta utgangspunkt i sentrale bygningsmiljø (også stølar og utmarksteigar) og viktige slåtteteigar og/eller raukeplassar. Slike tiltak må gjennomførast i nært samarbeid med grunneigarane og det bør utarbeidast separate planar for dette. Det kan og vere utarbeiding av fakta-ark med tekst, teikningar, foto, evt. detaljkart som kan omtale ulike tema både når det gjeld bygningar (historie, byggjeskikk, bruk), tekniske kulturminne (steinopplegg m.m.) og kulturmarkar, spesielle artar og andre element knytte til desse) gjerne saman med enkel markering i terrenget og skilting i tråd med nasjonale føringar. Slik vil forståinga for historien til landskapet med biologiske verdiar kunne aukast, og spor i landskapet lettare tolkast for å auke opplevinga. Kulturlandskapet i Lærdal er ein ressurs som utfyller og knytter saman bygningsmiljøet på Øyri, stavkyrkja og dei gamle vegane. I tabell 6 er det sett opp framlegg til nokre viktige prioriteringar for vidare planarbeid i UKL-området Lærdal.

Tabell 6. Framlegg til viktige prioriteringar for vidareføring av planarbeidet for UKL Lærdal.

	<b>Mål</b>	<b>Framlegg til eksempelområde</b>
1	Skjøtte og forynge ein bjørkehage og rekruttere styvingstre av bjørk	Hønjum, Råshagane eller Molde
2	Restaurere/etablere ein haustingsskog med alm og hassel	Saue
3	Oppretthalde minst ei tradisjonell, artsrik slåttemark	Molde, Nevlo
4	Oppretthalde minst ei tradisjonell naturbeitemark med småfe, gjerne med kultiverte (oppstamma) einerar.	Molde, Hønjum, Ofta eller Hauge
5	Utvikle eit fungerande demonstrasjonsanlegg for vatning av veiter	Ljøsnaveiti og Undebakkeveiti. Halabrekka
6	Ha ein tradisjonell stølsveg som bind saman lågland og fjell med utvikling av objekt langs denne	Ofta og stølsvegen mot Oftedalen
7	Styrke innsatsen på eit heilskapleg kulturlandskap der kulturmiljø og kulturlandskap utfyller kvarandre	Plassar og bygningar langs gamle veganlegg (Galdane, Tråve, Stavkyrkja, Eråksgrandane-Borlo).
8	Styrke kunnskap og fokus på kulturlandskapet generelt og i Lærdal spesielt, gjerne gjennom eit informasjonssenter	Samarbeid med Borlo bygdatun

## 5. Referansar

Aarethun, K. & Aspevik, M. 1991. Vatningsveitene i Stuvehagane, Lærdal kommune. Restaurerings- og tilretteleggingsplan for kulturlandskapet. Lærdal kommune.

Aarvik, L., Berggren, K., Bakke, S., Slagsvold, P. K., Sørlibråten, O., Voith, R. 2015. Nye funn av sommerfugler i Norge. Insekt-Nytt 30. (3/4).

Auestad, J.G. 1993. Rapport frå arkeologiske registreringar i samband med Stamvegen (føreteke med hjelp av gravemaskin) i Lærdal og Aurland kommunar 6. juni-2. juli 1993. I red. Bjørndal, K. 1995. Lærdal og Borgund. Kulturminne og busetting gjennom 3500 år. Rapport frå registreringa av automatisk freda kulturminne i Lærdal kommune i samband med ny E16 trasé Aurland-Lærdal.

Austad, I. & Hauge, L. 1987. Galdane i Lærdal kommune. Metodeopplegg for istandsetting og skjøtsel av kulturlandskapet. Økoforsk utredning 1987:4. Økoforsk.

Austad, I. & Hauge, L. 1989. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Lærdal kommune. Rapport 4. Sogn og Fjordane DH Skr. 1989:5. 136s.

Austad, I. Hauge, L. & Helle, T. 1993. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern, sluttrapport. Avdeling for Landskapsøkologi. Sogn og Fjordane distriktshøgskule  
Austad, I., Hauge, L. 2015. Høstingsskogene – viktige biologiske kulturminner. Blyttia 73: 87-102.

Austad, I., Hauge, L. 2017. Bjørkehagen – kulturmarkstype eller tilstandsvariasjon? Blyttia 75:247 – 261.

Berge, A. 2018. Frå arbeidslivet på Hynjo i 1950-åra. Sogeskiftet Are Tie 2. Lærdal historielag.

Bjørhus, T. 1994. Rapport frå arkeologiske registreringar (prøvestikking/ overflate-registrering) i forbindelse med Stamvegprosjekt Lærdal kommune 01.09 1994. I red.: Bjørndal, K. 1995. Lærdal og Borgund. Kulturminne og busetting gjennom 3500 år. Rapport frå registreringa av automatisk freda kulturminne i Lærdal kommune i samband med ny E16 trasé Aurland-Lærdal.

Bjørndal, K. 1995. Lærdal og Borgund. Kulturminne og busetting gjennom 3500 år. Rapport frå registreringa av automatisk freda kulturminne i Lærdal kommune i samband med ny E16 trasé Aurland-Lærdal.

Bonytt, 1991: Nytt liv i gammel husmannsplass. Nr. 5.

Bosheim, O. 2001. Vetane i Lærdal. Kulturhistorisk leksikon. Sogn og Fjordane fylkeskommune. (Fylkesarkiv.no).

Bøthun, S.W. 2003. Biologisk mangfald i Lærdal kommune. Aurland Naturverkstad, rapport nr. 2 – 2003.

Direktoratet for naturforvaltning. 2011. Faggrunnlag for høstingsskoger i Norge, med sikte på utvelgning som utvalgt naturtype. DN-rapport 2011-x.

- Enzensberger, T. 2019. Skjøtselskrevende naturtyper i Sogn og Fjordane fylke. Naturtyperegistreringer 2018. Rapport VTE 7-2019. 978-98-997928-38-6.
- Espe, A., Gram, O. & Hovland, K. 1987. Lærdal bygdebok I. Heim og ætt. Borgund Sogn, Lærdal kommune.
- Espe, A. & Hovland, K. 1990. Lærdal bygdebok II. Heim og ætt. Tønjum sokn. Galdane-Bø. Lærdal kommune.
- Espe, A. & Hovland, K. 1994. Lærdal bygdebok III. Heim og ætt. Tønjum og Hauge sokn. Grøto-Hunderi. Lærdal kommune.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (Trude Knagenhjelm). 2017. Utvalde kulturlandskap i jordbruket - eit nasjonalt utval av spesielt verdifulle kulturlandskap. Forvaltningsplan for UKL-området «Midtre Lærdal». Upubl.
- Gaarder, G. 1993. Naturinventering i Lærdal, Sogn og Fjordane. Flora- og fauna undersøkelser på strekningen Lærdalsøyri - Tynjo. Økomod. notat. Tingvoll.
- Gaarder, G. 1995. E16 Lærdal. Konsekvensutgreiing på tema Plante- og dyreliv. Miljøfaglig Utredning, rapport 1995:8.
- Hauge, L. 1998a. Kulturhistoriske undersøkelser på Halabrekka, Øvrevoll i Lærdal kommune. Delprosjekt i «Endring i biologisk mangfold i tradisjonelle kulturmarkstypar på Vestlandet ved gjengroing, tilplanting og skjøtsel». Høgskulen i Sogn og Fjordane. R-Nr.3/98. Avdeling for naturfag.
- Hauge, L. 1998b. Restoration and management of a birch grove in inner Sogn formerly used for fodder production. Norsk geogr. Tidsskr. Vol. 52. 65-78. Oslo.
- Hauge, L. 2017a. Skjøtselsplan for Molde, «Haugane» (naturbeitemark), Lærdal kommune, Sogn og Fjordane. Upublisert HVL-notat.
- Hauge, L. 2017b. Restaurerings- og skjøtselsplan for «Smihammersvoi» (hagemark og haustingsskog), Molde, Lærdal kommune, Sogn og Fjordane. Upublisert HVL-notat.
- Hauge, L. 2017c. Skjøtselsplan for Molde 1 (Bakkegarden), naturbeitemark, Lærdal kommune, Sogn og Fjordane.
- Hauge, L. & Auestad, I. 2011. Restaurerings- og skjøtselsplan for kulturlandskapet og vatningsveitene ved Stuvane, Lærdal kommune. Høgskulen i Sogn og Fjordane. R-NR 01/2011. Avdeling for ingeniør- og naturfag.
- Hauge, L. & Austad, I. 1988. Modellområde for grunneigarsamarbeid. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, bruk og vern. Rapport 1. 99s. Sogn og Fjordane DH Skr. 1988:4.
- Hauge, L. & Austad, I. 1989. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Lærdal kommune. Rapport 4. Sogn og Fjordane DH Skr. 1989:5. 136s.
- Hauge, L. & Austad, I. 1991: Vegetasjon og kulturmarkstypar ved Borgund Stavkyrkje. Registrering, vurdering av verneverdi og framlegg til skjøtselstiltak. Sogn og Fjordane distriktshøgskule.



- Hauge, L. Natlandsmyhr, B. & Austad, I. 2005. Artsrike slåtte- og beiteenger i Sogn og Fjordane, status for eit utval av lokalitetar. Høgskulen i Sogn og Fjordane. Rapport nr. 5/2005.
- Hauge, L. & Austad, I. 2008. Supplerande kartlegging av biologisk mangfald i jordbrukets kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Registrering av kommunane Balestrand, Vik, Leikanger, Sogndal, Luster, Lærdal, Aurland og Årdal. R.NR 4/2008. Avdeling for ingeniør og naturfag.
- Hauge, L. & Austad, I. 2015. Synfaring av utvalde haustingsskogslokalitetar i Sogn og Fjordane. Tilstand og vurdering. Høgskulen i Sogn og Fjordane. R-Nr. 03/2015. Avdeling for ingeniør- og naturfag.
- Hauge, L. & Vindedal, I. 2017. Skjøtselsplan for kulturlandskapet på Molde, Lærdal kommune. HVL-Rapport nr. 02-2017 Avdeling for miljø- og naturfag.
- Hauge, R. 1948. Fruktdyrkingen i Indre og midtre Sogn. Hovedoppgave i geografi. Geografisk Institutt. Universitetet i Oslo.
- Haugsbø, T. & Hovland, S. 2006. Vatningsveitene i Stuvehagane. Prosjektoppgåve Høgskulen i Sogn og Fjordane, ALI/Natur Samfunn og Miljø. Upublisert.
- Hovland, K. 1999. Frå vatn til watt. Borgund Kraftverk 25 år 1974-99. Østfold Energi.
- Jordal, J.B. & Gaarder, G. 1995. Sopp i kulturlandskapet. Generelle betraktninger og undersøkelser i noen forskningsfelter i Sogn. HSF-rapport. R-Nr. 5/95.
- Klakegg, O., Nordahl-Olsen, T, Sønstegaard, E. & Aa, A. R. 1989: Sogn og Fjordane fylke, kvartærgeologisk kart - M 1:250 000. Nor. Geol. Unders.
- Knagenhjelm, C. 2015. Skjøtselsplan for Den Bergenske Kongeveg. Utvalde strekningar. Upubl.
- Korsmo, H. 1975. Naturvernrådets landsplan for edellauvskogsreservater i Norge. IV. Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Botanisk institutt, Ås-NLH. 204 s.
- Laberg, I 1938. Lærdal og Borgund, Bygd og ætter. Lunde, Bergen.
- Lindstrøm, J. 1946. Lærdal. Mittet & Co A/S.
- Lindstrøm, C. 1986. Arbeidsnotat med oppmålingsskisser av husmannsplassen Halabrekka. Upubl.
- Lysne, H. 2018. Frå veitevatning til moderne vatning. Sogeskiftet Are Tie 2. Lærdal historielag.
- Mork, K. & Høberg, P. 2008. Jutlaelvi kraftverk, Lærdal kommune. Miljøvurdering. Multiconsult. Rapport.
- Mjaatvedt, S. 1994: Rapport om registrering av automatisk freda kulturminne, kulturminne frå nyare tid og kulturmiljø i Tynjadalen, Lærdal kommune. Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Kulturseksjonen, Førde. 22 s.
- Møller, J. O. 2006. Ljøsnaveti og Undebakkeveiti I Lærdal. Restaurerings- og skjøtselsplan. Bacheloroppgåve ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Upubl.

- Netland, M. 2008. Bjørkehagar i Lærdal kommune med Raa som modellområde. Restaurerings- og skjøtselsplan. Bacheloroppgåve ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Upubl.
- Puschmann, O. 2005. Nasjonalt referansesystem for landskap – Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner. NIJOS-rapport.10.05. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.
- Røberg, T. 1993. Arkeologisk registrering i forbindelse med stamveg gjennom Lærdal kommune, Sogn og Fjordane 7. juni-25. juni 1993. Rapport frå registreringa av automatisk freda kulturminne i Lærdal kommune i samband med ny E16 trasé Aurland-Lærdal. I red. Kristine Bjørndal. 1995. Lærdal og Borgund. Kulturminne og busetting gjennom 3500 år.
- Sandvik, A. 2012. Skjøtselsplan for Molde 2, slåttemark, Lærdal kommune, Sogn og Fjordane fylke. Norsk Landbruksrådgjeving (NLR).
- Seim, A. 1965. Om den kunstige vatninga i Lærdal i Sogn. Eit oversyn over tilhøva på gardsnummer 1-31 med tilhøyrande vassdrag. Hovedfagsoppgåve i geografi ved Univ. i Oslo. Upubl.
- Ramstad, M. 2018. Vikingstaden Bjørkum. Sogeskiftet Are Tie 2. Lærdal historielag.
- Solle Olsen. Dagboknotat. 1800-talet. Upublisert.
- Vatn, M. 1009. Borgund Stavkyrkje og/i nærmiljøet. Ei registrering av natur og kulturhistoriske verdiar i området. For Fortidsminneforeninga.

Personleg opplysingar:

Dagfinn Hegg Lunde, gardbrukar og «museumsstyrar» på Borgund

Ivar Molde, bonde Molde

Johannes Molde, pensjonert bonde Molde

Ingebrigt Raa, kårbonde på Rå

Arnfinn Skogen, professor Universitet i Bergen (†)

David Vollheim, kjentmann på Tønjum (†)

## Vedlegg: Artsliste med norske og latinske namn

Oversikt over artar nemnde i teksten. Plantenamna er etter «Gyldendals store nordiske flora av Bo Mossberg & Lennart Stenberg frå 2018. Underarter (ssp.), varietetar (var.) og formvariable/forma (f.) er sett opp ved planta då denne floraen også inneheld mange arktiske artar. «Vanleg» er påført våre viltveksande artar i Sør-Norge der desse vert omtala i floraen. For mosar, lav og sopp er artsnamna henta frå Artsdatabanken.

### **Tre, busker, lyng:**

alm	<i>Ulmus glabra</i> ssp. <i>glabra</i>
ask	<i>Fraxinus excelsior</i>
bjørk (vanleg)	<i>Betula pubescens</i> ssp. <i>pubescens</i>
einer	<i>Juniperus communis</i> ssp. <i>communis</i>
dvergmispel	<i>Cotoneaster scandinavicus</i>
fjellbjørk	<i>Betula pubescens</i> ssp. <i>szerepanovii</i>
furu (vanleg)	<i>Pinus sylvestris</i> var. <i>sylvestris</i>
gran (vanleg)	<i>Picea abies</i> ssp. <i>abies</i>
gråor	<i>Alnus incana</i> ssp. <i>incana</i>
hassel	<i>Corylus avellana</i>
hegg (vanleg)	<i>Prunus padus</i> ssp. <i>padus</i>
hengebjørk	<i>Betula pendula</i> var. <i>pendula</i>
krossved	<i>Viburnum opulus</i>
leddved	<i>Lonicera xylosteum</i>
lind	<i>Tilia cordata</i>
nyperose (slekt)	<i>Rosa</i>
osp	<i>Populus tremula</i>
rogn (vanleg)	<i>Sorbus aucuparia</i> ssp. <i>aucuparia</i>
røsslyng	<i>Calluna vulgaris</i>
selje (vanleg)	<i>Salix caprea</i> ssp. <i>caprea</i>
stikkelsbær	<i>Ribes uva-crispa</i>
teiebær	<i>Rubus saxatilis</i>
tysbast	<i>Daphne mezereum</i>
tytebær (vanleg)	<i>Vaccinium vitis-idaea</i> ssp. <i>vitis-idaea</i>

### **Bregner, sneller og marinøkkelarter:**

einstape	<i>Pteridium aquilinum</i>
elvesnelle	<i>Equisetum fluviatile</i>
fjellmarinøkkel	<i>Botrychium boreale</i>
fugletelg	<i>Gymnocarpium dryopteris</i>
hengeving	<i>Phegopteris connectilis</i>
huldrenøkkel	<i>Botrychium matricariifolium</i>
lodnebregne	<i>Woodsia ilvensis</i>
marinøkkel (ekte)	<i>Botrychium lunaria</i> var. <i>lunaria</i>
ormetelg	<i>Dryopteris filix-mas</i>
sisselrot	<i>Polypodium vulgare</i>
skogburkne	<i>Anthyrium filix-femina</i>
strutseveng	<i>Matteuccia struthiopteris</i>
åkersnelle (vanleg)	<i>Equisetum arvense</i> ssp. <i>arvense</i>

**Urter:**

augnetrøyst (slekt)	<i>Euphrasia</i>
aurikkelsveve	<i>Pilosella lactucella</i>
aurskrinneblom	<i>Aradopsis petraea</i>
bakkefiol	<i>Viola collina</i>
bakkeforglemmeiei	<i>Myosotis ramosissima</i>
bakkemynte	<i>Clinipodium acinos</i>
bakkestjerne (vanleg)	<i>Erigeron acer</i> ssp. <i>acer</i>
bakkesøte (eng)	<i>Gentianella campestris</i> ssp. <i>campestris</i>
bakketimian	<i>Thymus pulegioides</i>
ballblom	<i>Trollius europaeus</i>
bekkekarse	<i>Cardamine amara</i>
bergfrue	<i>Saxifraga cotyledon</i>
bergmynte	<i>Origanum vulgare</i>
bergperikum	<i>Hypericum montanum</i>
bergveronika	<i>Veronica fruticans</i>
bitterbergknapp	<i>Sedum acre</i>
blåklokke (bakke)	<i>Campanula rotundifolia</i> ssp. <i>rotundifolia</i>
blåkoll	<i>Prunella vulgaris</i>
blåknapp	<i>Succisa pratensis</i>
brennesle (vanleg)	<i>Urtica dioica</i> ssp. <i>dioica</i>
bringebær	<i>Rubus idaeus</i>
dunkjempe	<i>Plantago media</i>
dvergminneblom	<i>Myosotis stricta</i>
engfiol (ekte)	<i>Viola canina</i> ssp. <i>canina</i>
engminneblom	<i>Myosotis scorpioides</i>
(eng) humleblom (vanleg)	<i>Geum rivale</i> var. <i>rivale</i>
(eng) knoppurt	<i>Centaurea jacea</i>
engmarikåpe	<i>Alchemilla subcrenata</i>
engnellik	<i>Dianthus deltoides</i>
engsoleie (vanleg)	<i>Ranunculus acris</i> ssp. <i>acris</i>
engsmelle (vanleg)	<i>Silene vulgaris</i> var. <i>vulgaris</i>
engsyre (vanleg)	<i>Rumex acetosa</i> ssp. <i>acetosa</i>
engtjæreblom	<i>Viscaria vulgaris</i>
fagerknoppurt	<i>Centaurea scabiosa</i>
firkantperikum	<i>Hypericum maculatum</i> ssp. <i>maculatum</i>
fjellfiol	<i>Viola biflora</i>
fjellmarikåpe	<i>Alchemilla alpina</i>
fjellnøkleblom	<i>Primula scandinavica</i>
fjellskrinneblom	<i>Arabis alpina</i>
fjellsyre	<i>Oxyria digyna</i>
fjøresauløk	<i>Triglochin maritima</i>
fjøreknapp	<i>Cotula coronopifolia</i>
flekkmure	<i>Potentilla crantzii</i>
fleirårsknavel	<i>Scleranthus perennis</i>
frøstjerne (slekt)	<i>Thalictrum</i>
fuglevikke	<i>Vicia cracca</i>
følblom (vanleg)	<i>Scorzoneroides autumnalis</i> var. <i>autumnalis</i>
gaffelullurt	<i>Logfia minima</i>

gauksyre	<i>Oxalis acetosella</i>
gjeldkarve (vanleg)	<i>Pimpinella saxifraga</i> var. <i>saxifraga</i>
gjerdevikke	<i>Vicia sepium</i>
gjetartaske	<i>Capsella bursa-pastoris</i>
grasstjerneblom	<i>Stellaria graminea</i>
groblad	<i>Plantago major</i>
grårublom	<i>Draba cinerea</i>
gulflatbelg	<i>Lathyrus pratensis</i>
gullkløver	<i>Trifolium aureum</i>
gullris (vanleg)	<i>Solidago virgaurea</i> ssp. <i>virgaurea</i>
gulmaure (vanleg)	<i>Galium verum</i> ssp. <i>verum</i>
gulsildre	<i>Saxifraga aizoides</i>
gåsefot	<i>Asperugo procumbens</i>
gåsemure (vanleg)	<i>Argentina anserina</i> ssp. <i>anserina</i>
harerug	<i>Bistorta vivipara</i>
hengepiggrø	<i>Lappula deflexa</i>
hundekjeks	<i>Anthriscus Sylvestris</i>
hønsegras	<i>Polygonium maculosa</i>
høymol	<i>Rumex longifolius</i>
hårsveve (vanleg)	<i>Pilosella officinarum</i> ssp. <i>officinarum</i>
kattfot	<i>Antennaria dioica</i>
karve	<i>Carum carvi</i>
kattehale	<i>Lythrum salicaria</i>
klengemaure	<i>Galium aparine</i>
klistersvineblom	<i>Senecio viscosus</i>
knerot	<i>Goodyera repens</i>
knollerteknapp	<i>Lathyrus linifolius</i>
kranskonvall	<i>Polygonatum verticillatum</i>
kransmynte	<i>Clinopodium vulgare</i>
krattfiol	<i>Viola mirabilis</i>
kratthumleblom	<i>Geum urbanum</i>
krattslirekne	<i>Fallopia dumentorum</i>
krusetistel	<i>Carduus crispus</i>
krypsoleie	<i>Ranunculus repens</i>
kvassdå	<i>Galeopsis tetrahit</i>
kvitbergknapp	<i>Sedum album</i>
kvitblattistel	<i>Cirsium heterophyllum</i>
kvitdodre	<i>Berteroa incana</i>
kvitkløver	<i>Trifolium repens</i>
kvitmaure	<i>Galium boreale</i>
legeveronika	<i>Veronica officinalis</i>
liljekonvall	<i>Convallaria majalis</i>
lintorskemunn	<i>Linaria vulgaris</i>
lodnebergknapp	<i>Sedum villosum</i>
lodnefiol	<i>Viola hirta</i>
lodneperikum	<i>Hypericum hirsutum</i>
løkurt	<i>Allaria petiolate</i>
løvetann (slekt)	<i>Taraxacum</i>
marikåpe (slekt)	<i>Alchemilla</i>
marimjelle (slekt)	<i>Melampyrum</i>

markjordbær	<i>Fragaria vesca</i>
meldestokk	<i>Chenopodium album</i>
mjødur	<i>Filipendula ulmaria</i>
moskusurt	<i>Adoxa mochatellina</i>
myrtistel	<i>Cirsium palustre</i>
myske	<i>Galium odoratum</i>
mørk kongsllys	<i>Verbascum nigrum</i>
nattfiol (skog)	<i>Platanthera bifolia</i> ssp. <i>latifolium</i>
neslesnyltetråd (vanleg)	<i>Cuscuta europaea</i> ssp. <i>europaea</i>
nyseryllik (vanleg)	<i>Achillea ptarmica</i> var. <i>ptarmica</i>
prestekrage	<i>Leucanthemum vulgare</i>
prikkperikum	<i>Hypericum perforatum</i>
rankfrøstjerne	<i>Thalictrum simplex</i>
reinfann (vanlig)	<i>Tanacetum vulgare</i> f. <i>vulgare</i>
raud jonsokblom (vanleg)	<i>Silene dioica</i> var. <i>dioica</i>
raudtvetann	<i>Lamium purpureum</i>
raudkjeks	<i>Torilis japonica</i>
raudkløver	<i>Trifolium pretense</i>
raudknapp	<i>Knautia arvensis</i>
revebjølle	<i>Digitalis purpurea</i>
rosenrot	<i>Rhodiola rosea</i>
rundbelg	<i>Anthyllis vulneraria</i> ssp. <i>vulneraria</i>
ryllik (vanleg)	<i>Achillea millefolium</i> ssp. <i>millefolium</i>
sandfiol (vanleg)	<i>Viola rupestris</i> ssp. <i>rupestris</i>
sandløvetann (seksjon)	<i>Erythrosperma</i>
sandskrinneblom (vanleg)	<i>Arabidopsis arenosa</i> ssp. <i>arenosa</i>
setermjelt (lys)	<i>Astragalus alpinus</i> var. <i>alpinus</i>
skjermesveve	<i>Hieracium umbellatum</i>
skogflatbelg	<i>Lathyrus sylvestris</i>
skogminneblom+	<i>Myosotis sylvatica</i>
skogkløver	<i>Trifolium medium</i>
skogkrattssoleie	<i>Ranunculus polyanthemoides</i> ssp. <i>polyanthemoides</i>
skogstjerne	<i>Lysimachia europaea</i>
skogstorkenebb	<i>Geranium sylvaticum</i>
skogsvinerot	<i>Stachys sylvatica</i>
sløke	<i>Angelica sylvestris</i>
smalfrøstjerne (vanleg)	<i>Thalictrum simplex</i> ssp. <i>simplex</i>
smalkjempe	<i>Plantago lanceolata</i>
småbergknapp	<i>Sedum annuum</i>
småengkall (ekte)	<i>Rhinanthus minor</i> ssp. <i>minor</i>
småmarimjelle	<i>Melampyrum sylvaticum</i>
smånesle	<i>Urtica urens</i>
smånøkkel	<i>Androsa septentrionalis</i>
småsmelle	<i>Atocion rupestris</i>
småsyre (vanleg)	<i>Rumex acetosella</i> ssp. <i>acetosella</i>
snømare	<i>Potentilla nivea</i>
snøsildre	<i>Michranthes nivalis</i>
sprikepiggrø	<i>Lappula squarrosa</i>
springfrø	<i>Impatiens noli-tangere</i>
stankkarse	<i>Lepidium rudemale</i>

stemorsblom (vanleg)	<i>Viola tricolor</i> ssp. <i>tricolor</i>
storborre	<i>Arctium lappa</i>
stormarimjelle	<i>Melampyrum pratense</i>
stormaure (vanleg)	<i>Galium mollugo</i> ssp. <i>erectum</i>
strandkjempe (vanleg)	<i>Plantago maritima</i> ssp. <i>maritima</i>
strandkryp	<i>Lysimachia maritima</i>
stankstorkenebb (vanleg)	<i>Geranium robertianum</i> var. <i>robertianum</i>
storklokke	<i>Campanula latifolia</i>
sumpmaure	<i>Galium uliginosum</i>
sølvmore (vanleg)	<i>Potentilla argentea</i> var. <i>argentea</i>
tepperot	<i>Potentilla erecta</i>
tiriltunge (vanleg)	<i>Lotus corniculatus</i> var. <i>corniculatus</i>
tranehals	<i>Erodium cicutarium</i>
trollurt	<i>Circaea alpina</i>
tunbalderbrå	<i>Matricaria discoidea</i>
tteskjeggveronika	<i>Veronica chamaedrys</i>
tyrihjelms	<i>Aconitum lycoctonum</i> ssp. <i>septentrionale</i>
ullarve	<i>Cerastium alpinum</i> ssp. <i>lanatum</i>
ullborre	<i>Arctium tomentosum</i>
ullurt	<i>Filago arvensis</i>
vaniljerot (vanleg)	<i>Monotropa hypopitys</i> ssp. <i>hypopitys</i>
vanleg arve	<i>Cerastium fontanum</i>
vassarve (vanleg)	<i>Stellaria media</i> var. <i>media</i>
veikveronika	<i>Veronica scutellata</i>
vegtistel (veg)	<i>Cirsium vulgare</i>
vendelrot (ekte)	<i>Valeriana sambucifolia</i> ssp. <i>Sambucifolia</i>
vill-lin	<i>Linum catharticum</i>
vinterkarse (vanleg)	<i>Barbarea vulgaris</i> var. <i>arcuata</i>
vårarve	<i>Cerastium glomeratum</i>
vårerteknapp	<i>Lathyrus vernus</i>
vårmure	<i>Potentilla vernai</i>
vårpengeurt (vanleg)	<i>Nocca caerulea</i> ssp. <i>caerulea</i>
vårublom	<i>Draba verna</i>
vårskrinneblom	<i>Arabis blepharophylla</i>
vårveronika	<i>Veronica verna</i>
åkermåne	<i>Agrimonia eupatoria</i>
åkerminneblom	<i>Myosotis arvensis</i>
åkertistel (vanleg)	<i>Cirsium arvense</i> var. <i>arvense</i>
åkersvineblom (vanleg)	<i>Senecio vulgaris</i> var. <i>vulgaris</i>

**Gras, frytler og starr:**

aksfrytle	<i>Luzula spicata</i>
bergrøyrvkein	<i>Calamagrostis epigejos</i>
bladfaks	<i>Bromopsis inermis</i>
bleikstarr	<i>Carex pallescens</i>
blåtopp (vanleg)	<i>Molinia caerulea</i> ssp. <i>caerulea</i>
dunhavre	<i>Avenula pubescens</i>
engfrytle (vanleg)	<i>Luzula multiflora</i> ssp. <i>multiflora</i>
engkvein	<i>Agrostis capillaris</i>

englodnegras	<i>Holcus lanatus</i>
engrapp (vanleg)	<i>Poa pratensis</i> ssp. <i>pratensis</i>
engreverumpe (vanleg)	<i>Alopecurus pratensis</i> ssp. <i>pratensis</i>
engsvingel	<i>Schedonorus pratensis</i>
faks (slekt)	<i>Bromus</i>
finnskjegg	<i>Nardus stricta</i>
fjelltimotei	<i>Phleum alpinum</i>
flaskestarr (lys)	<i>Carex rostrata</i> var. <i>rostrata</i>
geitsvingel (vanleg)	<i>Festuca vivipara</i> var. <i>vivipara</i>
gulaks	<i>Anthoxanthum odoratum</i>
harestarr	<i>Carex leporina</i>
hengeaks	<i>Melica nutans</i>
hjerTEGRAS	<i>Briza media</i>
hundegras (vanleg)	<i>Dactylis glomerata</i> ssp. <i>glomerata</i>
hundekveke (vanleg)	<i>Elymus caninus</i> var. <i>caninus</i>
hårfrytle	<i>Luzula pilosa</i>
knegras	<i>Dantonía decumbens</i>
kornstarr	<i>Carex panicea</i>
krattlodnegras	<i>Holcus mollis</i>
krypkvein	<i>Agrostis stolonifera</i>
kveke (vanleg)	<i>Elytrigia repens</i> ssp. <i>repens</i>
lundrapp	<i>Poa nemoralis</i>
markrapp	<i>Poa trivialis</i>
piggstarr	<i>Carex muricata</i>
raigras	<i>Lolium perenne</i>
raudsvingel (vanleg)	<i>Festuca rubra</i> ssp. <i>rubra</i>
røykvein (slekt)	<i>Calamagrostis</i>
saltsiv (vanleg)	<i>Juncus gerardii</i> ssp. <i>gerardii</i>
sauesvingel	<i>Festuca ovina</i>
slåttestarr (vanleg)	<i>Carex nigra</i> ssp. <i>nigra</i>
smyle (vanleg)	<i>Avenella flexuosa</i> ssp. <i>flexuosa</i>
smårapp	<i>Poa pratensis</i> ssp. <i>irrigata</i>
stolpestarr	<i>Carex nigra</i> ssp. <i>juncea</i>
strandrøy (vanleg)	<i>Phlaris arundinacea</i> var. <i>arundinacea</i>
sølvbunke (vanleg)	<i>Deschampsia cespitosa</i> ssp. <i>cespitosa</i>
timotei (vanleg)	<i>Phleum pratense</i> ssp. <i>pratense</i>
tunrapp	<i>Poa annua</i>
vassrøykvein (eng)	<i>Calamagrostis canescens</i>

**Hageplanter og svartlista artar:**

alaskakornell	<i>Cornus sericea</i>
bjørnekjeks (slekt)	<i>Heracleum</i>
blankmispel	<i>Cotoneaster lucidus</i>
kjempespringfrø	<i>Impatiens glandulifera</i>
korgpil	<i>Salix viminalis</i>
parkslirekne (vanleg)	<i>Fallopia japonica</i> var. <i>japonica</i>
platanlønn	<i>Acer pseudoplatanus</i>
raudhyll (vanleg)	<i>Sambucus racemosa</i> var. <i>racemosa</i>
rynkerose	<i>Rosa rugosa</i>



snøbær  
syren

*Symphoricarpos albus*  
*Syringa vulgaris*

**Mosar:**

almeteppepose  
bakkefrynse  
blæremose (slekt)  
bustehette (slekt)  
buststråmose/buststrå  
ekornmose  
engkransmose  
etasjemose  
fagerlemenmose  
furumose  
heimose  
hårkurlmose  
krypsilkemose  
matteflette  
musehalemose  
raudmesigdmose  
silkemose (slekt)

*Porella platyphylla*  
*Ptilidium ciliare*  
*Frullaria*  
*Orthotrichum*  
*Anomobryum julaceum*  
*Leucodon sciuroides*  
*Rhytiadelphus squarrosus*  
*Hylocomium splendens*  
*Tetropodon mnioides*  
*Pleurozium schreberi*  
*Anastrepta orcadensis*  
*Didymodon icmadophilus*  
*Homalothecium sericeum*  
*Hypnum cupressiforme*  
*Isothecium myosuroides*  
*Blindia acuta*  
*Homalothecium*

**Lav:**

Begerlav (slekt)  
bleikdoggnål  
blådoggnål  
bristlav  
brun punktjav  
eikelav  
elfenbeinslav  
filthinnelav  
fingernever  
fossinglav  
grynfiltlav  
gråtalg  
klippepulverlav  
kort trollskjegg  
kvithovudnål  
lungenever  
narreoransjelav  
olivinlav  
piggbeger  
praktlav (slekt)  
rimrosettlav  
rosett-tunlav  
rund porelav  
skoddelav  
skjeggjav (slekt)

*Cladonia*  
*Sclerophora pallida*  
*Sclerophora farinacea*  
*Parmelia sulcata*  
*Punctelia stictica*  
*Flavoparmelia carperata*  
*Heterodermia speciose*  
*Leptogium saturnine*  
*Peltigera polydotylon*  
*Rinodina stictica*  
*Pannaria conoplea*  
*Sebacina grisea*  
*Chrysothrix chlorina*  
*Bryoria bicolor*  
*Chaenotheca gracilentia*  
*Lobaria pulmonaria*  
*Caloplaca demissa*  
*Fuscopannaria mediterranea*  
*Cladonia ramulosa*  
*Cetrelia*  
*Physcia magussonii*  
*Candelaria concolor*  
*Sticta fuliginosa*  
*Menegazzia terebrata*  
?

sprikeskjegg	<i>Bryoria nadvornikiana</i>
stor køllelav	<i>Baeomyces placophyllus</i>
skorpeglye	<i>Rostania occultata</i>
skrubbenever	<i>Lobaria scrobiculata</i>
strylav (slekt)	?
stuvkraterlav	<i>Gyalecta derivate</i>
svart steinlav	<i>Montanelia disjuncta</i>
vanleg blåfjelllav	<i>Pectenium plumbeum</i>
vanleg kvistlav	<i>Hypogymnia physodes</i>
vanleg papirlav	<i>Platismatia glauca</i>
vortenål	<i>Chaenotheca chlorella</i>

**Sopp og beitemarkssopp:**

almebroddsopp	<i>Hymenochaete ulmicola</i>
beiteraudspore	<i>Entoloma sericeum</i>
bleik kantarell	<i>Hygrophoropsis pallida</i>
bleikgrønn kragesopp	<i>Stropharia pseudocyanea</i>
brunsvart jordtunge	<i>Geoglossum umbratile</i>
duftsvovelriske	<i>Lactarius citriolens</i>
eldrøysopp	<i>Boletus luridus</i>
engvokssopp	<i>Cuphophyllus pratensis</i>
fiolett rødspore	<i>Entoloma mougeotii</i>
gul korallsopp	<i>Ramaria safraniolens</i> og <i>R. pallida</i>
gul småkøllesopp	<i>Clavulinopsis helvola</i>
gul småfingersopp	<i>Clavulinopsis corniculata</i>
gulbrun narrevokssopp	<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>
hasselkjuke	<i>Dichomitus campestris</i>
honningsvokssopp	<i>Hygrocybe reidii</i>
ildrøysopp	<i>Suillus luridus</i>
kantarell	<i>Cantharellus cibarius</i>
kjeglevokssopp	<i>Hygrocybe conica</i>
kritvokssopp	<i>Cuphophyllus virgineus</i>
liten mønjevokssopp	<i>Hygrocybe miniata</i>
lumsk korallsopp	<i>Ramaria pallida</i>
lutvokssopp	<i>Hygrocybe nitrata</i>
hetteraudspore	<i>Entoloma infula</i>
lillagrå raudspore?	<i>Entoloma griseocyaneum</i>
melrødspore?	<i>Entoloma prunuloides</i>
mønjevokssopp	<i>Hygrocybe coccinea</i>
mørkskjellavokssopp	<i>Hygrocybe turunda</i>
musserongvokssopp	<i>Hygrocybe fornicata</i>
mørkskjella vokssopp	<i>Hygrocybe turunda</i>
prydhette	<i>Mycena renati</i>
prydrødspore	<i>Entoloma serrulatum</i>
raudnande lutvokssopp	<i>Neohygrocybe ingrata</i>
sauevokssopp	<i>Neohygrocybe ovina</i>
semska raudspore	<i>Entoloma jubatum</i>
silkeraudspore	<i>Entoloma sericellum</i>
skjør vokssopp	<i>Hygrocybe ceracea</i>

sleip jordtunge  
seig vokssopp  
småjordstjerne  
vrangtunge  
vridd køllesopp

*Geoglossum glutinosum*  
*Gliophorus laetus*  
*Geastrum minimum*  
*Microglossum antropurpureum*  
*Clavaria amoenoides*